



# Årsmelding 2023 med rekneskap



Foto: Thomas Andre Hjelmen  
Flyplassmila 2023

Idrettsglede hele livet

# Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkesson	2012–15
Nina H. Sleen	2016–18
Roy Sverre Amundsen	2019–



# ÅRSMELDING 2023

## Dagsorden årsmøte 2023.

1. Opning
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer
4. Val av møtereferent
5. Val av to representantar til underskrift av protokoll
6. Godkjenning av forretningsordenen
7. Godkjenning av innkalling
8. Godkjenning av sakslista
9. Årsmelding frå hovedstyret, med økonomisk melding frå styret
  - 9.1 Årsmelding frå gruppene
  - 9.2 Melding frå Idrettsmerkeutvalet
  - 9.3 Årsmelding frå allianseidrettslag
10. Godkjenning av årsregnskap frå hovedlaget
- 10.1 Grupperegnskap
11. Kontrollutvalet sin melding
12. Revisjonsberetning
13. Innkomne forslag
14. Fastsetje medlemskontingent for 2025 + treningskontingent for 2024
15. Godkjenning av budsjett 2024 for hovedlaget og gruppene
16. Handsame organisasjonsplanen for Stord IL
- 16.1 Godkjenning av gruppestyra
17. Valkomiteen si innstilling
18. Val av revisor
19. Avslutning

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 6 - FORRETNINGSORDEN



### GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN ÅRSMØTE STORD IL

Styret sitt forslag:

6.1 Årsmøtet vert leia av den valde dirigenten. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.

6.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For dei andre innlegga vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei som har teikna seg på talarlista. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.

6.3 Alle forslag må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast attende og nye forslag kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre gjerast i saker som står på saklista.

6.4 Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.

6.5 I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremja, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka, og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

### Hovedstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner forslag til forretningsorden.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### STORD IDRETTSLAG

#### ÅRSMELDING 2023

##### STYRET I STORD IDRETTSLAG

Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar
Kjartan Grov	Nestleiar
Anne Sissel Mugaas	Styremedlem
Torger Tvedten	Styremedlem
Kjell Håvard Belsvik	Styremedlem
Karl Grov	Styremedlem – «Ungdomsrepresentant»
Elisabeth Nonås Fylkesnes	Varamedlem

Styret takker ungdomsrepresentanten Karl Grov for innsatsen gjennom året. Det har vore viktig og lærerikt for styret å ha ein reflektert ungdom «med på laget». Stord Idrettslag ønskjer Karl lukke til vidare med utdanning og jobb.

##### HOVUDOPPGÅVER OG ORGANISERING

Styret har i perioden frå årsmøte i 2023 hatt 6 styremøte. Gruppeleiarane har vore invitert til utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 3 gonger. Denne samarbeidsforma har fungert godt og vore ein konstruktiv og identitetsskapande arena for utveksling av meiningar og informasjon.

Strategiplanen som vart utarbeidd i 2018 / 2019 skal vere rettleiande for Stord Idrettslag sin aktivitet og styrande for medlemmene si åtferd og haldningar gjennom eit bevisst forhold til laget sine visjonar og verdiar. Innhaldet i strategiplanen har ved fleire høve vore drøfta i styret, og revidert i 2022. Revidert strategiplan vert tatt opp med gruppene i løpet av 2025.

##### Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedtatt av kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år med verknad frå 01.01.2016, og omfattar alle anlegga på Vikahaugane inklusive skeisebanen, Langelandsbanen og Åsbanen, samt delvis leige av Nordbygdahallen. Stord Idrettslag betalte i 2023 ei samla årleg leige på over kr. 1 400 000 til Stord kommune. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene, og har rett til framleige av dei anlegga som er omfatta av avtalen. Leigeinntektene og inntekter for reklame i hallane er føresetnaden for at avtalen med Stord kommune er realiserbar. Prosessen med reforhandling av avtalen er ikkje avslutta, men ventast å vere signert i løpet av 2024. Til dømes Skeisebanen blir da tatt ut, siden det er laget egen avtale på den.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Stord Idrettslag har ved fleire høve dei siste åra oppmoda Stord kommune om å avvikle betaling av leie for kommunale bygg og anlegg utan at det korkje administrativt eller politisk er tatt initiativ til ei endring. Det er etter styret sitt syn eit paradoks at Stord kommune, i ei tid med fråfall frå organisert idrettsaktivitet og problematisk kvardagsøkonomi for mange, krev 1,4 mill. kr. i medlemsfinansiert husleige for offentleg bygg og anlegg. Dette gjeld sjølv sagt ikkje berre Stord Idrettslag, men alle frivillige lag og organisasjonar i Stord kommune.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av arealet inne i bygga og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber også at Stord Idrettslag skal utføre deler av vedlikehaldet av anlegga. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås, samt garderobeanlegga på Langeland og Vikahaugane.

Skigruppa i Stord Idrettslag har ansvaret for drift og vedlikehald av lysløypa og betaler straum og andre driftskostnader utan nokon form for økonomisk bidrag frå Stord kommune. Det same gjeld køyring av løyper med skigruppa sin løypemaskin utanom lysløypa. Ein formidabel dugnadsjobb som legg til rette for alle som brukar dagane med snø til turar i velpreparerte løyper. Det hører med til «historia» at også drift og vedlikehald av rulleskiløypa i Prestegardskogen er skigruppa sitt ansvar.

### Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE.

Stord Idrettslag stifta i oktober 2019 Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE, med ein aksjekapital på kr. 50 000 og med følgjande føremål; sitat :

*«Selskapet sitt føremål er å bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte idrettsanlegg som Stord Idrettslag og idrettslaga i alliansen eiger, leiger eller har drifts – og vedlikehaldsansvar for. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til idrettsføremål.»*

Selskapet inngjekk avtale med Stord kommune om drift og vedlikehald av skeisebanen i slutten av november 2019. Avtalen er gjort gjeldande for skeisesesongane 2019 / 2020, 2020 / 2021 og 2021 / 2022, 2022 / 2023 og er vidareført til skeisesesongen 2023 / 2024. Det sportslege resultatet har vore særsla bra og gledeleg for alle som er glad i skeisesporten. Skeisebanen er ein arena for ein vinteraktivitet som er unik for regionen og er eit positivt tilskot for Stord kommune som regionsenter. Banen har vore i bruk frå november til medio mars og har vore nytta av innbyggjarane i heile Sunnhordland. Skeisebanen har også i den sesongen som vart avslutta i mars 2024 vore ein formidabel suksess med aktivitet «frå morgon til kveld».

Mellan anna har barnehagar, barneskular, ungdomskular og vidaregåande skular i heile Sunnhordland nytta skeisebanen på føremiddagen og i skuletida; eit sokalla gratis «lågterskeltilbod» tilrettelagt på dugnad av eldsjelene i skeisegruppa til Stord Idrettslag.

Parallell Dokumentversjon: KF-W3Z-KMFP-UZSYX-L47SPB8Z0W-EKAH



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

### Organiseringa som eit allianseidrettslag.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball er den einaste sjølvstendige klubben i alliansen, fungerer tilfredsstillande. Leiaren er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp. Stord Symjing vart etter vedtak på årsmøte i 2022 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2022.

Stord Orientering vert etter vedtak på årsmøte i 2023 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2023.

Resten av laga er følgjeleg ei gruppe i Stord Idrettslag.

Stord IL, har nå 8 undergrupper: Handball, Friidrett, Turn, Volleyball, Ski, Skeisar, Orientering og Symjing

## ÅRSMELDINGANE FRÅ GRUPPENE OG ALLIANSEIDRETTSLAG

Årsmeldingane frå gruppene vert lagt fram for årsmøte i SIL som orienteringssak, og er ein sjølvstendig og vesentleg del av årsmeldinga til Stord Idrettslag.

### Gruppene i Stord Idrettslag

- Friidrettsgruppa
- Handballgruppa
- Skeisegruppa
- Skigruppa
- Symjegruppa
- Turngruppa
- Volleyballgruppa
- Orienteringsgruppa

Årsmeldingane for allianseidrettslaga er inkludert i denne årsmelding, og er eit viktig historisk dokument som viser den samla aktiviteten i Stord Idrettslag for kvart år.

### Allianseidrettslag

- Stord Fotball

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### Stord Idrettslag sitt samfunnsansvar – «breidde og topp»

Det er all grunn til å gleda seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidretten i regi av Stord Idrettslag. Det er her me skapar breidda og trygge sosiale idrettsmiljø, som også legg til rette for satsing på toppidrett for idrettsutøvarar som har ambisjonar i dei einskilde idrettane. I godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med dei beste i landet. Friidrett og skeise er eit døme på at målretta og kunnskapsbasert trening over tid gir resultat på høgt nasjonalt nivå.

Stord IL, har saman med Stord VGS og Stord Kommune gjennomført en oppgradering av eksisterande styrkerom på Vikahaugane dei siste 2 årene. Her har det blitt investert over 750 000 på maling, nytt gulv, ny belysning, og mye nytt og funksjonellt utstyr. Et samarbeidsprosjekt som vil bære fruktar.

### MEDLEMSTAL

Dagleg leiar har over tid lagt ned mykje arbeid for å få eit system som til ei kvar tid sikrar oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag. Dette er eit krevjande arbeid som krev kontinuerleg fokus.

Stord IL, har Klubb Admin som sitt medlemssystem. Krevjande når allianselag har annet system, men det går.

Innkrevjing av medlemskontingent er dagleg leiar sitt ansvar, og har fungert særskilt godt.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslagene har Stord Allianseidrettslag 1939 medlemmar pr 31.12.2023, medan medlemstalet pr 31.12.22 var 1863 pr. 31.12.2021 var 1 893, pr. 31.12.2020 var 2 023 og pr. 31.12.2019 var 2 161).

Av medlemsmassen er det 638 jenter pr 31.12.2023 mellom 3 og 19 år.

Tilsvarande var det 619 jenter pr 31.12.22 - 664 jenter pr 31.12.2021 - 637 jenter pr. 31.12.2020 - 769 jenter pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Av medlemsmassen er det 641 gutter pr 31.12.2023 mellom 3 og 19 år.

Tilsvarande var det 621 gutter pr 31.12.22 - 620 gutter pr 31.12.2021 - 645 gutter pr. 31.12.2020 og 709 gutter pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge gode og allsidige tilbod.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

### ANLEGGsutvikling

Stord Idrettslag starta våren 2019 ein prosess med arbeidstittel; «Arealanalyse for Vikhaugane» med mål om lage ein plan for disponering av det arealet som ikkje er bandlagt eller nytta til utbygging, eller andre føremål på Vikahaugane. Stord Idrettslag vonar at arealanalysen vert eit viktig bidrag i diskusjonen om den vidare utbygginga av idrettsanlegga på Vikahaugane i eit langsiktig perspektiv, kor utbyggingsrekjkjefølgjen er avgjerande for ei effektiv og framtidsretta arealutnytting.

Arealanalysen har so langt vore avgjerande for at Ishallen no er i ferd med å bli realisert. Stord Idrettslag har saman med Stord kommune eit felles mål om å starte bygginga av Ishallen høsten 2024.

Stord kommune har i samband med sine investeringsbudsjett for perioden 2022 – 2025 vedtatt bygging av ein «dobbel-hall» som erstatning for Rackethallen i samsvar med arealanalysen. Stord Idrettslag er invitert til å delta i den kommunale prosjektgruppa som skal utarbeide forprosjekt for den nye hallen.

Styret vil ta initiativ til at det vert fremja ei sak om nye sandvolleyballbanar på Vikahaugane for Idrettsrådet og Stord kommune i løpet av 2024. I arealanalysen for Vikahaugane er sandvolleyballanlegget lokalisert sentralt mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen der «Paviljongen» tidlegare var plassert.

Styret har registrert at planane om rehabilitering eller påbygg av symjehallen i sentrum av Leirvik ikkje er realiserbar. Arealanalysen viser at det er plass til eit nytt symjeanlegg på Vikahaugane i arealet mellom ny «dobbel-hall» og parkeringsplassen i sør ved Stord Hotell; eit «standard anlegg» etter symjeforbundet sine normer med eit konkurransebasseng med 8 banar, to opplæringsbasseng og tribune med plass til 300 tilskodalar. Stord kommune har i samband med budsjett for 2023 og økonomiplanen for perioden 2023 – 2026 vedtatt at det skal utarbeidast ein forstudie for vurdering av alternative løysingar og lokalisering av ny svømmehall. Kommunestyret har vedtatt at lokaliseringa, slik den er fremja i arealanalysen for Vikahaugane, skal vere eit av alternativa som skal vurderast i forstudien.

Kommunestyret har sett av kr. 5 250 000 til rehabilitering av Stord stadion, grasbanen og friidrettsarenaen i 2025. Styret vil jobbe aktivt for at dette arbeidet ikkje vert utsett nok ein gong.

Stord Idrettslag med tilhøyrande grupper og allianselag er også engasjert i mange anleggsprosjekt som er i forskjellige fasar i prosjektutviklinga. Mellom anna har volleyballgruppa saman med Stord kommune bygd og finansiert nye sandvolleyballbanar i Nordbygda til stor glede både for medlemmane i Stord Idrettslag og andre «volleyballentusiastar som liker sand mellom tærne».

Perfekte Dokumenter Key: KFVW3ZKFMX-U5SYX647SPB8Z0W-EKAH

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyring og lagt fram rekneskap for 2023 med tilfredsstillende resultat.

Styret i Stord Idrettslag legg fram samla rekneskap for 2023, med unnatak av Stord Fotball som er sjølvstendige idrettslag i alliansen, med følgjande resultat :

### STORD IDRETTSLAG - SAMLA

RESULTATREKNESKAP	2023	2022
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Driftsinntekter	- 16 634 166	- 13 470 303
Driftskostnader	14 653 396	13 454 341
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 980 771</b>	<b>15 962</b>
Resultat av finanspostar	149 993	46 517
<b>Årsresultat (overskot)</b>	<b>2 130 763</b>	<b>62 479</b>
<b>Overføringer</b>		
Avsett til «SIL Støttefond»	0	0
Avsett til anna eigenkapital	2 130 76	62 479
<b>Sum disponert</b>	<b>2 130 763</b>	<b>62 479</b>

Resultatrekneskapen viser eit årsresultat for 2023 med eit positivt årsresultat med kr. 2 130 763.

Overskotet, kr. 2 130 763, vert avsett til annan eigenkapital



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

BALANSE	2023	2022
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>Anleggsmidlar</b>		
Varige driftsmidlar	1 884 600	619 800
Finansielle anleggsmidlar	90 000	90 000
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 974 600</b>	<b>709 800</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Fordringar	607 989	863 737
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	17 123 089	12 609 565
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>17 731 078</b>	<b>13 473 302</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>19 705 678</b>	<b>14 183 102</b>

BALANSE	2023	2022
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	17 042 063	12 598 665
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>17 092 063</b>	<b>12 648 665</b>
<b>Gjeld</b>		
Leverandørgjeld	330 757	226 355
Skyldig offentlege avgifter	291 268	312 071
Anna kortiktig gjeld	1 083 265	996 010
<b>Sum gjeld</b>	<b>2 613 615</b>	<b>1 534 436</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>19 705 678</b>	<b>14 183 102</b>

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### STORD IDRETTSLAG - HOVUDLAGET

<b>RESULTATREKNESKAP</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Driftsinntekter	- 3 417 437	- 3 300 538
Driftskostnader	3 346 981	2 963 038
<b>Driftsresultat</b>	<b>70 456</b>	<b>337 500</b>
Resultat av finansposter	- 8 401	13 936
<b>Årsresultat (overskot)</b>	<b>62 055</b>	<b>351 436</b>
<b>Overføringer</b>		
Avsett til anna eigenkapital	62 055	351 436
Avsett til «SIL Støttefond»	0	0
Overført fra anna eigenkapital	0	0
<b>Sum disponert</b>	<b>62 055</b>	<b>351 436</b>

Resultatrekneskapen viser eit årsresultat for 2023 med eit positivt årsresultat med kr. 62 055.

Overskotet, kr. 62 055, vert avsett til annan eigenkapital



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

BALANSE	2023	2022
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>Anleggsmidlar</b>		
Tomter, bygnnger o.a. fast eigedom	1 281 000	0
Varige driftsmidlar	133 400	173 200
Finansielle anleggsmidlar	90 000	90 000
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 504 400</b>	<b>263 200</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Fordringar	1 060 037	1 214 214
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	2 841 827	2 638 385
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>3 901 864</b>	<b>3 872 599</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>5 406 264</b>	<b>4 135 799</b>

BALANSE	2023	2022
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	3 241 247	3 179 192
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>3 291 247</b>	<b>3 229 192</b>
<b>Gjeld</b>		
<b>Gjeld til kreditinst. / Langsiktig gjeld</b>	<b>908 326</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Leverandørgjeld	202 357	159 023
Skyldig offentlige avgifter	84 762	137 421
Anna kortsiktig gjeld	919 572	610 162
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>1 206 690</b>	<b>906 606</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>2 115 016</b>	<b>906 606</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>5 406 264</b>	<b>4 135 799</b>

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### Revisjon og rekneskap.

Styret vil understreka at alle rekneskap er ført i samsvar med god rekneskapsskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget har halde fram avtalen sin med ECIT om føring av rekneskap. Stord Idrettslag er godt nøgd med det arbeidet ECIT utfører og det tillitsfulle samarbeidet mellom idrettslaget og dei tilsette i ECIT.

Budsjettdisiplin og økonomistyring er alltid sentrale tema for idrettslaget.

Interne rutinar i rekneskapsføring har i 2023 hatt fokus på oppfølging av dokumentasjonsplikta og periodisert rapportering, kor kvalitetssikring og samarbeid med rekneskapsføraren til hovudlaget og revisor er avgjerande for kontroll og god styringsinformasjon.

Stord Idrettslag er nøgd med at «Vipps» har erstatta store deler av omsetnaden som tidlegare var basert på «kontantar og kassabehaldning».

### SAMFUNNSREKNESKAP – FOLKEHELSEPERSPERKTIVET TILBAKEBLIKK OG FRAMBLIKK

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003 for første gong eit samfunnsrekneskap for å synleggjera verdien av den innsatsen som idretten skaper i samband med meiningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom. Den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og dognadsarbeidande medlemmar og frivillige utgjer i dag ein verdi i overkant av 70 million kroner pr. år.

Stord kommune har støtta Stord Idrettslag med kr. 200 000 kvart år i perioden 2016 - 2019 til finansiering av dagleg leiar. Frå 2020 vert det ikkje ytt tilskot frå Stord kommune.

Stord Idrettslag har tatt saka opp med Stord kommune ved fleire høve; sist som kommentar til budsjettforslaget for 2024 med ei oppmoding om at tilskotet vert gjort gjeldande igjen frå 2024.

Stord Idrettslag sin posisjon som samfunnsbyggjar er særsviktig i arbeidet med å gjere Stord kommune til ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i og bu i. Me skal vere med på å skape eit levedyktig og inkluderande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår og ei variert og meiningsfylt fritid for alle oss som bur i kommunen og regionen.

Visjonen til Stord Idrettslag, uttrykt i mottoet «*Idrettsglede heile livet*», skal vere drivkrafta til idrettslaget i eit folkehelseperspektiv.

Idretten sin grunnleggjande filosofi om «fair play» og respekt skal «liggje i ryggmargen» til alle som driv med idrett og er tillitsvalte. Det skal i Stord Idrettslag vere samanheng mellom det me seier og det me gjer i praksis. Styret i Stord Idrettslag vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg kvar einaste dag året rundt.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Styret er stolt og audmjuk over den måten dei tilsette, tillitsvalte og medlemmane i Stord Idrettslag har halde saman i ei særskrivende tid dei siste tre åra. Saman har vi klart å følgje og etterleve dei forventingar som samfunnet har kravd av oss gjennom samhald og respekt for dei retningslinene og reglane som pandemien har utløyst.

## HEIMESIDER / SOSIALE MEDIER

Stord Idrettslag saman med gruppene og allianseidrettslagene har ei felles startside på nettportalen sin. Nokre av gruppene har gjennom sine idrettar malar som dei sjølv har skapt og har ansvaret for å følgje opp. Oppdatering av gruppene sine eigne sider varierer frå gruppe til gruppe.

Dagleg leiar jobbar aktivt med å betre startsida. Styret har tidlegare vedtatt å innleia samarbeid med lokal rådgjevar for å modernisere heimesida og utvikle ein eintydig grafisk profil for idrettslaget. Arbeidet ventast å vere fullført i løpet av 2024.

Hovudlaget ønskjer å nytte sosiale media på ein betre og meir aktiv måte framover. Det er likevel gruppene som gjennom sine omfattande aktivitetar nyttar dei sosiale media til dagleg kommunikasjon og utveksling av informasjon.

## TILLITSVALDE OG FRIVILLIGE

Tillitsvalde, trenrarar, lagleiarar og frivillige i gruppene og allianseidrettslagene er fundamentet for Stord Idrettslag. Stord Idrettslag er, med sine i underkant av 2000 medlemmar samt tillitsvalde og frivillige, saman med dei andre idrettslagene og frivillige organisasjonar i kommunen bærebjelken i samfunnet. Kvar einskild sin innsats og bidrag er avgjerande for at Stord Idrettslag kan vere motoren for idrettsaktivitetane på Stord.

Det er eit sterkt ønske at fleire unge vil delta aktivt i ulike tillitsverv og styrearbeid. Hovudstyret oppmodar gruppene og allianseidrettslagene om å prioritera etablering av ungdomsstyre i kvar enkelt gruppe.

Stord Idrettslag takkar trenrarar, lagleiarar, frivillige og foreldre for den fantastiske jobben de har lagt ned i løpet av 2023.

## ARBEIDSMILJØ OG IDRETTSMILJØ

Det er etter styret si oppfatning eit godt og trygt arbeidsmiljø blant dei tilsette i gruppene og i hovudlaget. Som tilsett i idrettslag vert det i periodar høg aktivitet både på kveldstid og i helger i samband med arrangement. Dette kan medføre høg arbeidsbelastning i periodar.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



I frivillige organisasjoner kan det vere vanskeleg å gjere ei fordeling av oppgåver og ansvar mellom tilsette og dei frivillige. Det er viktig at styret i hovudlaget og styra i gruppene og allianseidrettslaga er bevisst si rolle som arbeidsgjevar og det ansvaret dei har for dei tilsette sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø

Verdigrunnlaget til Stord Idrettslag, slik det er formulert i strategiplanen, skal vere førande for vår utvikling av idrettsmiljøet i laget; sitat :

*«Stord Idrettslag er ein arena for alle som vil oppleve fellesskap, utvikling og sportsleg meistring. I eit trygt og dopingfritt treningsmiljø prega av Fair Play kan ein nå sine ambisjonar på alle nivå. Aktivitetane og miljøet byggjer på respekt for den einskilde, er inkluderande og ivaretakande uansett bakgrunn.»*

### BEREKRAFT OG DET YTRE MILJØ.

I eit sirkulært perspektiv er målet å nytta alle ressursar best mogleg. Minst mogleg skal kastast som avfall, men haldast i eit kretsløp der resirkulering og gjenbruk fører til mindre behov for nye råvarer og reduserte utslepp av klimagassar.

Omgrepet «*berekraft*» er nytta i mange samanhengar og vert kommunisert og tolka på mange forskjellige måtar. Styret i Stord Idrettslag meiner at berekraft slik det vart lansert i Bruntlandkommisjonen sin rapport «*Vår felles framtid*» gir meinung og forståing i eit heilskapleg og haldningsskapande perspektiv. I rapporten er berekraft definert som; «*utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.*»

Styret i Stord Idrettslag er ikkje kjend med at laget si verksemد påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Mykje av utandørsaktivitetane til Stord Idrettslag skjer på kunstgrasbanar med gummigranulat som fører til utslepp av granulat og mikroplast til naturen og sårbare resipientar via overvassleidningar. Det er Stord kommune som er eigar av alle kunstgrasbanane i Stord kommune, og som Stord Idrettslag leiger. Stord Idrettslag vil ta initiativ til å innleia ein dialog med kommunen om å setje i verk tiltak for å redusere forureiningsfaren frå kunstgrasbanane også i 2024.

Stord Idrettslag ønskjer å arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk «apostlenes hester» til og frå trening og kampar.

Eit av dei beste døma på berekraft er at Stord Idrettslag gjennom sitt datterselskap VIDRIVE leverer overskotsenergi frå skeisebanen til dei kommunale bygga og den vidaregåande skulen på Vikahaugane.

Stord Idrettslag oppmodar alle medlemmar og støttespelarar til å gjere idretten til eit førebilde kor me alle tar eit tak for miljøet og ei berekraftig utvikling av samfunnet vi lever i.

Styret har starta ein prosess med utgangspunkt i FN sine berekraftmål fram til 2030. Norges Idrettsforbund har i sine langtidsplanar mål om at idrettsrørsla i Noreg skal drivast i samsvar



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

med FN sine bærekraftsmål. Styret har i 2023 utarbeidd forslag til «*Bærekraftplan for Stord Idrettslag*». Styret vil fortsette å involvere gruppene og allianseidrettslag i arbeidet med å nå enkelte av FN's bærekraftsmål i 2024.

### ETTERORD

#### «Når historia for 2023 skal skrivast.»

Årsmeldinga for Stord Idrettslag skal gi eit historisk tilbakeblikk på kva idrettslaget sine medlemmar har oppnådd gjennom aktivitet og konkurranse.

Dei nærmaste åra vil vise dei reelle konsekvensane av at born og ungdom ikkje har hatt fridom til å gjere kva dei vil i eit samfunn med sterke restriksjonar og sanksjonar.

Det er soleis berre historia og ettertida som vil vise om idretten, lokalt, regionalt og sentralt, har hatt evne og vilje til å overvinne ein usynleg og snikande «motstandar» kor muskelkraft og kondisjon ikkje vert avgjerande om ein vinn eller tapar.

No kan me alle endeleg sjå framover under mottoet «*Idrettsglede heile livet.*»

Vi gleder oss til det som kjem dei neste månadane; «HobbyVolley», «Stolpejakta», Turnstemner, Sunnhordland Løpsfest, Handballfestivalen, Stordleikane, Puttefestivalen og alle dei terminfesta arrangementa som vil være en del av vår idrettskvardag i 2024.

*Idrettsglede heile livet*

Stord mars 2024

Roy-Sverre Amundsen  
Styreleiar

Kjartan Grov  
Nestleiar

Anne Sissel Mugaas  
Styremedlem

Torger Tvedten  
Styremedlem

Karl Grov  
Styremedlem

Kjell Håvard Belsvik  
Styremedlem

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

#### Bjørn Lindgård

##### Daglig leder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: UN:NO-9578-5994-4-481361

IP: 81.167.xxx.xxx

2024-03-26 08:06:44 UTC

bankID ✓

#### Kjell Håvard Belsvik

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: UN:NO-9578-5993-4-2695591

IP: 89.8.xxx.xxx

2024-03-26 08:09:11 UTC

bankID ✓

#### Torger Magne Tvedten

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: UN:NO-9578-5993-4-2147176

IP: 84.234.xxx.xxx

2024-03-26 08:09:35 UTC

bankID ✓

#### Kjartan Bjelland Grov

##### Nestleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: UN:NO-9578-5993-4-1742780

IP: 77.16.xxx.xxx

2024-03-26 08:22:11 UTC

bankID ✓

#### Karl Grov

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-4902921

IP: 213.83.xxx.xxx

2024-03-26 08:26:29 UTC

bankID ✓

#### Anne Sissel Mugaas

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: UN:NO-9578-5993-4-2447592

IP: 77.16.xxx.xxx

2024-03-26 09:19:08 UTC

bankID ✓

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

##### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Roy Sverre Amundsen**

Styreleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5997-4-152087

IP: 81.166.xxx.xxx

2024-03-26 10:07:44 UTC

bankID 

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

#### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1 - ÅRSMELDING FRÅ GRUPPENE



**Sak 9.1 Årsmelding fra gruppene.**

**Sak 9.1.1 Handballgruppa**

**Sak 9.1.2 Friidrettsgruppa**

**Sak 9.1.3 Turngruppa**

**Sak 9.1.4 Skigruppa**

**Sak 9.1.5 Skeisegruppa**

**Sak 9.1.6 Volleyballgruppa**

**Sak 9.1.7 Symjegruppa**

**Sak 9.1.8 Orienteringsgruppa**

**Sak 9.2 Idrettsmerkeutvalet**

**Sak 9.3 Årsmelding fra allianseidrettslag.**

**Sak 9.3.1 Stord Fotball**



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

---



## ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2023

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2023



#### Styret 2023

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Jørn-Rune Bruun
- Marked: Stein Aaserud
- Event og utstyr: Franny Maria Bøthner
- Dugnad: Gunnhild Lothe
- Arrangement: Tonje Aamot Haga
- Inkludering: Ellen Salomonsen

Styret har hatt månadlege styremøte i 2023. Det har òg vore ei rekke lagleiarmøte for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

#### Økonomi

Etter pandemien vart det sett sterkt fokus på kostnadssida i klubben, og det vart utført innstrammingar og tiltak for å sikra kontroll på utgiftene då ein så kor sårbar me var på inntektssida utan Handballfestivalen. Denne jobben har påverka både den daglege drifta så vel som Handballfestivalen og andre arrangement, og ført til at me har hatt eit stabilt kostnadsbilete og haldt det på nivået frå tidlegare år. Dei tilsette og frivillige i klubben skal ha stor ros for ein fantastisk innsats på dette området! Klubben sine inntekter kjem hovudsakleg frå den enorme dugnadsjobben som vert lagt ned gjennom året. Denne innsatsen gjer at me kan fortsetta å utvikla klubben og samstundes halda treningsavgiftene låge. Me er og heldige som har gode og stabile samarbeidspartnarar som bidreg i form av sponsormidlar, gåver og tilskot. Tusen takk til alle dykk! Framover må Stord Handball halda fast på denne gode kostnadskulturen, samstundes som me nyttar midlar som trengs for å utvikla klubben vidare. På den måten kan me ta steg både sportsleg og som klubb på alle område.

#### Nytt styrerom

Styret har i 2023 pussa opp det gamle «Festivalkontoret» i Konferansedelen på Vikahaugane. Dette er no på god veg til å bli eit flott møterom som skal fungera som styre- og møterom for styremedlemmer og tilsette. Arbeidet med oppussinga vert slutført i løpet av våren 2024.

#### Administrativt tilsette

Ann-Helen Hareide sit som kontorleiar på Handballkontoret i 100% stilling. Hareide gjer ein svært god jobb og er eit viktig bindeledd mellom lag, utval og trenrarar i klubben. 1. mars 2023 starta Sebastian Bjørn Steffens i 100% stilling som Sportssjef i Stord Handball. Han har hatt det totale sportslege ansvaret i klubben, og har leia Sportsleg Utval. Sebastian fekk ein son i løpet av året, og gjekk ut i pappapermisjon i desember 2023 fram til april 2024. Klubben har vore heldige og fått Bjarte Straume Epland på plass som vikar i 20% stilling for Sebastian i permisjonsperioden.

#### Verv utanom klubben

Me har i 2023 hatt tre medlemmar med verv i NHF. Bjarte Straume Epland sit framleis som styremedlem i Norges Håndballforbund Region Vest og Julianne Sellgren sit som medlem i Sanksjons- og Domsutvalget. Franny Maria Bøthner sat i valkomiteen fram til Regionstinget sommaren 2023. Klubben er svært nøgd med å ha representantar i styret i Region Vest!



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Spond Club

I 2023 tok klubben i bruk SPOND CLUB som kommunikasjons-plattform internt i klubben. Dette vart gjort då me såg at klubben har eit stadig aukande behov for å ha ein effektiv dialog med medlemmene våre. Etter ei kartlegging av situasjonen, fann me ut at det berre var eit par lag som ikkje allereie nyttar Spond i laget. Med klubbløysinga til Spond vert meir av administrasjonen av dei ulike Spond-gruppene lagt til klubben, slik at me sikrar ein meir einsarta struktur på gruppene.

Me får og ein meir oppdatert oversikt over medlemmene våre, då det er enklare (og sterke insentiv) for lagleiarar å melda spelarar ut og inn av klubben. Me vil i 2024 og sjå på fleire område å nyttar Spond sine tenester på – til dømes fakturering av treningsavgift og påmelding til Handballskule for å nemna nokre moglege bruksområde for tenesta.

### Medlemstal

Då me har tatt i bruk Spond Club, har me no moglegheit til å ta ut noko meir detaljerte medlemstal. Me kjem til å nyttar desse tala for rapportering framover, men kjem for orden skyld til å rapportere både på ny og gammal måte i år. Grunnen til at det er ulike tal på rapporteringa er at gammal måte ikkje er og har vore like oppdaterte. Me vil framover har større fokus på å rapportera aktive medlemmer, då dette gjev eit betre bilet på aktiviteten vår.

### Gammal rapportering (for siste gang)

Alder	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26+	Totalt
Jenter / Damer	173 (178)	92 (58)	6 (3)	68 (47)	339 (286)
Gutar / Menn	138 (95)	47 (37)	6 (7)	48 (46)	239 (185)
<b>Sum</b>	<b>311 (273)</b>	<b>139 (95)</b>	<b>12 (10)</b>	<b>116 (93)</b>	<b>578 (471)</b>

Tal pr. 01.03.2024. Tal i parentes er for 2022

Me ser her at me har hatt ei svært gledeleg auke i tal på medlemmer totalt sett, og det er særdeles godt å sjå at det er ei stor auke i segmentet 13-19 år!

### Ny rapportering (for første gang)

Alder	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26+	Totalt	Ikke aktive	Medlemmar
Jenter	160 (-)	74 (-)	3 (-)	23 (-)	260 (-)	47 (-)	307 (-)
Gutar	138 (-)	34 (-)	4 (-)	17 (-)	193 (-)	22 (-)	215 (-)
<b>Totalt</b>	<b>298 (-)</b>	<b>108 (-)</b>	<b>7 (-)</b>	<b>40 (-)</b>	<b>453 (-)</b>	<b>69 (-)</b>	<b>522 (-)</b>

Tal pr. 01.03.2024. Tal i parentes er fra i fjor

Det vert interessant å sjå utviklinga på ny rapportering (via Spond Club) til neste år. Her får me ut tal på dei aktive spelarane, og me skal ha moglegheit til å kunne ta ut desse tala som meir oppdaterte enn i gammal rapportering. Grunnen er enkel, alle laga nyttar Spond i det daglege, og vil då melde spelarar inn straks dei byrjar (slik at dei får med seg meldingar om aktiviteten i laget), eller melde dei ut av laget (så dei slepp meldingar som ikkje er relevante for dei lenger). Slik vil medlemstala halde seg oppdaterte på ein betre måte sesongen gjennom.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Marknad og samarbeidspartnarar

Stord Handball har fleire trufaste sponsorar som bidreg til at ein kan halda treningsavgiftene så låge som mogleg og samstundes utvikla våre barn og unge i klubben. Nokre av sponsorane ønskjer berre å delta i prosjektsamanheng, medan andre ønskjer å delta i alle våre aktivitetar. 2023 har vore eit tungt år for fleire i det private næringsliv, noko som har blitt ekstra synleg i samband med fornyingar av eksisterande avtalar. Dette er diverre forhold som me som klubb ikkje kan gjera så mykje med, men noko me må forholda oss til.

Me opplever at samarbeidspartnarar i varierande grad set større krav bak sine støttemidlar enn tidlegare. Dette kan vera positivt i form av at me kan utvikla relasjonane våre vidare, men det kan også slå negativt ut dersom det vert sett høgare krav til støtte enn det me som frivillig organisasjon kan innfri. Det vert svært viktig for oss framover å synleggjera alle dei dugnadstimane som vert lagt ned i løpet av ein handballsесong, og ikkje minst framheva det faktum at me ikkje kan ta på oss oppgåver som krev mykje administrasjon og byråkrati - me skal skapa aktivitet for barn og unge.

Me ser og at fleire i næringslivet har vedtatt at dei skal støtta definerte aktørar på bakgrunn av ulike faktorar. Dette er naturlegvis eit privilegium ein har som sponsor, og ein tenker at dei ulike gruppene i idrettslaget gjerne kan jobba meir med å framsnakka kvarandre og skapa synergiar gjennom idrettspositivisme framfor å konkurrera om støttemidlane.

Stord Handball har i 2023 inngått avtale med ein ny hovudsponsor som medfører ein namneendring i 2024. Den årlege Handballfestivalen i pinsen får namnet Rema 1000 Handballfestivalen. Dette er ei anerkjenning av at festivalen er blant dei største barneidretts-arrangementa på vestlandet og at ein ser alt det gode arbeidet som har blitt lagt ned i tidlegare år. Det vert elles jobba med å fornya dei digitale flatene for klubben og ein ser at dette også gir marknadsmessige moglegheiter.

### Klubbdugnad

I 2023 gjekk Stord Handball inn i ein avtale med FibGreen om å gjennomføra klubbdugnad for alle medlemmene våre. Denne dugnaden erstatta då det tradisjonelle lotteriet som me har hatt i lang tid.



Dugnaden vart gjennomført som ein salsdugnad med mikrofiberklutar som produkt hausten 2023. Sjølv om dugnaden ga klubben god inntekt, kjem me til å gjera nokre praktiske endringar på dugnaden i 2024 på bakgrunn av tilbakemeldingar frå medlemmene.

Konseptet med klubbdugnad kjem nok til å halda fram i ei eller anna form, så er det styret sin jobb å forma dugnaden best mogleg slik at det vert eit positivt tilskot til både klubb og lag i åra som kjem.

### Pant

Stord Handball har berekraft i fokus, og i 2023 vart det inngått ein avtale med Infinitum. Avtalen inneber utplassering av fleire innsamlings-boksar for pant som er plassert i gangar og rom på Vikahaugane. Me bestiller henting av denne panten - og Infinitum hentar, pantar og betalar ut pantepengane til klubben. Dette er ein flott avtale for oss som varetak både miljø og økonomi.



Mari H. Skibenes og Emil Ø. Larsen visar fram panteboksane

### Inkludering og sosialt ansvar

Sosialt ansvarleg i Stord Handball skal sikra at klubben legg vekt på miljø, samarbeid og haldningsskapande arbeid knytt til aktiviteten vår. I dette arbeidet inngår handtering av politiattestar for alle frivillige og dommarar i klubben, samtykke til bildedeling og diverse førebyggjande tiltak. Dette året er me er svært stolte av at me fekk «Inkluderingsprisen» av Region Vest!



#### Grunngjevinga for prisen:

*Inkluderingsprisen går til Stord som over mange år har jobbet godt med samfunn og verdiarbeid i sin klubb.*

*Klubben har lenge hatt et tilrettelagt håndballag hvor mennesker med ulike funksjonsnedsettelser eller andre behov kan delta. Laget inkluderes på en god måte i klubben, og under Stord Handballfestival inviteres Hjerteliglag til å delta i en egen klasse.*

*Videre arbeider klubben og idrettslaget godt med fargerik håndball og annet verdiarbeid i idrettshverdagen.*

Styreleiar Aksel Sæther tok i mot prisen på vegne av klubben av handballpresident Kåre Geir Lio på Regionstinget i Bergen i juni.

I august deltok over 50 medlemmar i StoraPride for å markera at Stord Handball skal vera ein trygg plass for alle.



*Her feirar over 50 medlemmer frå Stord Handball kjærleiken i StoraPride. I Stord Handball kan alle vera seg sjølv!*

Sosialt ansvarleg deltek også som støtte på foreldremøte, spelarmøte, i samtalar med utanomsportsleg fokus og liknande. Ellen Salomonsen har rolla som sosialt ansvarleg i styret i Stord Handball.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Kamparrangement

VEKAS KAMPAR I NYEHALLEN

#### LAURDAG 9.DESEMBER

11:00	Gutter 11	Stord 2	- Matthopen 2 (D)
11:50	Gutter 11	Stord 3	- Matthopen (D)
12:40	Gutter 11	Stord	- Sotra
13:30	Gutter 11	Matthopen (D)	- Stord 2
14:20	Jenter 11	Matthopen 2 (D)	- Stord
15:10	Gutter 11	Stord 3	- Sotra
16:10	Jenter 13	Stord 3	- Nord
17:05	Gutter 14	Stord	- Sandalen

#### SØNDAG 10.DESEMBER

11:00	3. div Menn Stord	- Gloppe
12:20	J13	Stord
13:30	J13	Stord 3
14:50	G16	Skudenes
16:10	J15	Stord 2
17:15	J13	Stord 3



Me prøvar å fylle hallen til alle arrangement og lagar oversikt til sosiale medier

Ansvaret for gjennomføring av kamparrangement vert fordelt på ungdomsavdelinga vår. Det kjem stadig til nye lag som får prøvd seg, og det tek dei på strak arm. Det er gledeleg å sjå kor flinke laga våre er til å lage ei god ramme rundt kampane som vert spelt på Vikahaugane. Her møter ein blide fjes om ein treff på ein kampvert, i kiosken eller sekretariatet.

I byrjinga av 2024 går Stord Idrettslag i gong med bygging av ny kiosk/kjøkken i Nyehallen. Ein flott kiosk, med betre løysningar og fleire bruksområde enn det me har i dag. Me i Stord Handball gler oss veldig til å kunne ta den nye kiosken/kjøkkenet i bruk ved våre arrangement. Me set stor pris på innsatsen som vert lagt ned i klubben for å skapa handballglede og gode opplevelingar for born og unge.

### Handballskule

Rema 1000 Handballskule i regi av Stord Handball er blitt fast tradisjon måndag til onsdag i vinter- og haustferien. 86 barn koste seg i vinterferien på Handballskule i lag med Mark Dahl, og trenarar frå seniorlag og ungdomslag våre.



I haustferien hadde Sebastian Steffens, Ellen Salomonsen og trenarar frå ungdomslaga heile 90 barn på handballskulen. Det er veldig kjekt å sjå barn og unge komma igjen år etter år, og om hausten er det ekstra kjekt å helsa på mange nye førsteklassingar for aller første gong. Dette har vore eit svært populært tilbod, og me har hatt ventelister både vinter og haust. Me er glade for at Rema 1000 held fram med dette tilbodet.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Handballfestivalen

Årets høgdepunkt for Handballgruppa vart nok et eventyr på Sommerøya, og me sette ny rekord med 465 påmeldte lag! Då vårgudane ikkje var heilt på vår side, måtte me dela festivalen slik at det og vart spela kampar på Langelandsbanen. Det gav oss nokre utfordringar med logistikk og tryggleik, men med entusiastiske frivillige løyste me det på strålende vis!



Handballfestivalen er ikkje berre viktig for oss i Handballgruppa, men og for andre lag og grupper i og utanfor Stord Idrettslag. Mange andre lag og organisasjonar i Stord kommune vert involvert då Handballfestivalen er blitt så stor at me må ha ekstern hjelp frå fleire. Vakter på skoler, vakter i symjehallen, tryggleik og hjelp med parkering er nokre døme på oppgåver som me treng hjelp til under festivalen.



Om lag 400.000 dugnadskroner vert generert ut til desse gruppene og er eit viktig bidrag til økonomien til desse. Me er veldig takknemlege for hjelpen, og glad for at vår

turnering kan gi grobotn for aktivitet i andre frivillige organisasjonar!

Me har mange gode samarbeidspartnarar som gjer dette mogleg, men me vel å trekka fram Stord Kommune som ser signaleffekten at ein av Norges største handballturneringar vert arrangert her i samfunnet. Festivalen er vår diamant og utruleg viktig for oss som klubb, ikkje berre på grunn av det økonomiske, men for alt det festivalen står for; samhaldet og gleda som alle frivillige utstrålar og deler med glade og fornøgde barn.

Tusen takk til alle som bidreg før, under og etter Handballfestivalen – me håpar me sjåast igjen neste pinse!



Festivalsjef Bjørn Lindgård foran folkehavet under opninga av rekord-festivalen på torget

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### HAFO

Fredag 8. september vart det arrangert HAFO-Cup for ungdomskulane, kor 20 lag frå Stord, Nordbygdo og Nysæter Ungdomsskule deltok denne kvelden.



Både store og små smurfar kosa seg i hallen

8. og 9. trinn enda med siger til Nordbygdo, medan 10. trinn vart vunne av Stord Ungdomsskule.

Premien for «Beste lag-outfit» vart delt mellom Stord Ungdomsskule 8D & 10B, og premien for «Beste Fair Play-lag» gjekk til Stord Ungdomsskule 8B.

Laurdag 9. september var det 1.-7. klasse sin tur for HAFO-cup. 32 lag var påmeldte frå Rommetveit, Leirvik, Hystad og Langeland skule. Om lag 300 barn og unge var i aktivitet denne laurdagen, og alle fekk medalje sponsa av SKL.

Me trakk ut åtte lag som fekk gåvekort på Kulturhuset for «Beste Fair Play-lag», «Beste Heia-lag» og «Beste utkledning/draktar»: 1.klasse Hystad, 2.klasse Leirvik, 3B Rommetveit, 4.klasse Rommetveit, 5.klasse Leirvik, 6A Hystad, 6B Hystad og 6.klasse Langeland 2.

### Tøffe gutter spelar handball!

Stord Handball er med i eit prosjekt i Region Vest som set fokus på rekruttering - og ikkje minst å behalda - fleire gutter i handballen. Dei siste år har talet på gutter som spelar handball diverre falt merkbart. Det er årsaka til at dette prosjektet er oppretta, og ekstra fokus og ressursar er sett inn for å snu denne trenden.



For ein fantastisk gjeng gutter!

Onsdag 8. november arrangerte me «Gutehandballens Dag» - og det vart ein kjempesuksess! Me hadde parallelle treningsøkter i tre hallar samstundes, med kring 170 gutter fordelt etter alder i Nye-, Gamle- og Rackethallen, kledd nye, tøffe t-skjorter. Etter treninga fekk alle pizza inne i Auditoriet, som då mest av alt minna om ein kaotisk barneburstdag med eit ekstremt lydnivå 😊



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Mini-, kortbane- og barnehandball

Våren 2023 hadde me elleve jentelag og fem guttelag i minihandball-serien for born mellom 6 og 8 år. Hausten 2023 var det tolv jentelag og sju guttelag – kjekt å sjå at tala aukar! Laga i denne aldersklassen spelar kampar på tvers av ein vanleg handballbane (20 x 12 meter). På bana er det fire spelarar inkludert flygekeeper. Ein nyttar her mjuke ballar og små mål.

For spelarane i aldersgruppa 9 og 10 år er det kortbanehandball som gjeld. Dei spelar her på ein litt større bane enn i minhandball, og banen måler om lag 30 x 20 meter. Kortbanehandball skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Det er fem spelarar på bana inkludert flygekeeper. Det vert her spela med vanlege ballar og vanlege mål, men med nedsenka tverrliggjar. Me hadde våren 2023 seks jentelag og seks guttelag påmeld, medan det på hausten var sju jentelag og fire guttelag.

I barnehandballen (born i alderen 11 og 12 år) hadde me våren 2023 seks jentelag og tre guttelag i sving. For hausten 2023 var tala tre jentelag og fem guttelag. Her vert det spela på full bane med seks utespelarar og fast målvakt. I 11-årsklassen spelar dei med nedsenka tverrliggjar, medan dei i 12-årsklassen spelar med vanleg mål. For denne aldersgruppa vert det spela med resultattavle, men det vert ikkje ført tabell.

### Ungdomshandball

Me ser med glede på litt positiv tendens i ungdomslaga våre i 2023. Me slit som alle andre med etterdønningar frå pandemi og opplever framleis at ungdommen har forsvunne frå oss, men dette året har me sett at nokre ungdommar finn vegen tilbake. Me vel å tru at dette skyldast at me har stort fokus på å laga gode rammer rundt laga våre, og me trur at ungdommane har det veldig bra i handballen, både på og av parketten. Så vert den viktige jobben framover å halda på denne tendensen, samstundes som me utviklar lag og spelarar sportsleg i tråd med klubben si målsetning om å ta dei neste stega.

Me har slått saman fleire årskull for å kunna ha gode nok treningsgrupper, noko som diverre har ført til at me ikkje klarer å stilla lag i alle årsklassar. På jentesida hadde me i 2022/23-sesongen lag i J14 (to lag) og J16 (to lag). Her var det lag med to årskull, slik at me då ikkje hadde lag i J13 og J15.



Fylkesmeistrar i G16B 2022/2023

På gutesida hadde me eitt lag i G13 og eitt lag i G16 (som består av tre årskull; G14, 15 og 16). Dei eldste gutane hadde ein kjekk sesong som vart krona med siger i Fylkesmeisterskapet i B-serien i Åsane Arena.

I 2023/24-sesongen har me tre J13-lag (kor det eine spelar i Region SørVest), to J15-lag og gledeleg nok eit juniorlag i J17-20-serien. Me har eitt lag i G14, og eitt lag i G16 med tre spelarar på aldersdispensasjon.

Det vart diverre ikkje nok spelarar til å stille med juniorlag på gutesida desse sesongane.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Turneringar

I 2023 var G13 i Kongeparken Cup, medan J14, J16 og G16 tok turen til Fredrikshavn i Danmark og spelte Rødspætte Cup i påsken. I tillegg har laga deltatt på mindre turneringar, blant anna Åpningscupen og regionsmeisterskapet i Beachhandball i Bergen.



J14, J16 og G16 i Rødspætte Cup

Klubben har dei seinare åra prøvd å samla laga på same turnering, og dette har vore veldig kjekt både for spelarar, trenrarar og ikkje minst dei familiene som har vore med på turen. Når me i tillegg har vore uniformerte i like «supportar-genserar» og utstyrt med Stord-flagg, så sett me Stord på kartet på ein god måte. På same måte vert det lagt merke til når me som klubb reiser på landskampar med Stord-klede og lik uniformering til Bergen eller Stavanger. Dette er med på å byggja ein klubbkultur som me skal halda fram med å forsterka – og noko som bidreg ytterlegare til at Stord Handball er ein klubb både spelarar, trenrarar, frivillige og føresette vil vera ein del av!

Me satsar framleis på å dyrka fram eigne trenrarar frå ungdomsavdelinga, og har i 2023 haldt fram med trenarkurs i Trenar 1-løypa lokalt på Stord. Dette har vore ein suksess, og me håpar me kan ha fleire ferdig utdanna Trenar 1-trenrarar på våren 2024. Desse ungdommane er allereie i full sving og bidreg som hjelpetrenrarar på dei yngre laga i klubben.

Mikael Søgaard er framleis målvaktstrenar i klubben, og fører vidare sin kompetanse til våre yngre målvaktar. Jørgen Lothe Dahl har jobba som målvaktstrenar for yngre målvaktar med opplæring fra Søgaard som sikrar at me har ein raud tråd i arbeidet med målvaktane i klubben.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Spelarutvikling

Vi har hatt mange spelarar inne i ulike spelarutviklingstiltak gjennom året dette året også. Me har hatt Maia og Jørgen innom sentrale landslag i tillegg til at me har tidlegare Stord-spelarar som og har fått både samlingar og kampar med flagget på brystet.

#### 🇳🇴 MAIA MATRE HAGENES 🇳🇴

Maia spelte med U-landslaget (LK06) i turneringa Carpati Trophy i Braila i Romania i mars. Ho var på samling med landslaget i juni og spelte og turneringa European Youth Olympics Festival i Slovenia i juli.



#### 🇳🇴🌴 JØRGEN LOTE DAHL 🇳🇴🌴

Jørgen var med U-landslaget (LM06) på samling i Skien i september. Han har og vore på både regional og sentral landslagssamling for Beach-juniorgutta – og vart tatt ut og spelte EM i Beachhåndball i Tyrkia i juni.



#### 🇳🇴🌴 MORGAN HOVLAND-GAY 🇳🇴🌴

Morgan har vore på både regional og sentral landslagssamling for Beach-juniorgutta – og vart tatt ut og spelte EM i Beachhåndball i Tyrkia i juni.



### Bylag

Årets bylagsturnering vart spelt i Stavanger i mai, og etter ein sesong med mange samlingar og uttak, fekk Stord med ei jente og to gutter i denne turneringa kor Region Vest stiller med to jamne lag mot ti andre lag frå dei andre regionane i landet.



Region Vest sine jentelag



Region Vest sine gutelag

På jentesida spelte Seline Molde Ottesen på «Bergen» som til slutt vart nr. 10 i turneringa.

Kristoffer Aadland Djuve spelte på «Florø» som vart nr. 6 på gutesida, medan Markus Lønning Hystad spelte på «Bergen» som enda på en 11. plass denne helga.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Spelarutvikling forts.

I tillegg til desse turneringane, har me gjennom 2023 hatt spelarar på ulike samlingar.

#### Norwegian National Team Selections (LK and LM) Norway

**LK06:** Maia Matre Hagenes

**LM06:** Jørgen Lothe Dahl

#### Bylagssamlingar (NM 2023 for 2007)

**Jenter:** Seline Molde Ottesen

**Gutar:** Kristoffer Aadland Djuve og Markus Lønning Hystad

#### Regional Bylagsturnering (NM 2024 for 2008)

**Jenter:** Astrid Kyvik Skard, Guoda Jocyte og Othilie Moen Hakestad

**Gutar:** Amund Bruun-Nygård, Lars Økland Larsen og William Nygård Ormseth

#### Regionale Landslagsmiljø (RLM) - jenter

**LK04:** Mia Mikkelsen Sæther og Selma Skår Lande

**LK06:** Leah Engelsen Vrålid, Maia Matre Hagenes og Seline Molde Ottesen

**LK08:** Astrid Kyvik Skard, Guoda Jocyte og Othilie Moen Hakestad

#### Regionale Landslagsmiljø (RLM) - gutter

**LM04:** Lukas Jonsson

**LM06:** Emil Økland Larsen, Jørgen Lothe Dahl, Kristoffer Aadland Djuve, Mats Mikkelsen Sæther, Morgan Hovland-Gay og Søren Emil Grov Nøkling

**LM08:** Amund Bruun-Nygård og William Nygård Ormseth

#### Regional Landslagssamling Beachhandball gutter (2006/2007)

Emil Økland Larsen, Jørgen Lothe Dahl, Kristoffer Aadland Djuve, Mats Mikkelsen Sæther og

Morgan Hovland-Gay

#### Kartleggingssamling (2008)

**Jenter:** Astrid Kyvik Skard, Kajsa Tvedten og Othilie Moen Hakestad

**Gutar:** Amund Bruun-Nygård og William Nygård Ormseth

#### Sonesamlingar - jenter

**2008:** Agnes Karlson Andreassen, Guoda Jocyte, Kajsa Tvedten og Othilie Moen Hakestad

**2009:** Aina Bekkenes Gniste, Ingrid Nysæther Almås, Leah Danielsen og Mille Mikkelsen Sæther

**2010:** Agnes Tingvoll Spissøy, Alva Alsvåg, Anna Lothe Dahl, Emily Almås,

Hannah Eriksen Raunholm, Malin Andrea Kvamme Nipen, Martha Tyse Stokken,

Mathea Eriksen Raunholm, Mie Søgaard, Nora Clausen Tverborgvik,

Nora Skorpen Wilhelmsen og Thea Auestad-Severinsen

#### Sonesamlingar – gutter

**2008:** Amund Bruun-Nygård, Lars Økland Larsen og William Nygård Ormseth

**2009:** Johannes Grov Nilsen, Lukas Reily Ambrad, Peder Lindeflatten, Sebastian Furuhovde og Sebastian Olsen

**2010:** Jonatan Strømø Kvalvik, Jonathan Sakseid-Angeltveit, Mads Kaldråstøyl Kjellsen og Vetle Matre Hagenes



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Damelaget

Våren 2023 avslutta damelaget på ein 6. plass i 3. divisjon. Laget vart leia av Jonas Sjölin som hovudtrenar, Ingemar Olsson som assistenttrenar og Aksel Sæther som lagleiar og oppmann for laget. Etter ein variabel sesong der laget dessverre mista spelalar med skadar og nokre valte å gje seg med handball, flytta storparten av laget frå Stord for å studera og spela handball i andre byar.



Bak fv: Jonas Sjölin, Saga Emilie Rygg Tonning, Maia Matre Hagenes, Mia Mikkelsen Sæther, Sylvia Linn Jonsson, Matilde Steenohn-Olsen, Tomine Tvedten, Ingemar Olsson, Aksel Sæther

Foran fv: Mathilde Alfarnes Amundsen, Eline Torkildsen Skorpen, Emilie Sørheim Agdestein, Camilla Ringstrand, Leah Engelsen Vrålid, Merete Auestad-Severinsen, Selma Skår Lande, Seline Molde Ottesen, Pia Dyrseth-Skjønberg

### Herrelaget

Herrelaget avslutta ein variabel 2022/23-sesong på 7. plass i 3. divisjon. Sigurd Sævareid overtok som hovudtrenar midt i sesongen med Trond Arnevik som assistent og Andre Skjønberg som oppmann.



Bak fv: Trond Arnevik, Jonas Sjölin, Christoffer Rafdal, Njål Hagen Holsvik, Morgan Hovland-Gay, Kristian Grundvold Nøstvåg, Nils-Kristian Valvik Blom, Andre Skjønberg

Foran fv: Thor Egil Vaage, Søren Emil Grov Nøkling, David Borgenvik Hansen, Arthur Grønbæk Andersen, Jørgen Lothe Dahl, Sondre Kjelsnes, Lorenzo Ambrad, Fabian Nakken Nicolaisen, Herman Hammer Aadland

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Stord United (Tilrettelagd Handball)

Stord United er eit handballlag for vaksne med nedsett funksjonsevne. Dette er eit lag kor alle er trygge på kvarandre og dei er blitt ein god og samansveisa gjeng. Med eit så godt utgangspunkt gir det godt grunnlag for vidare suksess, og laget har vist god framgang og spelargleda er enorm. Spelarane viser i tillegg ei fantastisk idrettsglede og positivitet.



Stord United etter kjekke kamper i haust

Ein gang i året er det planlagt at gjengen reiser på Landsturneringa som fyrste kickoff på sesongen. Landsturneringa er årets høgdepunkt og noko den enkelte ser fram til gjennom heile året. Her treff dei andre menneske med dei same utfordringane og får utfolde seg og ikkje minst brynt seg på motstandarar frå heile landet. Arrangement har høge kostnader for den enkelte, og med tanke på at det ikkje er mogleg å arrangere dugnader for laget med grunnlag i funksjonsevna, er Stord United heilt avhengig av støtte frå lokale organisasjoner og bedrifter. Enkelte spelarar har og behov for å ha med seg ledsager, noko som tydar opp imot dobbel kostnad. Laget har som grunnlag at ingen skal ha høgare kostnader enn andre, og då er det særskilt viktig at det finst midlar til å handtera dette. Året 2023 var økonomisk utfordrande og det vart dermed ikkje mogleg for gjengen å reise på årets Landsturnering.

Det viktigaste av alt er at spelarane lærer kvarandre å kjenna og at dei har det kjekt ilag. Laget har og fokus på å kunna glede seg over motstandarane sine prestasjonar, samt å utvikla seg sjølv sportsleg og som menneske. Stord United har om lag fem kamphelger i året i Vestland fylke. Her viser dei igjen som eit lag med godt samhald som er opptatte av Fair Play. Denne sesongen har laget bestått av sju spelarar.

Trenarar for laget fram til sommaren 2023 var Sigurd Sævareid, Henriette Thorsen og André Skogvold. Etter sommaren vart det eit trenarbyte, og det er no Silje Tyse og André Skogvold som er trenarar. Lagleiarar for laget har gjennom fleire år vore Aina Skogvold, med Unni Dalsbotten som supersupportar og «altnuligdama».

### Dommarar

Fokus på dommarane er alltid viktig for Stord Handball og hausten 2023 hadde me eit nytt barnekampleiarkurs. Denne gongen var heile 14 nye jenter påmeldte og vart klare for å dømma barnehåndball. Det er kjekt å sjå at to nye dommarar tek steget og dømmer ungdomshåndball; Lorenzo Ambrad og Mats Mikkelsen Sæther har dømt fleire kampar i 13 års-klassen denne hausten.



Lorenzo Ambrad, Mats Mikkelsen Sæther, Malene Engevik Hatlevik, Mille Mikkelsen Sæther, Astrid Kyvik Skard, Leah Danielsen, Vilma Isdal-Rognli, Ingrid Nysæther Almås, Aina Bekkenes Gniste, Live Breidvik Røstbø, Silja Vik Litlabø og Othilie Moen Hakestad



Veronica Essajee og Camilla Olsen dømmer framleis på eit høgt nivå i Norge, og var dette året eit av dei faste dommarpara i Rema 1000-ligaen for kvinner. Veronica har ein travel periode og vart to barns-mor i juli – men var klar igjen til sesongstart i september!

Preben Træen Andersen og Thor Gunnar Bakke dømmer begge aktivt på nasjonalt nivå i 2. divisjon og i Lerøy-serien for 18-åringar.

Me set og stor pris på Bjørn Lindgård som held dommarkarriera oppe, og dømmer mange kampar i regionen for klubben.

Veronica Essajee og Camilla Olsen

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Veteran-NM

I oktober 2023 reiste våre bronsegutar frå 2022 på jakt etter nye trofear. Med litt utskiftingar i mannskapet og (som forventa) litt skadar, kom dei heim frå NM i Stavanger som gullgutar! Laget kjempa til siste slutt og vann mot Viking i ein svært publikumsvenleg finale i det som vert rekna som den tøffaste klassen, nemleg Gutar 33.



Bak fv: Olav Sande, Nicholas Spratt, Magnus Kongestøl, Torbjørn Helland, Ingemar Olsson, Stein Aaserud, Bjarte Epland, Njål Holsvik, Nils-Kristian Blom, Aleksander Skjelsvik og Hans Kristian Kjellsen.

Foran fv: Jonas Sjölin, Frode Bekkenes, Thor Egil Vaage, Tor Christian Sæbø, Kenneth Ingebrigtsen, Sigurd Sævareid og Christoffer Rafdal

Det er den gode stemninga innad i laget, samhaldet og dei fine rammane som gjer at gamle sirkushestar held ut ei heil helg med handball-moro, sjølv om dei fleste for lengst har sett skoa på hylla. Gratulerer gutter!!!

### Lagbilete

Klubben har dei seinaste åra hatt fokus på å få tatt skikkelege lagbilete i samband med Handballfestivalen og festivalavisa. Samstundes har me oppmoda senior- og ungdomslaga våre å ta spelarbilete som laga kan nytta i sosiale media til promotering av heimekampar i kamplakatar og liknande.

Når ein gjer desse vala og oppmodar til bilet bruk eksternt, er det svært viktig at personvern vert varetake. Me har gode rutinar på å henta inn aktive samtykke frå alle våre medlemmer, og tek dette på stort alvor.

Me vil at aktiviteten vår skal visast utad, og er svært stolte av å visa fram medlemmene våre i ulike settingar, og på dei neste sidene finn ein alle laga våre i 2022/2023-sesongen!



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Laga våre (2022/2023-sesongen)



Stord United



Damer 3. divisjon



J2006/07



J2008/09



J2010 Vikahaugane



J2010 Nordbygdo



J2011



J2012

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



J2013 Vikahaugane



J2013 Nordbygdo



J2014 Vikahaugane



J2014 Nordbygdo



J2015 Vikahaugane



J2015 Nordbygdo



J2016 Vikahaugane



J/G2016 Nordbygdo



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Herrer 3. divisjon



G2006/07/08



G2009/10



G2011



G2012



G2013



G2014



G2015

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Vegen vidare

Me er som klubb på veg vidare etter nokre dystre år med pandemi og fråfall. Det er gledelege tendensar i medlemstala, og me ser at me no har særslig god driv i gruppa vår. Dette er noko me no må ta nytte av, og legga stein på stein i grunnmuren vår slik at me kan bygga opp ei solid barne- og ungdomsavdeling. Dette kan igjen gje grobotn til ei ny satsing på høgare nivå på seniornivå etter kvart – og det er ingen tvil om at me som klubb ønsker å ta steg i den retninga!

Det er og andre tilhøve som påverkar kvarldagen vår og nokre av rammevilkåra våre er i endring; me har ein Racketball hall som står for tur for fornying. Me er spente på korleis dette prosjektet endar ut, og me er heldigvis med i prosessane som skal leia fram til ny hall til slutt. Det er ingen tvil om at det er utruleg viktig for oss at dagens Racketball vert erstatta med ein ny dobbelhall med to fullverdige speleflater. Me ønsker oss og ei ny storstove, som kan oppfylle krava til større arrangement, til dømes landskampar. I tillegg til det ferdige produktet, er det viktig for oss at byggetida ikkje vert for lang – me er avhengig av at tida me står utan hall vert så kort som mogleg!

Me har og utfordrande tider med høge kostnadane generelt. Dette gjer og noko med vår aktivitet, og me merkar godt at deltagning på turneringar og andre utgifter kring laga våre aukar. Me har eit særskilt ansvar for å legga til rette aktivitetene vår i slike tider, slik at me kan sørge for at alle som vil kan vera ein del av handballfamilien – uavhengig av økonomi. Me er utruleg heldige som har ein klubb som har vore godt drive i mange år, og som er solid nok til å kunna gjera ein skilnad i desse tilfella.

Trass i ein botnsolid økonomi og gode rutinar, er det likevel styret sitt ansvar å sjå framover. Me må heile tida jobba for å utvikla oss som klubb både administrativt og sportsleg, og må gjere dei fornuftige vala og investeringane både på kort og lang sikt. Me ser no fram til ein ny spanande og utviklende sesong for store og små i svart og kvitt!

### VILJE – SAMHALD – RESPEKT

Styret i Stord Handball, Stord 06.03.2024



Ellen Salomonsen



Gunnhild Lothe



Stein Aaserud



Franny M. Bøthner



Jørn-Rune Bruun



Aksel Sæther  
(Gruppeleiar)



Tonje Aa. Haga



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

\*\*\*\*\*

### ÅRSMELDING 2023

#### FRIIDRETTSGRUPPA SIL

##### STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2023 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetlefåt
Sektor anlegg og utstyr	Geir Aasheim
Styremedlem	Mats Tonning
Styremedlem	Harald Kårbø
Styremedlem	Susanne Nesse
Styremedlem	Maj R. Engevik
Styremedlem	Joar Hystad
Ungdomsrepresentantar:	Anna Solheim (tom august 2023) Julian Skimmeland Aasheim
Dagleg leiar	Tom Erling Kårbø

Det har i 2023 vore halde 8 styremøter.

Tom Erling Kårbø slutta som dageleg leiar september og han gjekk inn i styret som styremedlem, medan Joar Hystad overtok som dagleg leiar og han slutta som styremedlem medio september 2023.

##### MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr. 31.12.2023 totalt: 87 medlemmer (2022=107) fordelt på:

	<u>&lt;12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>≥ 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	8	3	9	20
Menn	21	3	43	67
SUM	29	6	52	87

Medlemstalet for friidrettsgruppa har minka i 2023 og er på 87 medlemmer, medan me i 2022 var me 107 medlemmar. Da er i gruppene under 12 år og 13-16 år det har gått ned på medlemstalet og me har ein jobb å gjera blant desse årskulla for å få fleire til å byrja med friidrett. Me har fleire sjansar til å nå nye potensielle barn og ungdomar gjennom arrangementa våre (slik som Parkløpet, sentrumsstafetten, Tinestafetten og barneløpa på våre store mosjonsarrangement). I 2024 vert desse barneløpa gratis og me må setja inn ei betre marknadsføring i løpet av 2024 for å fortelja om friidrett og kva det omfattar.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaraspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2023. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenrarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. I 2023 har nokre av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenrarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



utøvarane våre gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande.

### SEKTOR ØKONOMI

Året 2023 har gitt eit resultat på 1686,- kroner, før revisjon. Vårt største arrangement er Sunnhordland maraton som gjer at omsetjinga i klubben er stor, men Flyplassmila og Stordleikane er også arrangement som gir gode bidrag. Me har også mange sponsorar som bidrar økonomisk slik at klubben har ein sunn økonomi. Driftsutgiftene for 2023 har vore på 1005789,-

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett. Vert sendt ut i etterkant då det ikkje er ferdig revidert enda.

### SEKTOR ARRANGEMENT

I 2023 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	04.02.2023
Parkløpet	26.03.2022
Sunnhordland maraton	06.05.2023
Tinestafetten	10.05.2023
Bru- og halvmaratonløpet	14.06.2023
Industriløpet	17.06.2023
Stordleikane	06.-07.08.2023
Stordløpet	03.09.2023
Flyplassmila	23.09.2023
Romjulsstemne	28.12.2023

I tillegg har me arrangert fleire hoppstemner innandørs og seriestemner utandørs.

Sunnhordland maraton er hovudarrangementet vårt i sesongen 2023. I år kutta me ut sjølvve maratonløpet av di deltakinga på denne distansen har vist seg å vere lav, men namnet vart ståande då denne avgjerda vart gjort så seint at all materiale var bestilt inn. I 2023 var det i overkant av 550 deltakarar på dei 3 distansane 5km, 10km og halvmaraton, noko som var ein auke på godt over 100 løparar, i tillegg så har me barneløpet med over 400 barn. Suksessen med Puls-klassen haldt også fram og det var ein aukande deltaking i denne klassen også. Totalt nær 1000 deltakar, noko som gjorde arrangementet til ein stor suksess.



Figur 1 Frå starten på superløpet på Sunnhordland maraton. (Foto: Joar Hystad)

Stordleikane gjekk i år óg over 2 dagar, og deltakartalet viste framleis ein gong nedadgåande kurve i høve til dei førre åra. Arrangementet som gjekk tidleg i august vart ein sportsleg suksess.



Industriløpet, som vart starta i 2022, var i år flytta til området rundt Ållandsvatnet, med start og mål ved møllebrua ved Stord kyrkje. Distansane var dei same som i 2022, nemleg 5 og 10 km, samt eit eige barneløp. Det vart ein stor suksess i år óg og arrangementet som var flytt til medio juni fekk ein fin sommar ramme kring seg. Dei ansvarlege for dette løpet: John T. Almås, Joar Hystad og Sindre Vikanes la ned ein stor innsats

Figur 2 Frå starten av barneløpet på Industriløpet. (Foto: Ola Odland)

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Flyplassmila vart arrangert laurdag 23.september og i år hadde me fått eit verkeleg trekkplaster på plass, då bronse medaljør frå VM i Budapest på 1500m Narve Gilje Nordås kom på besøk. Dette gjorde nok sitt til at det kom mange tilskodarar ut på flyplassen for å kikka på samt at Narve i tillegg var fartshaldar på barneløpet og stilte opp på 5 km og sprang bak ifeltet. På 10km flytta han løyperekorden ned til sterke 29,42 min. Det var rundt 190 fullførande deltakarar som sprang enten 5 eller 10 km, i tillegg så hadde me innlagt barneløp med nær 75 løparar.



Figur 3 Narve Gilje Nordås og Vegard Havn i tet på Flyplassmila. (Foto: Thomas André Hjelmen)

Stordløpet gjekk av stabelen for 47.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. På dette arrangementet ser me at folk melder seg på heilt opp mot løpsdato og dermed er det ei uvisse i kor mange som vil stilla opp her. I år hadde me lagt inn ein friidrettens dag for barn og her var deltakinga stor i eit heller surt vær.

Bru-og halvmaratonløpet hadde ein nedgang i deltakarar i 2023 og her har friidrettsgruppa bestemt seg for å setja dette arrangementet på pause i 2024. Så vil tida visa om arrangementet vertatt opp at i 2025.

### SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjoner å sjå tilbake på i 2023 og her er dei beste resultata som utøvarar har oppnådd i løpet av 2023:

- VM mountain running, Innsbruk-Stubai 7.-10.6.2023  
Motbakke 7.6:                                 Nora Markhus 35.plass i KS  
   Harald Kårbø 46.plass i MS  
Up and Down 15 km 10.6                     Nora Markhus 31.plass i KS  
   Harald Kårbø 91.plass i MS
- Nordisk meisterskap mangekamp, Borås, Sverige 10.-11.6  
7-kamp U-20 Anna Solheim (19)          4247 poeng nr.9
- DNA20 Rieti, Italia, 16.-17.9  
Anna Solheim (19)                             100m hekk 14,84s, 4.plass  
Mathilde Alfarnes Amundsen (17)           Spyd:39,58m 1.plass
- NM senior på Jessheim 6.7: Tom Erling Kårbø   3000m hinder 8,37,19 1.plass



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

- Jr-NM Sandnes 25.-27.8: Anna Solheim 100m hekk|15,00 3.plass
- UM15-19 i Fana 12-14.9:  
Anna Solheim (19) Høgde 1,55m 1.plass  
Mathilde Alfarnes Amundsen (17) Spyd 39,36 2.plass

### Senior/Junior

I NM innandørs i Bærum idrettspark 18.-19.2 2023 oppnådde Stord sin utøvarar følgjande resultat og plasseringar

Anna Solheim (19)	60m	nr. 5-h2	8,09
	60m	nr. 8-sf1	8,21
	Høgde u.t.	nr. 6	1,25
	60m hekk	nr. 5-h2	9,05

I senior-NM på Jessheim stadion 6.-8.7 2023 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbo (34)	3000m hinder	nr 1	8,37,19
Lars Lunde (26)	5000m	nr 19	14,49,71
Martin Schei (23)	5000m	nr 33	15,22,36
	10000m	nr 26	33,01,77
Johannes Sandvik Bø (17)	800m	nr 7-h3	1,55,07
	1500m	nr 8-h3	3,59,95
Harald Kårbo (31)	3000m hinder		DNF
Anna Solheim (19)	100m hekk	nr5.h2	14,67
	100m	nr7 h	12,80
Laila Himle (32)	10000m	nr 8	38,45,38

På junior-NM på 25.-27.8.2023 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

MJ-19	Steffen Tjensvoll Hollund (17)	100m	nr. 6-h7	11,69
		Lengde	nr. 22	5,65m
		200m	nr. 6- h1	23,87
KJ-19	Anna Solheim (19)	100m	nr. 2-h2	12,73
		100m	nr 5-sf	12,89
		100m hekk	nr. 2-h1	15,06
		100m hekk	nr. 3- fi	15,00
	Mathilde Alfarnes Amundsen (17)	Spyd	nr. 7	36,50m

I innandørs NM i mangekamp i Sandnes Idrettspark 29.1.2023 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Anna Solheim (19) Nr. 4 3170 poeng (8,89-1,57-10,09-4,40-2,37,84)

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 58 i 3.divisjon med poengsummen 9076(20 res) (2022= 10080 poeng 33.plass (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 7 i 2.divisjon, med poengsummen 17628(25 res) (2022 = 19903 poeng 12.plass i 1.divisjon (30 res))

### **Veteraner:**

På veteran NM innandørs på Stange 28.-29.1 2023 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Oddvar Hårde (50-54)	Lengde	Nr.1	4,42m
	Høgde	Nr. 1	1,50m
	Stav	Nr. 1	3,00m
	Kula	Nr. 2	11,63m

På veteran Nordisk innandørs på Reykjavik, Island 24.-26.2 2023 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Oddvar Hårde (50-54)	Stav	nr. 1	3,20m
	Kula	nr. 2	11,10m
	Vektkast	nr. 2	13,29m
	Lengde	nr. 3	4,65m
	60m	nr. 4	8,50
Per Gregersen (50-54)	Stav	nr. 2	3,10m
	Høgde	nr. 2	1,48m
	60m hekk	nr. 2	11,43

Veteran NM på Modum 23.-25.6 2023 oppnådde Stord IL sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Per Gregersen (50-54)	Stav	Nr.1	2,80m
	Høgde	Nr.1	1,39m
	Diskos	Nr.3	30,64m
Rasmus Riveland Bu (45-49)	1500m	Nr.2	5,29,57

I veteran NM mangekamp (10-kamp) i Moss 20.-21.5 2023 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Oddvar Hårde (50-54)	Nr. 1	5198 poeng	(13,85-4,63-10,43-1,45-66,45-18,72-34,60-3,20-32,24-6,01,82)
----------------------	-------	------------	--

I veteran KM på Os 30.9-1.10.2023 var Stord representert med 3 utøvarar: Oddvar Hårde, Per Gregersen og Halvard Leirvik:

Gull:	Oddvar Hårde	-	Lengde (4,88m), Slegga (40,80m), Stav (3,20m), Vektkast (12,36m)
	Halvard Leirvik	-	Høgde (1,45m),
Sølv:	Oddvar Hårde	-	Diskos (32,32m), Kula (11,55m), Spyd (36,27m)
	Halvard Leirvik	-	Lengde (4,35m)
	Per Gregersen	-	Høgde (1,35m)



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Bronse: Per Gregersen - Diskos (30,09m), Spyd (32,72m)

I landsserien vart herrelaget nr 15 i 1.divisjon med 9542 poeng på 18 resultat (2022 = 11431 (19 res)) og held med det plassen i 1.divisjon

### Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM innandørs i Ulsteinvik 3.-5.3 2023 oppnådde Stord sine utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Anna Solheim (19)	60m hekk	2-h2	8,91
	60m hekk	3-finale	9,04
	60m	4-h3	8,16
	Kula	Nr. 7	9,88m
	200m	3-h5	26,59
	Høgde	Nr.4	1,50m

I Ungdoms-NM på Fana stadion 9.-11.2023 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Anna Solheim (19)	100m hekk	Nr. 2	14,80
	100m	Nr. 6	12,76 (12,81 – 3 h3)
	200m	Nr. 8	26,56 (26,81 – 3 h1)
	Høgde	Nr. 1	1,55m
Mathilde Alfarnes Amundsen (17)	Spyd	Nr. 2	39,36m

På KM 11-19 år Fana stadion 30.9-1.10 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Ask Eldøy Rosland (14)	200m hekk	Nr. 1	30,54
	60m	Nr. 1	8,23
	200m	Nr. 2	25,65
Mathilde Alfarnes Amundsen (17)	Spyd	Nr. 1	40,78

### Kretsserien:

Guttelaget endte på 6.plass i 1.divisjon med poengsummen 32267 poeng på 46 resultat,(2022: 36664 poeng (56 resultat), 7.plass i elitedivisjonen). Jentelaget endte på 8.plass i elitedivisjonen med poengsummen 31281 poeng (45 resultat) (2022: 29278 poeng (40 resultat), vinner 1.divisjon).

### Trenrarar:

Gutar/jenter < 11 år	Elisabeth Sæle, Julian Skimmeland Aasheim, Nils Hetlefåt.
Gutar/jenter (12-15 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch (tom aug 2023), Nils Hetlefåt
Gutar/jenter (> 16 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch (tom aug 2023), Nils Hetlefåt

### Utmerkingar

“Beste gut”	Ask Eldøy Rosland
«Mest allsidige gut»	Ask Eldøy Rosland
“Beste jente”	Anna Solheim

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



”Mest allsidige jente” Anna Solheim

Gullmerket (over 1000 tyrvingspoeng) vil verte utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat:  
Anna Solheim for 14,65 på 100m hekk,

### Lagsrekord:

Mathilde Alfarnes Amundsen	Spyd	39,58	17.9.2023	Rieti, Italia
Anna Solheim	100m hekk	14,65	10.06.2023	Borås, Sverige

## Samandrag

Stord friidrett tar ansvar, skaper aktivitet og inkluderer alle i sine aktivitetar. Dette støtter opp om filosofien til hovudlaget i Stord IL. « Idrettslaget skal skape meiningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom»

Vi er stolte av å kunne gå ut med at alle mosjonsløp for barn i 2024 blir gratis. Dette prøvde vi ut i 2023 med suksess. I tider med hardt pressa økonomi for mange barnefamiliar ynskjer vi ikkje at ein «femtilapp» skal sette ein stoppar for fysisk fostring og positiv oppleving for dei yngste i kommunen vår. Stord Friidrett ynskjer å gå føre og håper at andre kan stille seg bak dette. Korleis kan vi sei nei til inntekter som skal drive klubben vår. Utan tommelen opp frå våre trufaste samarbeidspartnarar som går inn og støttar våre arrangement hadde vi ikkje kunne nytte gratisprinsippet i den grad vi gjer no.

Støttespelarane våre ser at dette skaper idrettsglede både i Leirvik sentrum, på flyplassen, Stord stadion, rundt Vikastemmo og nede på Aker Solutions.

Vi la merke til at fleire lokalpolitikarar snakka om frivillige og kva det betyr for lokalsamfunnet før kommunevalet. Idrettslaget har rekna på det. Dugnadsinnsatsen frå heile idrettslaget har ein verdi på om lag 70 millionar kr. pr. år.

Kva treng vi av hjelp av politikarar og frå Stord kommune? Vi vil ha ein ja kommune som liker aktivitet og folkefest for alle. Vi treng vedlikehald av våre anlegg, les Stord stadion. Vi må ha tilgang til å nytte Leirvik sentrum utan for mykje restriksjonar. Eit bilfritt sentrum som «kokar av glade barn og vaksne rundt heile hamna, opp og ned Borggata og inn på torget. Første laurdagen i mai blir vår lokale nasjonaldag som blir prega av glade born og vaksne saman Ein fin opptakt til 17 mai og Handballfestivalen som kjem i Pisen.

Stord friidrett er alltid på jakt etter nyskaping, men samstundes ta vare på gode og gamle tradisjonar. Eit godt døme på det er Flyplassløpet og Industriløpet . Det var stor stas då Narve Gilje Nordås kasta glans over årets Flyplassløp. Rett frå VM og bronse i Budapest brukte «gladguten» frå Voll til å skrive autografer og sette ny rekord på flyplassmila på under 30 minuttar. .



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

---

Industrigjengen er stadig full av energi og nye påfunn i jakta etter å spissa våre arrangement. Det nyt vi godt av. Difor er vi og glade for å ha fått inn Joar Hystad som dagleg leiar i Stord Friidrett. Etter at Tom Erling Kårbo har sett standaren og lagt ned eit solid arbeid for å gje oss eit positivt omdømme i lokalsamfunnet vårt. Takk for jobben du har gjort. Du blir me oss vidare både gjennom sportsleg satsing og med din kunnskap i styret vårt.

Men gode og gamle tradisjonar som Stordleikene og Stordløpet lever vidare. I 2024 feirar vi 40 års jubileum for Stordleikene. Det må vi feire på eit verdig viss. Dette er ein tradisjon som har blitt ført vidare sidan starten i 1984.. Mange lovande talent har starta sin idrettskarriere på Stord stadion. Me kan berre nemne stavhopparen Pål Haugen Lillefosse. Med slekt frå Fitjar viste han tidleg sitt store talent. Snart svingar seg over 6-merteren. Dette stemne er ein trygg og god arena for våre eigne og nye som vil prøve seg i mange øvingar i løpet av to hektiske dagar. Rogaland og Vestland har klart flest deltarar. Våre gode naboar i Fitjar og Bremnes stiller alltid opp til hyggeleg kappestrid

Tom Erling haldt og tradisjonen ved like med å sikre Stord eit nytt NM-gull på 3000 meter hinder. 9. juli sikra han nytt NM-gull på dramatisk vis. Hans åttande i rekka. Med fattige to hundredelar slo han favoritten Fredrik Sandvik i ein nervepirrande spurt. 35-åringen sluttar aldri å imponere. Han går aldri høgt på banen men berre gjer det.!! Han leverer og har lenge vært ein flott ambassadør for Stord IL-friidrett

Difor var det med stor glede at Tom Erling blei tildelt Hordaland Friidrettskrets Gullmedalje for aktiv idrett 2023. For sterke prestasjoner nasjonalt og internasjonalt gjennom mange år.

Nils Hetleflet blei og hylla på Idrettsgallaen i Bergen med velfortent Hordaland Fortenestemedalje for 20023.

Her er litt av grunngjevinga:

Prisvinnaren brenn godt over snittet for friidrett og trening. Han er en engasjert og dedikert trenar, som alltid stiller opp med sykkelen, uansett vær.

Han bruker 20-30 timer i veka. Har trent unge utøvarar, eliteutøvarar opp mot 1000 utøvarar totalt. Av disse har han fått opp ca. 10-15 på toppnivå.

Prisvinnaren er født og oppvokst på Stord. Starta med friidrett hausten 1978. Høgdepunkt som aktiv kom i 1988 i JR NM terrengløp, der han ble nr. 6. Han har tatt NM gull i terrenget i 1987 i lagkonkuransen for junior, og har løpt 10 maratonar, med ein pers på 2.40.

Prisvinnaren har tidlegare blitt kåret til Årets trener i kretsen.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Han fungerer som fagansvarleg i Norges Friidrettsforbund, som omfattar reiselederansvar i meisterskap og oppfølging av landets beste O2 snappare i forbindelse med uttak. Han er nasjonal godkjent løypemåler.

Prisvinnaren er klubbens primus motor på trenarsida, den administrative sida og arrangementssida – med opptil fleire banestemner og gateløpsarrangement kvart einaste år. Han fekk klubbens heidersmerke i gull i 2010 og ble æresmedlem i klubben sin i 2014. På folkemunne er han Mr. Friidrett Stord, og er 24/7 friidrettsmann. Han er en høyt respektert person i friidrettsmiljøet og i lokalsamfunnet på Stord.

Han har vært trenar for Tom Erling Kårbo. og vi gratulerer med Hordaland Friidrettskrets sin høyeste utmerkelse, Fortenestemedaljen.

Stord har opp gjennom dyrka fram mange lovande og gode talent slik som Jacob Vaula som lenge blei trena av Åge Bjelland. No er han blant dei raskaste sprintarane i landet med adresse Bergen. No følgjer ein ny Stord utøvar i hans fotspor og startar ny karriere i Bergen.

Allsidige Anna Solheim har gjennom mange år skaffa Stord mange medaljar i mangekamp og mange ulike øvingar. Jenta frå Bømlo har representert klubben vår på ein flott måte både på banen og som ungdomsrepresentant i klubben vår. Neste sesong skiftar ho adresse til Bergen for studiar og vidare satsing på friidrett i Gneist. Vi ynskjer lykke til og døra i Stord Friidrett er alltid open.

Våre sponsorar er framleis trufaste og stiller opp slik at vi stadig kan utvikle oss, og skape gode arrangement i lokalsamfunnet.

Til slutt vil eg takka styre og andre gode idrettsvenner som stiller opp for å gjere våre arrangement best mogeleg. Takk og til trenarane våre som gjer kvardagen til ein fest på trening gjennom mørke haustkveldar og når våren og sommaren setter inn for fullt. Me ser fram til eit spennande friidretts år med mottoet. ALLE SKAL MED!

Runar Øvrebø  
Styreleiar Stord IL-Friidrett



SIL ÅRSRAPPORT 2023  
SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

# ÅRSMELDING 2023

## STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

### STYRET 2023

Leiar: Jon Eirik Kvalnes  
Nestleiar: Anja Mikkelsen  
Kasserar: Kjartan Grov  
Medlem:  
Marte Eldøy Ottesen  
Dagfinn Koppang  
Andreas Aas  
Gina Gilje  
Malene Aasheim  
Ungdomsrepresentant: Marielle Flatås Kvalnes  
Haldis Espeland

Vara: Sigurd Riise



**STORD IL turngruppa**  
*Idrettsglede heile livet*

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### INNLEIING

Turngruppa har lagt bak seg eit år med ein god miks av normal breiddeaktivitet og oppbygging av nye konkurranseparti. Me ser med glede at stadig fleire foreldre deltek som medtrenarar i gruppene og at dei ønskjer å tileigna seg kompetanse for å vera med som trenar. Det gjer at styret ser framover med stor optimisme om ei bærekraftig framtid.

Dei siste åra har diverre ført med seg stort fråfall i konkurransegruppene våre, troppsgymnastikk og apparatturn. Turngruppa har ikkje hatt trenarressursar til å opprette ny gruppe for gutter, men har lukkast i å kunne realisere eit tilbod i apparatturn for jenter og fått utvida treningsareal i 2023.

Stord IL har ikkje hatt arrangement i 2023.

Stord IL turngruppa hadde i slutten av 2023 i overkant av 400 aktive medlemmer i alle aldrar. Det er ein liten nedgang frå året før, men det er noko usikkert om rapportert tal i 2022 er riktig. Nokre parti har og hatt noko redusert kapasitet, for å sikre kvalitet og ro i gruppene. Turnaktiviteten finn ein i både i gymsalar på barneskulane og på Vikahaugane sportscenter. Turnhallen og utstyret vårt ber preg av mykje bruk, og me opplever at areal og godt brukt utstyr er ei utfordring som vil auke dersom turngruppa skal halde fram med aktivitet og vekst. Det blir eit stort fokusområde dei komande åra.

Turngruppa har stadig flest medlemmer blant jentene, og me opplever jamt over at mange gutter og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn, både i breiddeparti og satsingsparti som troppsgymnastikk eller apparat-turn.

Idrettslaget sitt slagord «Idrettsglede heile livet» er framleis godt beskrivande for turngruppa sin aktivitet. Dei minste medlemmene våre er to år, medan dei eldste passerar 90. Aktiviteten turngruppa legg opp til, har ein unik mogleik for individuell tilpassing og alle vil ha sjansen til å finna sin plass.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

### MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2023 **405** registrerte medlemmer. Me har i tillegg om lag **250** personar på venteliste til dei ulike barneparti. Dette er svært populære grupper, og kapasitet på halltid og trenarar, gjer at me ikkje klarer å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det.

Medlemsoversikt Stord IL turngruppa						
Kjønn og alder	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Jenter 0 - 5	62	43	47	47	54	64
Jenter 6-12	135	169	143	131	133	143
Jenter 13-19	22	32	23	33	31	30
Jenter 20-25	0	0	0	0	1	1
Jenter 26+	46	65	53	56	61	66
Gutar 0 -5	51	39	45	42	42	53
Gutar 6-12	34	72	68	61	54	66
Gutar 13-19	4	3	13	9	7	10
Gutar 20-25	0	0	0	0	1	1
Gutar 26+	51	46	47	47	57	55
<b>Total</b>	<b>405</b>	<b>469</b>	<b>439</b>	<b>426</b>	<b>441</b>	<b>489</b>

\* Total tal medlemmer er utan trenarar, som også er registrerte medlemmer

Turngruppa nyttar medlemssystemet til NIF, KlubbAdmin. Turngruppa registrerer at det er svært få medlemmer på 7.trinn, noko som har gjort at det i 2023 ikkje har vore eigen gruppe for dette årstrinnet.

Som ein kan sjå ut frå medlemsoversikta, har me stor auke blant born under skulealder som er medlem i foreldre/barn tilboda våre. For å sikre god kvalitet i treningane i 2023, har me og vald å nedjustera nokre grupper noko.

### TRENARSITUASJON

Ved oppstart hausten 2023 var det utfordrande å få dekkja alle grupper med hovudtrenarar. Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er tidlegare og aktive troppsgymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette er ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa. Alle trenarar får høve til å delta på kurs og anna kompetanseheving. I 2023 valde me å utsetja sikringskurs og trenarkurs til 2024, då nokre av instruktørane ikkje var fylt 16 år og kunne ikkje få godkjend sikringskurs. Det vil og bli ei auka satsing på fleire foreldre i treningane som medtrenar.

Turngruppa er takksam for alle instruktørane våre, og takkar for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre og foreldre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Med godt samarbeid med føresette som delaktige i treningane, har me i 2023 oppretthaldt alle tilbod på ein god måte. Alle trenarane våre vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør.

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Apparat- og Troppsgymnastane våre er delt inn i høve alder. Me har lukkast i å etablere ei apparatgruppe for jenter i alderen 6-9 år, og me har aktiv rekrutt tropp i troppsgymnastikk. Det er i 2023 ingen gutar som deltek i konkurransegruppene våre.

Dei tre mosjonspartia for vaksne har i 2023 vore styrt med stødig hand av erfarne instruktørar. Turngruppa er kjend med at trimmen vil trenge hjelp av nye trenarkrefter i åra som kjem, og vil frametter sjå etter moglege løysingar for å halda tilbodet ved like.

**Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.**

### **AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:**

Turngruppa har ikkje arrangert konkurransar, stemner eller kurs på Stord i 2023.

Turngruppa arrangerte si årlege juleoppvisning i desember 2023 og fylte nyehallen på Vikahaugane til randen med gymnastar og publikum.

Turngruppa har delteke på dognad i forbindelse med Handballfestivalen, og gjer sitt bidrag med ned- og opprigging av alt utstyret vårt i turnhallen. På den måten kan Handballfestivalen nytta arealet i turnhallen til arrangementet sitt. Turngruppa vert honorert med 40 000 kroner for dugnaden. Me deltek og i hovudlaget sin årlege dognad på Vikahaugen idrettspark.

### **HEIDERSTEIKN**

Det er ikkje delt ut heidersteikn i 2023 til nokre av turngruppa sine medlemmer.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

### TRENINGSTILBOD OG TRENAROVERSIKT 2023/2024

Parti	Instruktørar	Stad
Foreldre og barn 3-4 år	Malene Aasheim	Leirvik
Foreldre og barn 3-4 år	Caroline Wolff	Langeland skule
Foreldre og barn 3-4 år	Jens Vatne Nesse	Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar	Celina Solend	Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar	Linda Lundås Skjelbred	Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Anders Langeland m.fl.	Leirvik skule
Turn jenter 3. klasse	Jon Eirik Kvalnes, Marielle Flatås Kvalnes, Elena Valvatne	Turnhallen
Turn jenter 1. klasse og 2. klasse	Marielle Flatås Kvalnes, Ida Synnøve Flatås Kvalnes, Elena Valvatne og Hannah Valvatne	Turnhallen
Turn jenter 4. klasse	Marielle F Kvalnes, Elena Valvatne og Haldis Espeland	Turnhallen
Turn gutar 1.-2. klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes og Hannah Valvatne	Turnhallen
Turn gutar 3.-4. klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes og Hannah Valvatne	Turnhallen
Trampett/tumbling guitar/jenter 5.-10.klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes, Hannah Valvatne, Oline Skartland Koppang og Haldis Espeland	Turnhallen
Vaksenparti		
Stemnedamene	Anne Kristin Eldøy, Bjørg Bj. Grov, Lindy Furunes og Bodhild Sætrevik	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås m.fl.	Vikahaugane
Konkurranseparti		
Troppsturn rekrutt <13 år - Tumbling/trampett - Frittståande	Marielle Flatås Kvalnes, Lars Aasheim og Arnhild Myklebust	Turnhallen
Apparattturn jenter 6-9 år	Madeleine Børshheim, Mari Aas og Andreas Aas	Turnhallen
Allidrett		
Stord IL Allidrett	Joakim Borchgrevink og Nina Barek Sørli	Hystad skule

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbodet til turngruppa er eit svært populært tilbod. Tilbodet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2023 har me hatt tre 3-4-årsgrupper og tre 5-årsgrupper. Dei har hatt treningane sine på Hystad, Leirvik og Langeland skule.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder. Enkle øvingar som framleis rulle, balanseøvingar og hopp på springbrett er på planen. Samstundes nyttar me mykje tid på å gjera ungane trygge i uvante posisjonar, ved til dømes å stå på hovudet, ta baklengs rulle med meir. Her får dei sjansen til å utvikla seg ut frå eige ønskjer og nivå.

Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.

(Langeland skule 5-årsgruppa)



### Allidrett

Hausten 2022 oppretta turngruppa eit nytt tilbod med allidrett. Stord IL Allidrett var eit initiativ som kom frå ein av våre trenarar på foreldre/barn-gruppa på Langeland skule, og vart motteke med opne armar i hovudlaget. Me valde å ha tilbodet på Hystad skule i 2022 fordi det er god tilgang på utstyr der, og lettare å tilrettelegga for ulik aktivitet. I 2023 har tilbodet vore vidareført på Leirvik skule, for born født i 2018.

Turar i nærområdet, finne postar, leik med ball, skeiser, ski og fjelltur. Borna får med det eit tilbod om eit brent utval av aktivitetar og kanskje moglegheita for å utfordre seg sjølv. Allidrett skal vere kjekt og kjenne glede ved å bruke kroppen motorisk på ein positiv måte.

Allidrett er eit flott supplement i turngruppa, og me ser fram til tida framover med mål om å fortsatt kunne opprette tilbod for 5-åringar. I Allidrett føl dei ein aktivitetsplan slik at borna får prøvd ut fleire ulike aktivitetar, og kan bli betre kjend med idrettane i Stord IL. Allidrett skal vere sosialt og alle er velkommen til å delta.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### Jenter turn 1.-4. klasse

Våre store grupper er blant jentene. Gruppene mellom 1. og 4. klasse er delt mellom jenter og gutter. Dette har vore gjort siden gutane trenar i større grad grunnleggjande mot apparat-turn, medan jentene trenar meir mot tropsgymnastikk. Gruppene tel 25 gymnastar på det meste, og det er ventelister på alle jentegrupper. Jentene trenar trinnvis, og har eigen treningstid. Oppmøtet på gruppene er bra, og det er lite fråfall.

Hovudøvingane i desse gruppene er trampett, tumbling og frittstående. Treninga inneholder ei god blanding av turnleik, med innøving av enkle og grunnleggjande turnelement som framover og baklengs rulle, slå hjul, salto, flikkflakk med meir. Gruppene våre mellom 1. og 4. klasse er den største rekrutteringa me har til konkurranse-gruppene våre.

### Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane frå 1.-4.klasse har vore delt inn i to grupper, slik som tidlegare. Ei gruppe med 1.-2.klasse og ei gruppe med 3.-4.klasse.

Partiet med gutter er stadig populært. I 2023 har gruppe vore leia av unge instruktørar frå troppen, etter mange år med vaksne instruktørar. Ein legg opp til enkle grunnøvingar som rulle framover og bakover, handstående, baning av flikkflakk, satstrening og hopp over bukk og kasse. Gruppa har fleire foreldre som deltek i treningane som medhjelparar, og får stadig større rolle som trenarar. Det er kjekt å sjå, og viktig for å halde oppe eit godt tilbod til desse unge gutane.

Det er utfordrande for turngruppa å ivareta dei gutane som ønskjer å ha turn som sin hovudidrett, då me ikkje har trenarar som kan organisere eit konkurranseparti. Det må vera ei målsetting i åra som kjem, at turngruppa på ny kan få plass eit guteparti innan apparattturn.

Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement.

### Jenter/ gutar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

5.-10. klasse er delt i fire grupper etter klassetrinn. Fokus i treningane er tumbling og trampett. Alle gruppene er med jenter og gutter saman. Det har vore ei utfordring med veldig få gutter i forhold til jenter, ei utfordring som ut frå medlemsmassen vår kjem til å vara framover. Gutane seier sjølv og visar at dei trivst godt, sjølv med mange jenter!

For å få variasjon i treninga plar me å ha forskjellige oppvarmingsmetodar, og så noko som gymnastane får lov til å velja sjølv. Ettersom me har satt inn fleire trenarar på gruppene, delar me gruppene inn og lagar fleire stasjonar. I løpet av treninga får dei vore gjennom alle stasjonane. Tøyting og styrke er også ein viktig del av treninga deira, både for å førebygge skader og få betre flyt i turning.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Desse trenar henholdsvis på Hystad skule og i gamlehallen på Vikahaugan idrettspark. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltagarar, der gruppa på Hystad tel om lag 36 deltagarar og på Vikahaugane er det 11.

Partia har to treningskveldar i veka, og øvingsutvalet spenner seg fra oppvarming, balansetrening, styrke i ankel-, legg-, lår-, sete- mage- og ryggmuskulaturen i tillegg til bøye- og strekkmuskulaturen i armane. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsøvingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjelettmuskulaturen.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp. Gruppene har stabil medlemsmasse, og tek gjerne imot fleire medlemmer. Her får du ei real økt, godt for både kropp og sjel.

### Aerobic, zumba og step

Kvar måndag og onsdag fyller om lag 60 damer frå 16 år og oppover gamlehallen med aerobic og step - styrketrening og kondisjon. Treningane er særstak populære, og gruppa er nokså stabil. Det er enno plass til fleire.

Dametrimmen har ei rabattordning som gjer det mogleg å ta med seg dotter / mor på trening, utan å bli belasta med treningsavgift for begge to. Dette trur me bidreg til auka medlemsmasse, og både stabilitet og ny rekruttering til gruppa.

### Stemnedamene

Stemnedamene har også dette året vore aktive.

Hovedmålet med treninga vår har vore tabelltrening for Gymnastrada i Amsterdam 28.07 - 06.08 - 23. For 32 år sidan var me på vår første Gymnastrada - i Amsterdam -, og det blei bestemt at dette årets Gymnastrada - også i Amsterdam- var den siste Gymnastrada me skulle delta på. Trass i dårligst ver vart desse 10 dagane ei god opplevelse. Oppvisning saman med omlag 200 andre norske er alltid kjekt. Damene frå Stord er gode på å finna plassane sin, retta inn, og gjennomføra tabellen.

Treninga utover hausten var basert på juleoppvisninga. Der framførte me same tabell - med litt justering - som me hadde i Amsterdam.

I troppen vår er me 10 aldrande damer med lett og lyst humør, godt pågangsmot, takksame for godt fellesskap og gode opplevelser i flott turnmiljø.

Me var medhjelparar med billetsal på juleoppvisninga.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### Konkurransetropp i troppsgymnastikk

For konkurranseforma troppsgymnastikk, har turngruppa holdt aktiviteten oppe etter beste evne etter stor fråflytting av hovudtrenarar. Det har i tillegg vore stort fråfall på junior- og seniornivå, og rekrutt-troppen er einaste gruppa som har hatt aktivitet i 2023. Trenarar har etter oppstart hausten 2023 vore Marielle Flatås Kvalnes og Arnhild Myklebust. Mot slutten av 2023 vart Hedda Haslum Myklebust med som trenar i tumbling/trampett.

Troppen talde på det meste om lag 30 aktive gymnastar i klassane aspirant, rekrutt, junior og senior. I 2023 har det berre vore ni aktive gymnastar.

Det har vore krevjande å utvikle troppen dei siste åra. Turngruppa håpar at det er rom for ny rekrytering til troppen, og at ein får styrka trenarkapasiteten innan troppsgymnastikk.

Konkurransetroppen har i 2023 delteke på Gymfest i Vest i juni og kretskonkurranse på Laksevåg i september.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA




### Konkurranseturn - Apparattturn

Turngruppa har i 2023 fått til å opprette eit nytt tilbod i apparattturn. Då me tidleg i 2023 fekk hovudtrenar på plass, saman med engasjerte foreldre, vart apparatgruppa for jenter 1.-3.klasse ein realitet. Mot slutten av 2023 tel gruppa 18 jenter i alderen 6 til 9/10 år. Me har stor tru på at gruppa skal kunne vidareførast i åra som kjem, og ser behovet for nye turnapparat i turnhallen.

Turngruppa vil arbeide vidare med denne nye satsinga i apparattturn, og opnar for å opprette endo ei gruppe allereie hausten 2024. Då meinar me det vil vera nok jenter til å ha ei aspirantgruppe og ei rekruttgruppe. Me håpar det vil bidra til ei positiv utvikling av gruppa i åra som kjem, og bidra til rekryttering både til apparattturn og tropsgymnastikk.

Som eit ledd i oppretting av eit aspirantparti for jenter, har turngruppa fullført eit prosjekt i 2023 for innreiing av squash-hallen på Vikahaugane. Mini-hallen vår er no innreia med utstyr som gjer det mogleg å trenne inn apparat for alderen 5-9 år, samt speilvegg med matte for detaljtrenings. Rommet nyttar me både til apparatgruppa og som stasjon på breiddegruppene.





# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### ØKONOMI OG STYРЕARBEID

Økonomien i turngruppa er god, og gruppa leverer eit positivt årsresultat på 49 119 kroner i 2023. Turngruppa har hovudsakleg inntekt gjennom årleg dugnad for Handballfestivalen og treningsavgift frå medlemmene. Turngruppa fekk og tildelt totalt 300.000 kroner til innkjøp av nytt utstyr for innreiing av squash-hallen. Midlane fekk me frå Sparebank1 SR-bank og Sparebanken Vest.

Turngruppa si største utgift er knytt til lønsutbetaling til trenarane. Turngruppa har løna trenarar for alle parti i 1.-10.klasse der trenarane ikkje er foreldre. Dette bidreg til stabilitet blant trenarane, og er naudsynt for å vera trygg på at me har kvalitet i trening. Faste utgifter har gått som vanleg, og i tillegg til lønsutgifter er avskrivingar, vedlikehald, forsikring og innkjøp av turnoutstyr utgjer dei store kostnadane til gruppa.

I 2022 gjorde årsmøtet eit vedtak om justering i treningsavgift. Justeringa innebar ei auke i treningsavgifta, og den vart fastsett til å vera 1250 kroner per treningstime i veka, per år. Det er også bestemt makspris på 4500 kroner per år for junior/senior og 3500 kroner for rekruttar.

Turngruppa vert i dag leia av eit aktivt og breidt samansett styre. Styremedlemmene har kvar sine ansvarsområde, og det tek tid å få det godt etablert. Styret er kjend med at styreleiar har mange administrative oppgåver for å halde drifta gåande, og det siste året har styreleiar vore kompensert for innsatsen. Til årsmøtet 2023 fremjar styret ein sak om opprettning av stilling som administrativ leiar i gruppa. Målsettinga med ei slik tilsetjing er å sikre bærekraftig utvikling og effektiv drift av gruppa, samt styrke styrearbeidet ved å frigje administrative oppgåver frå styreleiar. Endringa vil tre i kraft frå 2024 dersom medlemmene er samd i endringa.

### MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2023.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

Fondet har inneståande 48.560 kroner.

### LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2023.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

Fondet har inneståande 171.734 kroner.

### VALKOMITE

Etter førre årsmøte vart det ikkje valgt ny valkomite.

Stord, dato 1.mars 2024

Stord IL, turngruppa

Jon Eirik Kvalnes

Leiar

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



### Årsmelding 2023

#### Skigruppa, Stord II





# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

### Sportsleg aktivitet

#### Egne arrangement:

##### Kretssamling

I perioden 2013- 2019 har det vore arrangert kretssamling og terminfesta rulleskirenn for barn og ungdom på Stord. Etter to med avlysning grunna pandemi har samlingen blitt gjennomført i 2022 og 2023, i noko justert form.

I 2023 var det ca. 30 ungdommar i frå 6 forskjellige klubbar i Hordaland skikrets som deltok. Stord Ski hadde med 5 eigne deltakarar.

Samlingen hadde base i Nordbygd ungdomskule i frå laurdag formiddag til sundag ettermiddag. Det vart gjennomført tre treningsøkter, inkludert den tradisjonelle «Stordøkta» med rulleski frå Kyvik til Heio, og løp opp sherpatrappene.

Det vart servert 5 måltid og ungdommen var henta og bringa til båtar og ferje Føresette i skigruppa bidrog også med trenaroppgåver, transport og logistikk.

Skigruppa får gode tilbakemeldingar på samlinga frå både føresette og kretsen.

##### Tysdagstrimmen:

Hausten 2023 var det lagt opp til dei tradisjonelle ti løpa. Grunna snø og is vart det 10. og siste løpet diverre avlyst, slik at det til saman vart 9 løp denne hausten. Oppslutninga har vore noko varierande, der noko må skyldast til dels krevjande værforhold.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane Odd Stuve Rommetveit, Per Steinar Lunde, Vebjørn Lien og Audvald Kvamme.

Namn og tider er publisert på nettsidene til skigruppa.

##### Treningar:

Barne og ungdomsgruppa har hatt faste treningar sidan 1.juni.

Gruppa består av ungdom som er aktiv på mange frontar og det har vore utfordrande å finne eit tidspunkt som passar for alle.

Gruppa er stabil på 5-6 deltakarar.

Treninga har vært leia av Morten Føyen.

Live Føyen har leie nokre treningar.

Treninga er gjennomført på rulleski, barmark og på ski. Fokus er basisferdigheiter som uthaldenheit, styrke, spenst, balanse og koordinasjon

I tillegg til barne- og ungdomsgruppa sitt breddetilbod, har Stord Ski to aktive ungdommar som driv konkurranseidrett på ski. Desse er Simen Engevik (2002) og Live Austlid Føyen (2005).

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



### Skisprell:

12. desember arrangerte Skigruppa i samarbeid med Kretsen sin skiklubbutviklar arrangementet «Skisprell» i lysløypa.

«Skisprell» er eit konsept frå skiforbundet kor ein lagar til ein trase med innlagte element med føremål å aktivisere born og unge til egenstyrт skiaktivitet.

Me fekk laga ein runde på ca. 800m med innlagte element som hopp, slalom, 8-tall over og under.

Arrangementet samla ca. 50 deltagarar + føresette.

### **Deltaking på arrangement**

Medlemmer i frå skigruppa har deltatt i eit stort utval av arrangement.

Dette omfattar nasjonale renn, kretsløp, kretsmeisterskap, og forskjellige turrenn.

Me hadde deltaking på alle renn i Hordaland Skikrets sin Kretscup med gode resultat.

### Nasjonale renn:

Simen Engevik representerte Stord Ski i Norges Cup for senior  
Live Føyen representerte Stord Ski i Norges Cup for jr.

### **Drift og Anlegg**

#### Lysløypa og Heio:

Det vart gjennomført dugnad i lysløypa hausten 2023, med god oppslutnad.  
Elles er førefallande arbeid utført av fleire ved behov

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyring gjennom vintersesongen, særleg Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løpenettet i fjellet. Erling Tyse og Øystein Eide Eskeland har også delaktig i løypekøyring.

#### Prestagardsskogen:

Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Engevik Byggcenter har velvillig stilt med utstyr for kosting av rulleskiløypa.

### **Medlem og Økonomi**

#### Stordski.no:

Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

#### Facebook:



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

Sida er eit supplement til [www.stordski.no](http://www.stordski.no) og når eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

### Medlemmer:

Skigruppa har i 2023 fått treningsavgift innbetalt frå 43 medlemmer.

### Økonomi:

Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2023

### Gruppeleiing:

Etter val på årsmøte 6.3.2023

Styret:

Leiar:

Morten Lyngås Føyen	930 06 658	Valt i 2023 for 1 år
---------------------	------------	----------------------

### Styremedlemmer:

Øyvind Gaute Berg (sekr.)	402 49 915	Valt i 2022 for 2 år
Jarle Haugland	996 15 999	Valt i 2023 for 2 år
Erling Tyse (alpint)	992 72 214	Valt i 2022 for 2 år
Bernt Øyvind Vad	970 59 018	Valt i 2023 for 2 år
Magnar Larsen	403 28 489	Valt i 2022 for 2 år
Odd Stuve Rommetveit (kass)	901 63 598	Valt i 2022 for 2 år

### Varamedlem:

Kjell Inge Engevik	454 93 356	Valt i 2023 for 1 år
--------------------	------------	----------------------

### Trenar og sportsleg leiing:

Øyvind Gaute Berg og Morten Føyen

Styret takkar alle som har gjort ein innsats for skiidretten på Stord i 2023.

Stord 18.2.2024

Morten Lyngås Føyen Leiar	Odd Stuve Rommetveit Kasserar	Øyvind Gaute Berg Styremedlem/ Skrivar
Jarle Haugland Styremedlem	Erling Tyse Styremedlem	Bernt Øyvind Vad Styremedlem
Magnar Larsen Styremedlem	Kjell Ingen Engevik Varamedlem	



## Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa 2023

### Styret 2023

Leiar	Terje Almås
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Espen Nordfonn
Styremedlem	Stine Kjøs Horneland

**Styremøter:** Det vart halde 3 styremøter 2023



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---

### **Andre funksjonar:**

Kjoskstyrar:	Frank Einar Pedersen/Thomas Haraldsen
Stemneansvarlig:	Kjell Håvard Belsvik
Trenarar:	John Kvarme, Vegar Nylund og Terje Almås
Starteroppgåver:	Terje Stokken har hatt startaroppgåver på krets ,nasjonalt og internasjonalt nivå  Joar Kannelønning har vore startar på lokale stevner og har delteke på startarkurs

### **Økonomigruppa:**

Bjørn Dalen  
  
Henning Nordfonn  
  
Onar Westerheim

### **Takk til sponsorar:**

DNB Sparebanken Vest SR Bank Aker Solutions SKL  
Øvrige sponsorer på Skeisekalenderen

### **Medlemer:**

Skeisegruppa har 42 medlemer pr 31.12.2023

### **Akivitetar/arrangement :**

Årsmøtet vart avvikla 22.02.2023

Gruppa arrangerte 2 rekruttløp/klubbløp og eit treningsløp på Vikahaugane i 2023

### **Dugnad:**

Vakt handballfestivalen Rydding av lager på Vabakken for Fronta

### **Drift av kiosk:**

Publikum har hatt tilgang til banen og utleigeutstyr mot betaling med Vipps. Thomas Haraldsen har halde orden på pingvinar og utlånsskeiser

### **Drift av skeisebanen i sesongen 2023**

VIDRIVE med Henning Nordfonn og Terje Stokken har sørga for at skeisegruppa har hatt gode treningstilhøve og tilrettelagt for at 3500 elevar har kunna nyttja banen i skuletida

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Elitegruppa

John Granli, Erlend Belsvik og Dina Storelid bor fortsatt i Stavanger og trener med privatlaget Team Sørmarka. Laget trenes av den nederlandske treneren Wouter Olde Heuvel.

#### John Granli:

John har fortsatt sin satsning i Stavanger med Team Sørmarka. John har dette året satt personlig rekord på 5000 meter. Han ble nr 11 på 5000 og 1500 i NM enkeltdistanser i Bjørgn. John ble også nr 6 i NM Allround i Stavanger

Personlige rekorder:

500m	37,31	05. Desember 2021
1000m	1.11,70	04. Desember 2021
1500m	1.47,49	05. Desember 2021
3000m	3.42,33	04. Desember 2021
5000m	6.36,98	07. Oktober 2023
10000m	14.05,71	18. Desember 2022



#### Erlend Belsvik:

Fortsætter sin fine framgang i Stavanger og har satt personlig rekord på 1500 meter dette året. I tillegg er han med som trener for de yngste i Stavanger. Erlend ble nr. 5 på NM enkeltdistanser på 10.000 meter og nr 15 på 5000 meter. Erlend ble nr 11 sammenlagt i NM Allround på Hamar.

500m	38,89	01. Mars 2020
1000m	1.16,51	11. Januar 2020
1500m	1.55.49	01. februar 2023
3000m	3.56,41	19. Februar 2022
5000m	6.55,37	16. Januar 2022
10000m	14.25,79	18. Desember 2022



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### Dina Storelid

500m	44,57	07. Oktober 2023
1000m	1.24,74	04. November 2023
1500m	2.08,03	10. Februar 2023
3000m	4.22,98	11. Februar 2023
5000m	7.59,27	28. Oktober 2023



Dina har sett personlig rekordar alle distanser dette året. Ho ble nr 4 sammenlagt i NM allround for Junior. Dina ble også tatt ut til junior W-cup i Finland og to i Inzell. Hun deltok også på FISU World University Games i Lake Placid og junior VM enkeldistansar i Inzell. Her var 16. plass på 3000m beste plassering. Dina deltok også i W-cup for Neo-Senior i Baselga di Pine og Collalbo i Senior NM enkeldistanser i Bjugn blei ho nr 4 på 5000m, nr 5 på 3000m og nr 6 på 1500m

### Olav Nylund

Årsbeste: 500m	39.60
1000m	1.22.67



### Tomas Haraldsen

Årsbeste	500m	58.60
	1000m	1.59.78
	1500m	2.56.90
	3000m	6.07.28



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Junior Gruppa

Juniorgruppa har dette året trent gjennom heile sommaren. Dei har vore på haust is i Stavanger og gått løp på Stord, Bergen, Stavanger og på Hamar. Dei har i år auka treningsmengde til 4 ganger i veka, nokre har trena meir. Trenar har vore Vegard Nylund, John Kvarme og Terje Almås.

#### Magnus Sørheim Nylund

Magnus har hatt god framgang. Han har forbedra teknikk og uthald i løpet av sommar og haust noko som viser igjen på isen. Han har sett personlig rekord på 500, 1000, 1500 meter dette året

I vårsesongen gjekk han i G 12: KM allround på Slåtthaug nr 1

LM Båstad 500m: 49,54 (9) – 1500m: 2.32,44(5) – 1000m: 1.40,01,94 (7)

I haustsesongen blei han nr 2 i KM allround på Slåtthaug i klasse Junior C  
Persnlege rekordar pr 31.12:

500m 47.21 1000m 1.35.25 1500m 2.31.88 3000m 5.29.92



#### Atitat King Thongbandit

King har fortsatt sin gode framgang på isen. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året.

#### Personlige rekorder:

500m 47,87 18. Mars 2023

1000m 1.37,87 19. Mars 2023

1500m 2.30,69 18. Mars 2023

3000m 5.39,86 19. Mars 2023





# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### Rekruttgruppa og aldersgruppa 10-12 år

Det har vore ei særskilt gledeleg utvikling i rekrutteringa dei siste to-tre åra, med eit jamt tilslig av nye unge skeisarar. I 2023 har gruppa hatt ca. 20 aktive born på trening og i løp, i alderen 5 til 11 år. Med ei god og jamn fordeling mellom gutter og jenter. Hovudtrenar er John Kvarme, som på sedvanleg måte føl opp, og «ser» alle på treningar og i løp. Den innsatsen han legg ned i trenargjerninga for våre yngste er makelaus!

Rekruttane har hatt si faste treningstid tysdagar og torsdagar, og mange har også vore med på helgetreningane laurdag og sundag føremiddag. Det vert terpa på grunnleggande skeiseteknikk og enkle øvingar for balanse og rett skyve- og svingteknikk for dei yngste og ferskaste. Dei litt meir erfarte med grunnleggande ferdigheter meir på plass har hatt strukturerte økter og program. Dei har også hatt økter på rulleskeiser i barmarkstreningsa. Mest av alt dreier det seg om leik, skeiseglede, meistring og samhald. Gruppa er blitt godt samansveis, og har det kjekt saman på trening, og på tur til løp.

I 2023 har me fått prøvd oss, og bite godt i frå oss i konkurransar på ulike areaner. Helga 21.-22. januar var fem deltok fem av våre yngste løparar på Hamarlekene i Vikingskipet. Stort berre å få komme til og gå løp i sjølvlast «skipet» for dei unge. Når dei i tillegg gjekk gode løp og hevda seg i toppen av sine årsklassar vart det ei flott skeiseoppleveling.

Vidare arrangerte me kretsløp den 28. januar på Vikahaugen. Her deltok 18 unge løparar i alderen 7-13 år frå Bergen, Stavanger og Hardanger, der 12 av dei var Stord skeiser sine yngste løparar. Me hadde også tre av våre yngste med i Kremsmesisterskapen på Slåtthaug i byrjinga av februar, og 12 unge løparar til start i vårt eige klubbløp på Vikahaugen 28. februar.

Vårdelen av sesongen vart avslutta med at Rekordløpet i Sørmarka Arena Stavanger helga 16.-18. mars. Her deltok av våre 14 løparar i alderen 7-10 år. Høg trivselsfaktor gjennom ei helg fylt med gode skeiseopplevelinger, sosialt samvær og meistring.

Haustdelen av sesongen starta med det tradisjonsrike Flikkerudløpet i Sørmarka Arena Stavanger 11.-12. november 2023, der 10 unge Stord-skeiarar var med. Vårt eige tradisjonelle Romjulsløp hadde nær 30 deltakarar, der 10 av dei var våre yngste.

Oppsummert har det vore ein veldig fin sesong for gruppa, som altså veks jamt og trutt. Det lovar godt for rekrutteringa fram mot ny hall!

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA





# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### Veterangruppa år 2023

Treningsstilhøva på Vikahaugane har vore svært stabile og gode .

God rekruttering til Veterangruppa siste året. Fleire yngre er komne til . Svært gledeleg at fleire damer og er komne med i gruppa,I gruppa er det no i alt 8-10 veteranar. 6 av desse har delteke på følgjande løp:

Kretslosp :	3 deltagarar.
OC-løp i Stavanger	5 deltagarar
NM Hamar	4 deltagarar Her tok Kjell Håvard 5 gull,Onar 5 gull ,Harald 2 sølv og 2 bronse og Jan fekk ein 6. plass
VM- Sprint i Calgary:	1 deltagarar Onar Westerheim 1.plass i H75
VM- All round Quebec	1 deltagar Onar Westerheim 1.plass i H75

Klubben held følgjande noregsrekorder pr. 31.12. 2023

Onar	M65	5000m	8,02,09	Hamar
Onar	M65	10000m	16,34,60	Stavanger
Onar	M 70	1000m	1,30,36	Inzell
Harald	M70	5000m	8.33.23	Stavanger
Harald	M70	10000m	17.47.43	Stavanger
Onar	M75	3000m	5.07,88	Quebec

Årsbeste	500m	1000m	1500m	3000m	5000m	10000m
<b>M55</b> Kjell Håvard Belsvik	43,18	1,27,21	2,11,85	4,41,82	8,19,26	17,15,25
<b>M75</b> Onar Westerheim	48,44	1.35,12	2.29,30	5,07,88		
Harald Westerheim	52,53	1.44,22	2.37,17	5.30,72	9,18,25	19,55,71
Jan Henriksen	53,21	1.55,06	3,04,91	6,58,86		
Frank-Einar Pedersen	62,11	2,04,69	3,10,93	6.38,09		
<b>M40</b> Kristoffer Henriksen	54,16					



Kjekt at tidlegare skeisestjerner deltek på Veteran VM.  
Her Gaetan Boucher (M65).Han tok gull i OL 1984 på 1000m og 1500m samt bronse på 500m.  
At han deltok gjorde at det var 3-4000 tilskodarar på mesterskapet i Quebec

Veterangruppa vil retta ein stor takk til banemeister Henning Nordfond og andre i gruppa som legg til rette for gode treningsstilhøve og eit godt og triveleg miljø.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### KLUBBREKORDAR pr dags dato

#### KVINNER

300m (VH)	Anja Sporsheim	Stord	13. 02. 2016	28,99
500m	Anja Sporsheim	Calgary	18. 03. 2016	43,46
1000m	Dina Storelid	Stavanger	04. 11. 2023	1.24,74
1500m	Dina Storelid	Inzell	10. 02. 2023	2.08,03
3000m	Dina Storelid	Inzell	11. 02. 2023	4.22,98
5000m	Dina Storelid	Bjugn	29. 10. 2023	7.59,27

#### MENN

300m (VH)	Magne Notland	Stord	27. 12. 2014	25,59
500m	Magne Notland	Calgary	14. 03. 2015	36,60
1000m	Magne Notland	Calgary	16. 03. 2017	1.11,04
1500m	John Granli	Inzell	05. 12. 2021	1.47,49
3000m	John Granli	Inzell	04. 12. 2021	3.42,33
5000m	Kjell Storelid	Hamar	22. 01. 1999	6.30,05
10000m Kjell Storelid		Salt Lake	22. 02. 2002	13.27,5

### Banerekordar Vikahaugane

#### KVINNER

500m	Camilla Hallås Farestveit	29.01.2005	47,50
1000m	Camilla Hallås Farestveit	27.22.2023	1.36,87
1500m	Dina Storelid	28.12.2021	2.22,90
3000m	Dina Storelid	03.01.2021	5.00,49

#### MENN

500m	Magne Notland	12.12.2012	42,00
1000m	John Granli	30.01.2021	1.21,00
1500m	John Granli	05.12.2020	2,05.37
3000m	Magne Notland	28.12.2017	4.09.28
5000m	John Granli	28.11.2020	7.29,57
10000m	Erlend Belsvik	02.02.2019	16.17.67



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



## Årsmelding 2023 - Stord Volleyball



### Året 2023:

Året 2023 er første heile ”normalår” etter pandemien. Volleyballgruppa har gjennom året 2023 fått flere medlemmer. Ungdomslaga har hatt positiv utvikling gjennom året og i november 2023 starta me opp igjen jentelag i gruppa for jenter u15 og u17. Damelaget har også hatt stor auke i spelara.

Trenarbasen har igjennom året vært stabil.

Gutter u17 og damelaget har starta seriespel på haustsesongen, og herrelaget speler 2. divisjon.

### Treningsgruppene for 2023 har vært:

Minivolleyball

Gutter U17

Jenter U15 og U17 (starta nov 2023)

Damelag 4. divisjon

Herrelag 2.divisjon

Volley for alle

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



### Styret

Leiar: Rikke Frafjord Ørstavik - frå 01.06.2023: Ole Sæbø Sævareid

Nestleiar: Frederik Degrave

Økonomi: Elisabeth Nonås Fylkesnes

Styremedlem: Lene Gjøsæther

Styremedlem: Adrian Holm Nes (Frem til årsmøte 2023: Marie Aadland Djuve)

Styremedlem/ungdomsrepresentant: Oliver Hovland (gjekk ut ved haustsesong pga. militæreret)

Det har vært gjennomført 11 styremøter i 2023. Det var ein styremiddag for å ønske nye styremedlemmar velkomne og takke av tidlegare styremedlem med middag på Da noi.

Alle møta har vært fysiske, og me har brukt møterommet vårt som ligger i gamlehallen. Styret har etter beste evne prøvd å fordele arbeidsoppgåvene mellom styremedlemmene, slik at arbeidsbelastninga vert fordelt utover.

### Økonomi

SV har i 2023 hatt aukande medlemsmasse, men pga. bruk av Spond så er det ikkje alle medlemmer som er kommen over i klubbadmin. Spelara som speler turnering/kamp er registrert. Kontingent for haustsesongen vart sendt ut i desember, slik at nokre innbetalingar kjem på 2024. For open hall og nokre av seniorspelarane så manglar fortsatt registreing. Dette er i fokus på året 2024.

Det er søkt lite støtte/sponsing gjennom året 2023. Klubben har fått 20.000,- for å arrangere minivolleytrenarkurs i frå Sparebanken Vest. Det er søkt sponsorstøtte andre plassar utan å få midlar. Fokus på dei andre søkerne har vært sandvolleyballbane, det er ikkje så lett å få midlar til.

Sesongen 2023, og spesielt hausten 2023 har det vært fokus på at dame- og gutter u17 er starta med seriespel, og organisering rundt dette med både lisensar, reising, foreldremøter mm. Fokuset har derfor vært på gruppene og organisering rundt dette, og styret har ikkje hatt kapasitet til søkerne for klubben i 2023.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

### HobbyVolley

Hobbyvolley har vært arrangert både haust og vår 2023. Det var 33 påmeldte på våren og 37 påmeldte på hausten. Det er forsøkt med divisjonen Mix Elite uten nok påmeldingar. Klubben ynskjer å fortsette med tilbodet om Mix Elite, for å gi tilbod til aktive spelarar om å stilla lag på turneringa, og samtidig halde det meir rettferdig for laga som stiller i mix-klassane. Klubben kan og stille med eigne lag. På HobbyVolley vår og haust var det opne klassar frå start i mix, og det blei delt i A-sluttspel og B-sluttspel istadenfor kategoriane Mix1 og Mix2 på førehand.

HobbyVolley over to dager fungerer godt, og klubben ynskjer å fortsette med dette. På haustturneringa hadde gutter u17 kamp lørdagen, og herrelaget skulle ha kamp, men den blei utsatt. Det skapte litt utfordring med å ha nok til å stille på dugnad, så her er potensialet større.

### Gruppene:

#### Minivolley

Minivolleyball starta opp igjen i januar 2023 og hadde treninger fram til mai, og starta sesongen igjen på hausten.

Gjennom året var trenargruppa: Øyvind Storebø (vårsesongen), Frederik Degrave, Elisabeth Nonås Fylkesnes, Hans-Henrik Bay og Brage Ersland Pedersen. Gruppa har fokus på balleik og utvikling av volleyball-slag. Vårsesongen hadde klubben litt fleire deltagarar enn på hausten. Det vart gjort ein større delings-dugnad for å få inn fleire på hausten. Gruppa hadde mellom 6-10 deltagarar på våren og 4-8 på hausten.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



### Guttar U17

Trenar for guttar U17 er Kjartan Bay, og han gjer ein svært god jobb. Gruppa har hatt ei god utvikling, og har igjennom året fått ei stabil spelargruppe.

Haustsesongen har guttelaget vært med på seriehelgene i regi av kretsen. Dei har spelt gode og jamne kampar, og vunne fleire av kampane. Det har vært gjennomført foreldremøte og foreldrekontakt for gruppa er Lise Heimdal. Ila. haustsesongen har det vært mange nye spelarar, og gruppa har no mellom 10-14 medlemmer fast på trening.



### Jentelaget - Jenter U15 og U17

Jentelaget vart trent av Tuva Giving Iversen fram til rundt påske. Etter det var dei få spelarane som var igjen i gruppa med på dametrening og i starten på haustsesongen før ein fekk opp igjen tilbodet og fekk tak i trenar til gruppa.

Frå november starta laget med U15 og U17 med Arne Kaldestad som trenar og han gjer ein svært god jobb. Det har vært stor interesse for denne gruppa, og det har vært mellom 14-21 spelarar på trening.

### Dame senior

Damelaget har regelmessig hatt treningar mandager og torsdager gjennom heile sesongen. Håvard Andersland har vært trenar for damelaget heile året, og gjer ein svært god jobb.

Damelaget har denne hausten deltatt på seriehelger i regi av kretsen, samt opningsturneringa og VestCup. Seriehelgene har vært slått saman med U19-turneringa, pga. få påmeldte pr. turnering i 4.divisjon. Damelaget har igjennom heile året fått mange nye spelarar, og er ei gruppe på 10-16 medlemmer fast på trening. Damelaget leder 4.divisjon.





# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

---

### **Herrelaget:**

Denne sesongen har herrelaget igjen fått nokre nye spelarar, og kan vise til treningar der det har vore 15 stykk som har stilt. I snitt har det vore runt 10 deltagarar på treningane. Mesteparten av spelarane som er med denne sesongen er 6-7 meir erfarte spelarar, nokre ungdomspelarar og nokre nye spelarar. Det gode oppmøte på treningane denne sesongen, har gitt herrelaget moglegheit til å ha meir fokus på øvelsar med 6-mot-6 og treningskamper på treningane.

Før sesongstart blei det einigheit om å forsøke seg igjen i 2.divisjon. I årets sesong er det 8 lag som deltar i 2.divisjon. Per dags dato ligg Stord på 8.plass i serien. I september reiste herrelaget og damelaget til Stavanger for å delta på VestCup turneringa, dei betalte ein eigenandel og fekk litt støtte frå klubben.

### **VolleyForAlle ( Tidl. open trening)**

VolleyForAlle har ikkje vært så stabil igjennom året. Gruppa har hatt ei trening i veka, men pga. skifting av nøkkelpersoner så vart dei flytta til tirsdagar på hausten. Rundt HobbyVolley så er det alltid mange på treningane. Det har på hausten vært populært blant folkehøgskuleelevarane å gå på denne treninga. Dei fleste er med i Spond, men ikkje meldt seg inn videre.

### **Veterangruppa**

Veterangruppa har ikkje hatt treningar denne sesongen.

### **Sandvolleyballbanane**

Sandvolleybanen på Vikahaugane er mindre brukt no som me har fått laga til ein dobbel bane på Nordbygdo. I august hadde volleyballen ei lita økt der me luka, raka sand og generelt rydda opp på og rundt området. Det var viktig å få det gjort slik at handballen kunne nytta seg av banen til Handballfestivalen, og turneringane med sandhandball. Den doble banen på Nordbygdo er hyppigare brukt av ungdomane, då det er eit naturleg møtepunkt for dei unge.

Det har vært gjennomført nokre treningar på sandvolleyballbanen på Nordbygdo, men det er ingen i Stord Volleyball som har spelt aktivt Sandvolleyball denne sesongen.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.7 ÅRSMELDING SYMJEGRUPPA



### ÅRSMELDING STORD IL SYMJEGRUPPA

#### Innleiing

Stord IL Symjegruppa har i 2023 hatt god framgang. Me har stadig påfyll av nye medlemmer, samt at me ser fruktene av ei god organisering av treningane for våre born og unge.

Satsingsgruppa er veksande og reiser no på stevner jamt. Aspirantgruppa fyller på satsingsgruppa, samt at rekruttar rykker opp til aspirant, og me får påfyll hos rekruttane både frå Trygg i vann og frå «jungeltelegrafen». Per i dag tek me imot alle som vil byrja symjetrening hos oss.

Me har og eit lite samarbeid med Solid, fredagstreninga vert arrrangert av Stord IL Symjegruppa og trent av Solid. Dette har gjeve oss samhold på tvers av klubbane, og har og bidratt til aukande samhold under konkurransar. Me heier på kvarandre.

I 2023 har klubben hatt eit internstevne i Juni og eit Julestemne i desember der Solid og Bømlo Symjeklubb også var invitert. Desse to stevna gjekk svært bra og me sitt igjen med ein god følelse av framgang både på arrangementsida og på symjesida.

#### Medlemsoversikt

Med trenrarar, aktive foreldre og symjarar er me no 83 personar i aktivitet for våre om lag 70 aktive symjarar.

#### Trenarsituasjon

Stord IL Symjegruppa vil takka alle trenarane våre for god innsats i året som har gått.

Me får gode tilbakemeldingar frå utøvarar og føresette, og vil etter beste evne forsøke å fortsette dette gode arbeidet som blir utført. Trenarane har i løpet av kvart år livredningsprøve med god oppslutnad. Våre trenrarar får også tilbod om kurs, og både trenrarar og føresette får årleg tilbod om dommarkurs.

#### Aktiviteter og arrangement.

Stord IL Symjegruppa har gjennomført to internstemne i 2023. Her var det godt



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.7 ÅRSMELDING SYMJEGRUPPA

---

oppmøte både av utøvarar og av foreldre. Det var konkurranse for alle utøvarane, stafett og etterpå kafe og loddosal. Me har også hatt pizzakveld på Peppes, samt ei fellestreningsmed Solid og Bømlo symjeklubb med pizza og sosialt samvær etterpå.

### Stevner

Aspirant og satsing reiser no jamnleg til forskjellige stevner. Det har vore deltagarar på 9 stevner i 2023 frå Stord IL Symjegruppa, og me kan gleda oss over ivrige utøvarar med god framgang.

### Stord Swim Cup

Stord IL Symjegruppa si hovudinntektskjelde har vore symjestemne ein gong i året. Gruppa har per i dag ikkje organisasjon eller kunnskap til å arrangere eit slikt stort arrangement, men me arrangerer internstevner og uapproberte stevner.

### Trygg i vann og andre kurs

Trygg i vann- kursa er no i gong. Me starta opp hausten 2023, og no har me etablert eit godt system for gjennomføring. Dette er ei god inntektskjelde for klubben. Me har og halde kurs for mottaket på Stord med svært gode tilbakemeldingar. Livredningskursa våre er populære, her får me også førespurnader og set opp kurs etter kvart.

### Økonomi

Stord IL Symjegruppa har pengar på bok og god økonomi. Styret har fokus på å henta inn inntekter, og søker forskjellige fond om tilskot fortløpende. Stord IL Symjegruppa har vidare inntekter frå Trygg i vann-kursa, livbergingskurs og andre symjekurs samt egne stevner og loddosal. Symjegruppa sine største utgiftspostar i 2023 er leige for symjehall til Stord kommune med kr. 140.000,- (inkl. rehab-bassenget for Trygg i Vann kursa) samt lønskostnader ungdomstrenarar som er på om lag kr. 200.000,-.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



## Årsmøte 2024 – Stord IL Orientering



Stad: Idrettstova Vikahaugane

Tid: Tysdag 05. mars 2024 kl. 18:00

### Saksliste:

1. Godkjenning av medlemar med røysterett
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av ordstyrar
4. Val av referent
5. Val av to til å underskriva protokollen
6. Årsmelding
7. Rekneskap
8. Budsjett
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Innkomne forslag
11. Val
12. Avslutning



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



## Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

### 6. Årsmelding

#### Innleiing

Fra og med årsmøtet i mars 2023 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre:

Leiar	:	Irinja Almås
Kasserar	:	Nina Hagerup
Styremedlem ungdom	:	Nina Mæland Polden
Styremedlem kart	:	Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	:	Tove V. Agdestein
Varamedlem	:	Bjarthe Westerheim

Styret hadde 2 styremøte i 2023, i januar og august.

I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	:	Åge Hovden
Materialforvaltar	:	Kenneth Westerheim
Rankingførar	:	Ove Vedøy
Rekruttering:	:	Ingen
Turorientering	:	Storatraven: Henrik Ottesen, Edel Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven: Gerda Øen, Jan Ove Øen

#### Arrangement

##### Lokalløp:

Det blei arrangert 10 lokalløp, første løp 11.april og siste 05.09.2023. I tillegg hadde vi eit sprintløp på Nordbygdo i mars, to sprint på hausten (Ås og Heiane).

##### Delarrangementer

Dato	Navn	Arrangør
11.04.2023	1. rankingløp	Stord Orientering
18.04.2023	2. rankingløp	Fitjar IL, Stord Orientering
25.04.2023	3. rankingløp	Stord Orientering
02.05.2023	4. rankingløp	Onarheim IL, Stord Orientering
23.05.2023	5. rankingløp	Stord Orientering
06.06.2023	6. rankingløp	Halsnøy OL, Stord Orientering
13.06.2023	7. rankingløp	Stord Orientering
20.06.2023	8. rankingløp	Stord Orientering
29.08.2023	9. rankingløp - resultatføring	Stord Orientering, Sveio OL - Orientering
05.09.2023	10. rankingløp	Stord Orientering

##### Kretslosp:

Kristtornløpet gikk av stabelen søndag 16. april på parkeringsplassen ved Fjellstova. Totalt 154 deltakere som fikk testa løypene som Oddmund Roalkvam hadde laga, denne fine vårdagen. Det var Nina Mæland Polden og Nina

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



### Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

Hagerup hadde hovudansvaret for løpet, som alt i alt var veldig bra. Kiosken og betasuppa ved Malene og Gerda Øen fikk gode tilbakemeldinger. Det var 13 løpere fra Stord:

 Stord Orientering 13 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid	Diff	Km-tid	R
0	Bea Vinsnesbakk	N1-åpen (9)	1.08.17		42.40	
0	Ingeborg S Øen	N1-åpen (9)	23.10		14.28	
0	Gustav Vinsnesbakk	N1-åpen (9)		1.07.36	42.15	
1	Sigvald Robberstad	H 80- (4)		42.15	16.15	
2	Live S Øen	C-åpen 10-16 (3)	33.32	+0.46	15.58	
2	Ingolf Dybvik	H 80- (4)	52.17	+10.02	20.06	
3	Emily Almås	C-åpen 10-16 (3)	38.11	+5.25	18.10	
3	Kenneth Westerheim	H 19- (8)	1.09.22	+1.24	9.30	
6	Anne Løver	D 60- (6)	1.47.09	+27.18	24.55	
8	Bernt Vinsnesbakk	H 19- (8)	1.32.14	+24.16	12.38	
	Rune Skjærvold	C-åpen 17- (11)		diskvalifisert		
	Malene Øen	D 40- (4)		diskvalifisert		
	Harald Haugen	H 80- (4)		diskvalifisert		





# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



### Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering



Nybyrjarkurs: Planlagt teorikurs i kart og kompass i april utgikk.

Årsavslutning: Ein tradisjonell samling med premiering av o-løp og tur-o, samt pizza og quiz blei arrangert i idrettstova i november. Det blei òg trekt gåvekort.

Statistikk over lokale løp viser ein jamn nedgang i deltaking gjennom årene.

Løp.nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56

2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



### Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38
2018	31	39	32	28	31	26	41	20	22	40			31
2019	40	37	29	39	35	31	23	13	18	33			30
2020								27	24	20			
2021							25	25	16	34			
2022	19	26	24	18	33	7	27	18	35 (6)				23
<b>2023</b>	<b>20</b>	<b>64</b>	<b>21</b>	<b>23</b>	<b>23</b>	<b>15</b>	<b>22</b>	<b>16</b>	<b>37</b>	<b>17</b>			<b>26</b>

#### Sportslege resultater

Det var ein god gjeng frå Stord som reiste og deltok i KM langdistanse i Odda den 20.august:

#### Stord Orientering 9 startende deltagere

Plass	Navn	Klasse	Tid
1	Sigvald Robberstad	H 80- (2)	46.02
2	Madel Lillenes Helland	C-åpen 17- (2)	1.31.07
2	Ingolf Dybvik	H 80- (2)	57.40
2	Edel Slettemark	D 70- (2)	55.55
2	Kenneth Westerhem	H 19- (8)	1.10.37
2	Tove Vikanes Agdestein	D 50- (8)	1.04.39
3	Henrik Ottesen	H 50- (8)	55.51
5	Vegard Agdestein	B-åpen 17- (9)	57.16
	Torbjørn Agdestein	B-åpen 17- (9)	diskvalifisert

+ Irinja Almås, plass 4. i D40

#### Turorientering

2023 var 52. gongen det vart arrangert turorientering på Stord. Det er framleis svært god deltaking sjølv om det har vore ein liten nedgong dei siste to åra etter stor auke i Korona åra. Det vart seld 777 tur-o konvoluttar totalt for begge «travane», Storatraven 370 stk og Litlatraven 407 stk.

Det var i år 5 kart for Storatraven, desse var Grov, Almåsskogen, Gullbergskogen, Vad og Landåsen. For Litlatraven var det Føyne, Petarteigen og Ållandsskogen. Mange syntes det var kjekt med postane på Føyne.

517 personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2023. Totalt 122 personar tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 159 personar i Litlatraven (30 postar). Det var 96 personar som tok alle 90 postane.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA




### Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

Det var bra deltaking på merkeutdelinga spesielt blant dei som fekk gullmedalje i Litlatraven. Det vart delt ut gavekort etter trekning på premieutdelinga, vinnarane er lista opp i tabellen under.

Premie	Namn	Namn	Namn	Namn	Namn
Storatraven (ST) alle postar 3 a' 500 kr	Jostein Dahl	Gunhild Cecilie Enes	Marianne Lillejord Grov		
Litlatraven (LT) alle postar 5 a' 300 kr	Nikolai Grundvold	Dag Myhre	Tore Nævdal	Vilde Solberg Sætre	Jon Tvedte
Alle mnd post 1 a' 1000 kr	Randi Huglen				
Alle postar LT+ST, 1 a' 1000 kr	Gunn Kjersti Røgenes				
Deltakarpremier, 5 a' 300 kr	Wenke Åse	Anders Ekse	Inger Marit Larsen	Ingeborg Elise Storebø	Maja Rydland Laukhamar

Storatraven vart arrangert for 52. gong og Litlatraven for 11. gong.

Statistikk tur orientering	år												
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Selde tur o posar													
Storatraven (1972)	213	277	278	278	244	297	306	257	287	497	513	454	370
Litlatraven (2013)			150	185	175	210	253	200	245	466	502	422	407
Totalt begge	213	277	438	463	419	507	559	457	532	963	1015	876	777
Personar delteke :													
Tur-o nett brukar	114	122	188	148	167	218	236	202	234	624	736	516	517
Alle postar Storatraven	36	52	67	52	53	73	77	77	77	162	232	84	122
Alle postar Litlatraven			42	44	55	60	64	65	121	329	286	180	159



#### Stolpejakten

Det var for 3.gong orienteringsgruppa arrangerte Stolpejakten. Stolpejakten er tenkt som eit lågterskeltilbod for alle, uavhengig av kartkunnskap, og stolpene er hovusakeleg lett tilgjengelege. Områda var Heiane-Valvatne-Hatland og Hystadmarkjo, 15 stoplar kvart område i perioden juni-oktober. Det var 118 stk som registrerte alle 30 stolpane, og 501 personar som hadde mist 5 stolpar. Mange av deltakarane var også frå andre deler av landet.

#### Ungdom og rekruit

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



### Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

Stord orientering hadde innføring i orientering for Trott allidrett og for Solid allidrett på hausten. Det vart ikkje arrangert nybyrjatreningar.

#### Kart

Alle kart er oppdatert men enkelte nye hogstfelt er ikkje med. Kartarbeid er utført av Åge Hovden.

#### Økonomi

Økonomien i gruppa er god. Rekneskapet viser at gruppa hadde eit resultat 62 016,-.

Styret

#### 7. Rekneskap

Konto	Kontonavn	Budsjett 2023	Rekneskap 2023
<b>SALGSINNTEKTER</b>			
3110	Salg materiell avg.fritt		
3120	Sponsorer		
3130	Annonseinntekter		
3140	Dugnader		
3441	Andre tilskudd	-5000	-3000
<b>SUM SALGSINNTEKTER</b>		<b>-5000</b>	<b>-3000</b>
<b>ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>			
3442	Støtte LA-midler	-4000	-1032
3443	Grasrotandel	-15000	-14826
3444	MVA refusjon	-15000	-15767
3920	Årskontingenter	-15000	-15048
3971	Kiosksalg	-1500	-7423
3981	Lokale stevner og arr.	-15000	-14010
3983	Kretslop og mesterskap		
3985	Turorientering	-100000	-90008
3986	Stolpejakten	-15000	-10000
3990	Egenandeler		
3995	Tilskot frå stat/kommune	-25000	
3999	Diverse inntekter		-6060
2010	Overføring frå kartfondet		
2050	Overføring frå fri egenkapital		
<b>SUM ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>-205500</b>	<b>-174174</b>
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>-210500</b>	<b>-177174</b>
<b>STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER</b>			
4200	Innkjøp av klær		
4670	Utgifter egne løp (premier/løpsavgift)	5000	16096
4671	Kjøp av kioskvarer	1500	2705



**SIL ÅRSRAPPORT 2023**  
**SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA**



**Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering**

4672	Utgifter turorientering	50000	50794
4682	Utgifter kretsløp (startkont.)	15000	14435
4683	Utgifter KM/DM (startkont.)		
4684	Nasjonale løp og mesterskap		
4686	Stolpejakten	30000	25000
4688	Rekruttering		
4690	Trening og instruksjon		
<b>SUM STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER</b>		<b>101500</b>	<b>109030</b>

**ANDRE DRIFTSKOSTNADER**

6300	Leie lokaler	0	
6540	Materiell og utstyr	40000	25692
6555	Kart	10000	
6700	Revisjons- og regnskapshonorar	10000	2000
6705	Regnskapshonorarer		8809
6800	Kontorrekvisita	0	183
6820	Trykksaker (o-info)		
6840	Aviser og tidsskrifter	3000	549
6860	Medlemsmøter	5000	6221
6900	Telefon og porto	3000	2285
6940	Porto		
7040	Forsikring	2500	2575
7090	Andre kostnader	10000	12057
7140	Reisekostnader		
7320	Annonser	7000	2548
7410	Kontingent og gaver, ikke fradrag	500	500
7420	Gaver / blomster	5000	
7453	Kontingent/tilskudd særkrets		
7460	Kontingent andre		
7500	Forsikningspremie		
7700	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter		
7770	Bank og kortgebyr	500	229
7771	Gebyr Vipps		
7790	Annen kostnad		140
<b>SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>96500</b>	<b>63788</b>

<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>198000</b>	<b>172818</b>
----------------------------	--	---------------	---------------

<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>-12500</b>	<b>-4356,00</b>
8040	Renteinntekter	-25000	
8051	Renter av bankinnskudd	-5000	-52310
8159	Andre rentekostnader (Vipps)		
8070	Annен finansinntekt		-5350
8170	Renteutgifter/gebyr		

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



### Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

<b>SUM FINANS INNT./UTG.</b>		<b>-30000</b>	<b>-57660</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>-42500</b>	<b>-62016</b>

#### 8. Budsjett

Konto	Kontonavn	Budsjett 2023	Rekneskap 2023	Budsjett 2024
<b>SALGSINNTEKTER</b>				
3110	Salg materiell avg.fritt			
3120	Sponsorer			-20000
3130	Annonseinntekter			
3140	Dugnader			
3441	Andre tilskudd		-3000	-3000
<b>SUM SALGSINNTEKTER</b>			<b>-3000</b>	<b>-23000</b>
<b>ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>				
3442	Støtte LA-midler		-1032	-2000
3443	Grasrotandel		-14826	-15000
3444	MVA refusjon		-15767	-16000
3920	Årskontingenter		-15048	-15000
3971	Kiosksalg		-7423	-5000
3981	Lokale stevner og arr.		-14010	-15000
3983	Kretsløp og mesterskap			
3985	Turorientering		-90008	-90000
3986	Stolpejakten		-10000	-10000
3990	Egenandeler			
3995	Tilskot frå stat/kommune			
3999	Diverse inntekter		-6060	-3000
2010	Overføring frå kartfondet			
2050	Overføring frå fri egenkapital			
<b>SUM ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>			<b>-174174</b>	<b>-171000</b>
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>			<b>-177174</b>	<b>-194000</b>
<b>STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER</b>				
4200	Innkjøp av klær			
4670	Utgifter egne løp (premier/løpsavgift)		16096	15000
4671	Kjøp av kioskvarer		2705	3000
4672	Utgifter turorientering		50794	50000
4682	Utgifter kretsløp (startkont.)		14435	15000
4683	Utgifter KM/DM (startkont.)			
4684	Nasjonale løp og mesterskap			
4686	Stolpejakten		25000	25000
4688	Rekruttering			
4690	Trening og instruksjon			



**SIL ÅRSRAPPORT 2023**  
**SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA**



**Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering**

<b>SUM STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER</b>			<b>109030</b>	<b>108000</b>
<b>ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>				
6300	Leie lokaler			4000
6540	Materiell og utstyr		25692	35000
6555	Kart			10000
6700	Revisjons- og regnskapshonorar		2000	2000
6705	Regnskapshonorarer		8809	9000
6800	Kontorrekvisita		183	500
6820	Trykksaker (o-info)			
6840	Aviser og tidsskrifter		549	700
6860	Medlemsmøter		6221	
6900	Telefon og porto		2285	3000
6940	Porto			
7040	Forsikring		2575	2600
7090	Andre kostnader		12057	12000
7140	Reisekostnader			
7320	Annonser		2548	3000
7410	Kontingent og gaver, ikke fradrag		500	500
7420	Gaver / blomster			1500
7453	Kontingent/tilskudd særkrets			
7460	Kontingent andre			
7500	Forsikringspremie			
7700	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter			5000
7770	Bank og kortgebyr		229	500
7771	Gebyr Vipps			
7790	Annen kostnad		140	
<b>SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>			<b>63788</b>	<b>89300</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>			<b>172818</b>	<b>197300</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>			<b>-4356,00</b>	<b>-6700</b>
8040	Renteinntekter			
8051	Renter av bankinnskudd		-52310	-52000
8159	Andre rentekostnader (Vipps)			
8070	Annен finansinntekt		-5350	-5000
8170	Renteutgifter/gebyr			
<b>SUM FINANS INNT./UTG.</b>			<b>-57660</b>	<b>-57000</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>			<b>-62016</b>	<b>-53700</b>

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



## Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

### 9. Medlemskontingent

Medlemskontingent Stord IL (lik for alle gruppene):

0-5 år kr 100

6-15 år kr 300

16- kr 350

Gruppekontingent:

- |  |         |
|--|---------|
| • Medlemmer opp til 17 år/studentar/skuleungdom                | kr. 100 |
| • Andre over 17 år   | kr. 300 |
| • Familiar (born under 20 år, t.d. 2 voksne og 2 barn 4x175kr) | kr. 600 |

Orienteringsgruppe har ikke treningskontingent eller liknande.

### 10. Innkomne forslag

Ingen

### 11. Val

Innstilling til nytt styre:

Leiar	:	Irinja Almås (ikkje til val)
Nestleiar	:	Tove Agdestein
Kasserar	:	Nina Hagerup (ikkje til val)
Styremedlem	:	Tove Vikanes Agdestein (ikkje til val)
Styremedem	:	Sigrid Matre (ny)
Styremedlem	:	Jan Ove Øen (ny)

Andre tillitspersonar :

Materialforvaltar : Kenneth Westerheim (kart/arr.utstyr)

Kartråd : Åge Hovden

Turorientering : Henrik Ottesen, Edel Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes, Gerda Øen og Jan Ove Øen

### 12. Avslutning



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.2 ÅRSMELDING IDRETTSMERKEUTVALGET

---



### ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2023

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor merkedeltakarane har kunne avlagt prøvane.

22 har tatt Idrettsmerke i år. Ned 6 fra ifjor. Me håpar det vil ta seg opp. **Elles så vil vi fremdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Mange ulike øvelser. Så med går for fleire til våren.**

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Vestland Idrettskrins i Bergen.

Desse har vore i utvalet i 2023: Gisle Tjong, Per Lunde, Frank Pedersen, Unni Gudmundsen og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka **Sport1** for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk og kjekk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med. Humøret er på topp. Håpar å sjå deg på stadion i mai eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks

Leiar Idrettsmerkegruppa

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.2 ÅRSMELDING IDRETTSMERKEUTVALGET



Etternavn/fornavn	Født år	Lag/skole/annet	Antall ganger	Merke/ utmerkelse
ALMÅS, ASLAUG GROV	1972	Stord IL	31	
ALMÅS, MALENE GROV	1997	Stord IL	10	
CRUICKSHANKS, MARIT SÆTRE	1951	Stord IL	13	
KVARME, JOHN	1956	Stord IL	9	Gull
LUND, GURO	1976	Stord IL	16	
LUNDE, KRISTIAN	1936	Stord IL	65	
LUNDE, INGA HELLAND	1956	Stord IL	6	
MÆLAND, ANNE BERIT	1955		?	Har ikke antall på ho.
NILSEN, ANDERS GROV	1974	Stord IL	31	
NORDHUS, STEINAR	1948	Stord IL	37	
OTTESEN, HENRIK	1973	Stord IL	12	
OTTESEN, INGVILD HIBERG	2002	Stord IL	3	
PEDERSEN, FRANK E.	1946	Stord IL	23	
ROALKVAM, KÅRE	1931	Stord IL	62	
SAUE, HANS ERIK	1959	Stord IL	15	Idrettsmerkestatuett
SAKSEID, MAGNE	1950	Stord IL	46	
TVERDERØY, HARRIET	1947	Stord IL	46	
VESTBØSTAD, HÅKON	1961	Stord IL	46	
ØEN, GERDA MALENE	1952	Stord IL	37	
ØEN, JAN OVE	1949	Stord IL	45	
AASHEIM, MARIE	1946	Stord IL	51	
ÅSE, WENKE	1965	Stord IL	8	



# Årsmelding allianse- idrettslag



Idrettsglede hele livet

SIL ÅRSRAPPORT 2023  
SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---



**STORD FOTBALL**  
**1918 - 2023**

**ÅRSMELDING 2023**



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

## ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2023

### INNLEIING

2023 vart eit «normalt» aktivt fotball år slik me kjenner fotballen før pandemien, full rulle gjennom heile sesongen. Mange sportslege opp- og nedturar er relatert til lyden av dommarar som bles i fløyten på Vikahaugen, Langeland og Ås.

2023 har vore eit aktivt år for klubben. Me byrja året med strategi-samling på Stord hotell der alle som ville var velkommen for å drøfta mål og meininger med framtida for Stord fotball. Me hadde spesielt fokus på verdiarbeid som resulterte i at orda **Meistring, Glede** og **Samhald** no skal stå på alle draktane til laga våre.

I regi av klubben har Puttefestivalen, seriedagar for dei minste, dags-og helge cupår, SFO, akademi, tiltak ved skulefri for dei minste, helgesamlingar, seminar og Romjulscup nemnast. Nytt av året har vore prosjektet «**Open møteplass**» der Sparebanken Vest igjen var gåvmilde og gav oss moglegheita til å tilby ein møteplass for ungdom mellom 13 og 16 år kvar tysdag i Nye fotballstova, som fotballen har regièn for. Her kan alle som har lyst komme og «henga», og ein treng ikkje vera medlem av noko idrettslag. Det er kjøpt inn brettspel, ping pong, Playstation, kortspel, og vafler eller bollar lagar me ilag om det er ynskjeleg.

Det var knytta spenning til om me fekk eit stort fråfall i idretten vår slik som det vart rapportert om både lokalt og i media innan andre idrettsgreiner. Me har diverre ikkje kunna starta opp med alle tilboda me hadde før pandemien grunna for låg påmelding, dette vert det jobba aktivt med. Her vert det gjort mykje godt arbeid, men det er ikkje enkelt.

**AlleMe** er eit godt felles prosjekt me har saman med Solid og Trott, det har som mål å rekruttere nye og gamle fotballinteresserte unge, samstundes som me vert kjend med andre spelarar og leiarar fra naboklubbane. Eit imponerande samarbeidsprosjekt som har gode sponsorar i ryggen, og Trond Mohn som ein garantist for midlar som er naudsynte. **AlleMe** vart ein kjempesuksess også i år og vil bli vidareført i 2024.

I år vart også Stord, Trott og Solid einige om eit 3 årig samarbeidsprosjekt med oppfølging av kretsen for å kunne møte fråfallet og -23 var første prøveåret. Prosjektet skal brukast til å samkøyra klubbane med gjennomgang av klubbhandboka til alle klubbane punkt for punkt og identifisera eventuelle utfordringar det må jobbast vidare med. Dette arbeidet er godt i gong og ein erfarte tidleg at klubbane er like på mange områder.

Kvalitetsklubben er eit anna rammeverk som det vert jobba godt med. Det meste er på plass strukturelt og me jobbar med å fylla postane i klubben med gode folk som vil vera med å utvikla klubben i positiv retning. Neste år vert jobben å kvalitetssikra at Kvalitetsklubb stempelet vert oppretthalde gjennom resertifisering.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Stord Fotball har vore drive godt over lang tid, og me er stolte av å igjen levere eit økonomisk resultat som er betre enn budsjettet, sjølv om me i 2023 budsjetterte med eit lite underskot. Sponsorane våre er lojale, og det gir oss ein kontinuitet og eit rammeverk som trengst for å ta nye steg både i kvalitet og resultat. Det er også gledeleg å sjå at fleire av prosjekta våre har kunna vidareførast, sjølv om me skulle ynskje å kunna tilby fleire.

Til slutt vil styret takke alle i administrasjonen, alle frivillige, dommarane og alle spelarane for ein utruleg positivitet og innsats i ei vanskeleg tid. Styret har tru på idrettsglede, meistringsfølelse og gode resultat for både dei små, ungdommane og vaksne. Ekstra gledeleg å sjå at me klarer å knytta til oss yngre generasjonar som kan vera med å驱va klubben vidare. Me ynskje tanter, onklar, besteforeldre, naboar, tidlegare medlemmer og dei som måtte ha tid og anledning velkommen til å delta i klubben vår. Me har alltid plass til fleire.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### ØKONOMI

#### Rekneskap 2023 og budsjett 2024

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12.2023 syner eit driftsresultat med eit underskot på kr 52.267,-. Ordinært resultat inklusiv finanspostar visar eit underskot på kr 172.584,-. Eigenkapitalen vart redusert frå kr 3.108.317,- pr. 31.12.2022 til kr 2.935.733,- pr. 31.12.2023.

Budsjett for 2023 var negativt med eit resultat på kr -295.000 og med ei inntekt på ca. 8,5 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2023 på ca. kr 9.266.000,-.

Samla drifts-, vare- og kapitalkostnader var i 2023 ca. kr 9.318.300. Resultat for 2023 viser dermed eit resultat som er ca. kr 122.000 betre enn budsjett. Dette takka vera noko betre salsinntekter, og kostnadsbesparelsar.

Samla langsiktig gjeld pr. 31.12.2023 er kr 2.716.286,-, der kr 1.276.286,- er lån i Sparebanken Vest, og kr 1.440.000 lån hjå Stord kommune. Totalt er dette ein reduksjon i langsiktig gjeld på kr 316.512 frå kr 3.032.798,- pr. 31.12.2023.

Låna som vart refinansiert i 2018 gjeld nesten i si heilheit finansiering av garderobebeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubbhus på Vikahaugane.

Avskrivingar og renter knytt til garderobebygga, klubbhus og bil utgjorde ca. kr 257.100,- i 2023.

Styret viser til revidert rekneskap med noter.

Rekneskapet er i 2023 ført av ECIT Stord AS.

KPMG har revidert rekneskapet for Stord Fotball i 2023.

Styret legg fram eit budsjett for 2024 til årsmøte som viser et underskot på kr -100.000,- og ei inntekt på ca. kr 8,6 mill.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### ORGANISASJON OG TILSETTE

Stord Fotball har i 2023 hatt det fjortande året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9.desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige særidrettslag i allianse med Stord IL.

Samla har det vore ca. 53 lag i Stord Fotball i 2023, medrekna min 18 trear-lag. Dette er om lag like mange lag som i 2022.

Det var registrert ca. 530 medlemmer i 2023. I tillegg kjem trenrarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 140 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2023. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman.

Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenrarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne, ungdomsgruppa og a-laget.

Åge Aadland hadde i 2023 ein 25% stilling. Åge si hovudoppgåve har vore rekneskap.

Stord Fotball har og i 2023 fått god hjelp av Sverre Skjold og Emil Lone, som har bidratt til å få prosjekta til å gå rundt. I tillegg har mangen ungdommar jobba på fotballskular, sommarklubb osv.

I 2023 har det vore litt meir sjukemeldingar og anna fråvær enn det me skulle ønska. Ein del av dette er knytta til sjuke barn, men det har og vore litt sjukemeldingar p.g.a planlagt operasjon og ein litt lengre periode, for dagleg leiar, p.g.a prolaps i nakken.

Det er totalt 6,1 årsverk i organisasjonen, dette inkluderar stillingane nemnd ovanfor, samt innleigd arbeidskraft til diverse prosjekt, spelarar/trenrarar med kontrakt, reingjering osv.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### VISJON OG MÅLSETJING

Stord Fotball sin visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball vil med denne visjonen visa at me vil legga alt til rette for at kvar og ein som vil spela fotball hjå oss skal få eit tilbod der dei føler at dei meistrar aktiviteten. Det viktige for oss er at dei har det kjekt på trening og i kamp og i tillegg lærer og utviklar seg. Klubben skal sikra at dei opplever eit trygt miljø og at alle er inkludert i fotballfamilien vår. Me vil også legga til rette med tilbod til dei som ynskjer å trena meir.

Trivsel og meistring er viktig i kvardagen til barn og unge så det er fokus i klubben på å gi desse eit variert og utviklande tilbod på fotballbanen, og i tillegg ha fokus på det sosiale samhaldet i laga dei høyrer til. God helse og fysisk aktivitet er berekrafta i ein sunn konkurranse med jamaldrande.

I januar 2023 etablerte Stord Fotball nye klubbverdiar. Etter ei samling med trenarar, lagleiarar, styret, administrasjon og andre frivillige roller vart dei nye verdiar til Stord Fotball - meistring, samhald og glede. Meistring er viktig for å sikre at spelarar og støtteapparat jobbar med å forbetre seg sjølv og laget, både individuelt, som ei gruppe og som klubb. Samhald skal sikra at laget fungerer som ein heilskap, både på og utanfor banen, for å sikre at alle skal føla seg velkomne og at ein kjenner på tryggleik i Stord Fotball. Glede er viktig for å sikra at spelarane våre nyt prosessen med å spela fotball, for å halda motivasjonen høg, for å sjå fram til å møta opp og å sjå tilbake på ei kjekk tid i fotballen.

Som Kvalitetsklubb jobbar Stord Fotball med fokus på at det er «Klubben som er sjef», dvs at det er organisasjonen og reglar/rammer i klubben som skal styra aktiviteten. Sportsleg utval i klubben har gjennom året 2023 hatt god kontakt med laga i klubben og har ansvar for at sportsplanen vert kjent i klubben og at alle laga følgjer retningslinjene som ligg der. Rekrutterings- & opplæringsansvarleg i klubben har organisert oppstart av nye lag og gjennom sesongen organisert kurs for trenarane våre slik at me følger krava me har som kvalitetsklubb. Dommaransvarleg har gjennomført sine samlinger og rekruttering av dommarar i sesongen 2023. Fokuset vårt på opplæring av både trenarar, dommarar og andre frivillige i klubben gir oss eit apparat som gir medlemmene våre eit enda betre tilbod, noko me syns er viktig.

I 2023 inngjekk med eit 3-årig samarbeid med naboklubbane våre Solid og Trott, dette for å sikre eit godt fotballtilbod for unge fotballspelarar på Stord. Fråfallet etter pandemien har vist seg i fotballen og, så dette var eit viktig steg å ta for å halde aktiviteten oppe. ALLE ME prosjektet som me starta i lag for 2 år sidan er og viktig for å rekruttera og ta grep for å hindra meir fråfall. I 2023 hadde me gode aktivitetar i ALLE ME prosjektet, med mange ungar og mange frivillige bidragsytarar.

Stord Fotball har i 2023 hatt ulike prosjekt som har gitt eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2023 følgt vår nedfelte strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### KLUBBUTVIKLING

Styret i Stord Fotball vil framleis ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Det økonomiske resultatet for 2023 er tilfredsstilande, og er eit godt grunnlag å byggje vidare på. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Speakerbua» med fotballstova som møteplass, samt klubbhuset også kalla «Nye fotballstova» som var klar for innflytting våren 2018.

Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjering om kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå.

Kvalitetsklubb prosjektet som har fokus på at det er Klubben som er SJEF har pågått over fleire år, der me i etappar har fått på plass dokumentasjon og gjennomført aktivitetar ihht. Fotballkretsen sine 22 kriterier, som ligg som krav til kvalitetsklubb sertifiseringa. Sportsplanen er eit av dei viktigaste dokumenta, og er grunnlaget for korleis den sportslege aktiviteten i laget skal drivast. Denne planen har vore revidert i dei sportslege utvala våre og den viktige delen er å få organisasjonen til å ta eigarskap til denne. Framover er det Sportsleg utval som har ansvar for å påsjå at denne vert etterfulgt og følge opp at nye trenarar/lagleiarar får kjennskap og eigarskap til denne. Eit anna viktig kriterie er trenarutdanning og krava som skal vera oppfylte der. I haust/vinter har ein jobba iherdig for å få trenarane våre på kurs. Kjersti Klingsheim har også i 2023 hatt ansvaret som utdanningsansvarleg, og har gjort ein svært god jobb med å følge opp at trenarane er blitt kursa, enten på kurs i egen regi eller frå kretsen si side. Gjennom kvalitetsklubb prosjektet har me fått på plass klare rollebeskrivelser for alle dei viktige rollene i organisasjonen vår. Noko me meiner vil gjera det enklare å rekruttera frivillige inn i Stord Fotball. Stord Fotball vart i 2020 klar for sertifisering som Kvalitetsklubb på nivå 1. Sermonien er utsatt p.g.a Covid-19.

Stord, Solid og Trott har i 2023 inngått ein sammarbeids avtale over tre år, som gjelder Ungdomslaga over 12 år. Intensjonen her er å kunna gi alle eit tillbod uansett kva klubb ein hører til. Det me ser etter Covid, så har antall medlemmar vorte redusert i alle klubbane, som igjen gir utfordringar i å ha nok spelarar til eit lag i kvar klubb.

Stord, Solid og Trott ynskjer å inngå eit sportsleg og organisatorisk samarbeid for lag der det totale antall spelarar, eller samansetning av spelarar, gir oss utfordringar med å skape eit godt trenings-, og kamptilbod.

I dei tilfella der klubbane lagar samarbeidslag er formålet å skape ein betre trenings- og kampkvardag for alle spelarane. Det vil sei at formålet skal vera å lage eit tilbod som er betre tilpassa den enkelte spelaren sitt ambisjonsnivå, og samstundes skape gode sosiale miljø for å hindra fråfall. Formålet skal ikkje vera å «toppe» eit lag.

Der det er mogleg ynskjer klubbane å ta vare på laga og spelarane i egen klubb. Grunnane til dette; er at me ynskjer å ta vare på kubbidentitet og engasjement så langt det er mogleg. Me trur dette er viktig, både for å hindre fråfall, men òg fordi me trur det er god spelarutvikling i jamnhet og konkurranse i lokalfotballen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

Uavhengig av evt. samarbeidslag skal klubbane forplikta seg til et sportsleg-, og organisatorisk samarbeid. Klubbane skal samarbeida om til dømes trener- og lagleiarsamlingar, ulike temasamlingar, samlingar og regler for Fair-Play, og ulike trener- og dommerutvikling/utdanning.

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvene og tiltaka, kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste.

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ynskjer eit ope og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2023, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane framover.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### SPELARUTVIKLINGSTILTAK 2023

Stord Fotball har i 2023 hatt fleire spelarutviklingstiltak som unge spelarar i Sunnhordland har kunna nytta seg av.

**Telenor Xtra** – ei fritidsordning med hovudvekt av fotball. Dette er eit sportsleg og aktivt alternativet til den ordinære skule fritidsordninga. Jamt rundt 20 deltagarar i 2023. Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik har vore hovedtrenarar. Lite rekruttering, grunna gratis kjernetid på SFO i skulen. Ser på alternativ løysing for 2024-sesongen

#### **Subshore Akademiet**

Øktene vert leia av Jon Andre Røyrane, Andreas Brakedal Eide og Robin Øvrevik

#### **Subshore Akademiet - Jenteløftet**

På vårsesongen hadde me tilbod til jenter i 4 og 5. klasse. Om lag 16 jenter nytta seg av tilboden som hadde 1 ekstra trening i veka. Tilboden vart ikkje starta opp att på hausten grunna laber interesse frå nye kull.

#### **Subshore Akademiet – 4.-7.klasse**

Ved utgongen av 2023 var det påmeldt 55. Desse kjem frå ulike klubbar: Stord, Trott, Solid og Rosendal. Spelarane trenar 2 økter i veka.

#### **Fotballskule på Moster – 4.-7.klasse**

På vår- og haustsesongen 2023 var Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane på moster 1 gong i veka og gjennomførte fotballtreninger etter skuleslutt for om lag 24 deltagarar.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### ANLEGG

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i eigne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderobeanlegg og klubbhus vart gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, eigenkapital og spelemidlar. Bygga har allereie vist seg å vera ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane var satt litt «på vent». I 2016 vart samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Klubbhuset Vikahaugane var fullført våren 2018, og er no ein viktig møteplass for alle medlemmane i Stord Fotball. Styret vonar at klubbhuset og miljøet som vert skapt gjennom ein trygg sosial møteplass vil skape identitet og motivasjon for å drive med idrett.

Ein har òg, i 2020, utvida kjøkkenet i klubbhuset, den har fått opp veggar med vindauge i, slik at ein får ei kiosk-løysning, samt fått inn steamer. Her har Sparebanken Vest gitt midlar som har kome godt med.

Stord Fotball har søkt Stord kommune om lån og finansieringsmedverknad for garderobe – og klubbhusanlegga. Totalt er det utbeta 3,0 mill. kr. i spelemidlar for garderobar og klubbhuset; 1,0 mill. kr. for kvart anlegg.

I 2021 vart heile 1.etg. i Speakerbuo pussa opp. Stord Kommune har betalt alt, medan Jonathan Zaneski har utført jobben på dugnad.

Det er òg kome opp nye kiosk-fasilitetar som vendar ut mot kunstgrasbanen (2022), ved inngong til gamle delen av bygget. Denne er sponsa av Stord Bil & Dekksenter, og vert kalla for AutoMester-kiosken.

Ingen nye større ting angåande anlegg i 2023.

#### Baneanlegg

Dei «nye» kunstgrasbanane, som no begynner å bli nokon år, på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein meir oversiktlig og rasjonell måte enn tidligare.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane, som for nokon år sidan, sto fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg er no begyunna å bli i dårligare forfatning. Banen har i 2023 vore hovedarena for mangen, men no er det snart på tide med rehabilitering av banen. Dette gjelder og for banane på Langeland og Ås. Grasbanen på Vikahaugane var stort sett i bra forfatning i sesongen 2023, men mykje p.g.a at ein har vore heldig med været. Nok eit år vart banen prega nokon veker av at det vart arrangert Håndballfestival på graset også i 2023. Senior herre nytta grasbanen som heimearena i 2023. Det er von om at Stord kommune skal rehabilitera grasbanen i 2025.

Styret er no involvert i utarbeiding av planer for bygging av tribunetak. Denne prosessen er ikkje kome så mykje lengre i 2023.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### DOMMARAR

#### Ungdom og voksen fotball

Fotballsesongen 2023 er historie. Aktiviteten var høg, og det viste òg igjen på antall kamper å dømme.

Ved utgangen av 2023 var me 7 aktive autoriserte dommarar i Stord Fotball – ein nedgang frå 10. 1 er slutta pga jobb, 1 reist vekk på skule og 1 meldt overgang til ny klubb.

Rekrutteringsdommarkurs for 2024 sesongen er som før todelt – 1 e-læringsdel som må bestås, før ein dag med fysisk oppmøte.

Fysisk kurs er planlagt på Vikahaugane 3. februar. Pr d.d ser det ut til at Stord Fotball har 3 påmeldte.

Håpet er å få dei og kanskje fleire igjennom, slik at antall igjen er oppe i minimum 10.

Stord-dommarane hadde til saman 240 kamper i ungdom og seniorfotballen gjennom sesongen, noko som må seiast å vera veldig bra. I tillegg hadde me ca 25 treningskamper – dei aller fleste for lag tilhøyrande klubben, men òg andre lag i distriktet.

Dommargruppa har hatt 3 samlingar i 2023, samt me hadde felles kick off møte med alle dommerane i sonen i mars før sesongstart. Fokus der var bl.a. å fortsette å løfte samarbeidet på tvers av klubbane og rekruttering av nye dommarar – samt regelnytt og div info. Det er fortsatt rom for forbetring på samarbeid på tvers av klubber og det bør for 2024 på plass ein person som kan fronte dette samarbeidet. I forbindelse med kick off sprang 6 av dommarane i sonen fysisk test for å kunne dømme i 4. div som assistentdommar og 5.div som hoveddommer.

Det er ved utgangen av 2023 opp i mot 25 autoriserte dommarar tilknytt laga i Sone Sunnhordland (inkl Trio ). Dette er ein nedgong på 5 dommare ift i fjar. Det er pt. bra dekning av dommarar, spesielt i dei yngre årsklassane, men målet bør vera rundt 30 sjølv om me opplever ein liten nedgong på antall lag. Det er òg gledeleg at sonen i 2024 har 2 dommarar i 5.div menn/3.div damer.

Ved vårsamlinga i regi kretsen var 3 av dommerane deltagarar på Thon Hotel Kokstad, mens 3 av dommarane var på haustsamling på Park Hotel Voss. Dette er nytige arenaer for fagleg og sosialt påfyll.

I Sunnhordland er det som sagt ved innngangen til 2024 bra belegg av dommarar. Ein bør imidlertid oppmøde både voksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta rekrutteringsdommar-kurs som vert arrangert kvar vår i sonen vår – neste kurs er som nevnt planlagd 3.februar 2024 på Vikahaugane.

#### Barnefotball

I vårsesongen var det G/J 14 som dømte kampene i barnefotballen – dei fortsatte med sine dommaroppgåver som starta hausten 2022. Dei gjorde ein meget god jobb og tilbakemeldingane er udelt positive.

Før haustsesongen og Puttefestivalen var G/J 13 inne og tok Klubbdommarkurs. Dei har òg gjort ein strålende jobb gjennom hausten, og kjem til å fortsetje vårsesongen 2024. Totalt var ca 35 klubbdommarar i aksjon i 2023.

5 dommarar frå barnefotballen var i august på kurs for å kunne dømma 9'er fotball i 12 årsklassen. Dette er ein god læringsarena for å rekruttera til vidare dømming i ungdomsklassen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### KURS OG UTDANNING

I 2023 vart det arrangert kurs på hausten. Delkurs 1 vart arrangert i august, og delkurs 4 i oktober.

Deltakarar har vore trenrarar frå Stord Fotball og frå naboklubbane, og oppmøte har vore bra.

Stord Fotball har mange lag som no oppfyller trenarkurs-kriteriane til det å vera Kvalitetsklubb.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### AKER SOLUTIONS PUTTEFESTIVAL

STOR STAS å få arrangera Aker Solutions Puttefestival på Vikahaugane i 2023 òg!

Puttefestivalen til Stord Fotball har no vore ein årvis tradisjon i omkring 30 år. Dette er noko klubben og den's medlemmar kan vera stolte av!

Også i 2023 var me godt nøgde med responsen. Nærmore 200 lag var påmeldte. Når det er sagt, ser me at det vert litt færre 7'er og 5'er lag. Mens, antalet på 3'er lag har auka. Totalt sett, var det nok drøyt 1 000 unge fotballspelarar som tok del i festivalen på Vikahaugane denne siste helga i august. I tillegg var mange foreldre, søsken, besteforeldre, tanter, onklar, osv. oppom og såg på. Me er takksame for alle som kom!

Tilbakemeldingane me får frå deltakarane, og gjestene for øvrig, er stort sett positive. Det er kjekt og inspirerande. Så er det kvart år nokre tilbakemeldingar me må vurdere å tilpasse oss til.

I 2023 fekk me eit par utfordringar som skapte litt spenning for oss. Vèrmeldingane bar i byrjinga av veka, bod om ein del regn. Me var difor veldig spente på korleis grasbanen eventuelt ville take det. Heldigvis var vèrgudene relativt gode med oss.

Leverandøren av hopeslotta, valgte å ikkje levere utstyret som avtalt (den dagen me skulle rigge til festivalen), då dei meinte vèrmeldingane var for därlege. Me vart overraska over kor pessimistiske dei kunne vera, då vèrmeldingane då var relativt gode.

Og, me måtte klare oss utan puttetaket som var indisponibelt på grunn av tekniske problem (dette var me informert om på ryddig og godt vis). Nokon av borna me hadde på besøk vart nok litt skuffa. Men, det gjekk tilsynelatande godt.

Puttefestivalen har i alle år vore arrangert med god støtte frå det lokale næringslivet på Stord. Mange har vore med å bidrege. Og mange har vore med over mange år. Dette er med å gjer det mogleg å arrangere ei barnefotball-turnering som dette. Me er sjølv sagt veldig takksame for dette!

Puttefestivalen er også heilt avhengig av mykje dugnadsinnsats. Ein solid og positiv arrangementskomité utgjer ryggraden i dugnadsinnsatsen. Takk til alle dykk som er med her! I tillegg er me heilt avhengige av stor dugnadsinnsats frå foreldre og spelarar i klubben. Om lag 500 dugnadsvakter skal fyllast. Her er me heldige. Foreldre og spelarar veit å stille opp. Takk til dei også!

*Styret og klubben takkar Einar Valland for ei framståande, stødig og særslig god leiing av Puttefestivalen alle åra han har vore med.*



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### ØVRIGE ARRANGEMENT

**Stord Fotball har i 2023 arrangert følgjande:**

3v3 cup, inne, i januar og november.

Fotballskule i vinterferien, ei veke i februar.

Tine Fotballskule, ei veke i juni.

Sommarklubb, 3 veker i juni og juli.

Fotball- og aktivitetsskule, ei og ei halv veke i august.

Puttefestivalen i august.

Fotballskule i haustferien, ei veke.

Fotballskule tre dagar i desember.

Romjulscupen.

Fotballdag, 4 gonger, på planleggingsdagar.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### SENIOR MENN

2023-sesongen vart ein ok sesong for Stord Fotball. Laget enda på ein 6.plass, noko som er den beste tabellplasseringa klubben av levert sidan endringa på divisjonssystemet i 2016.

Laget gjekk vidare til 2.runde av NM. Her vart dessverre FK Haugesund eit «nummer for stor». Stord leia 1-0 til pause, men måtte til slutt gje tapt 3-1 for arabarane. Uansett ei god oppleving for spelarane med om lag 1500 tilskodarar på Stord Stadion.

Etter 2022 sesongen sette laget seg eit hovedmål om å sleppe inn færre mål. Dette vart følgt opp med god margin, då laget gjekk frå 70 baklengs til 46. Ein viktig bidragsytar til dette var keeper Glebs Sopots, som vart henta til sesongstart. Glebs vart også kåra til Årets Spelar av spelargruppa, han klarte også å halda nullen i 9 kamper denne sesongen.

Toppscorar for året vart Roger Ekeland, med 14 fulltreffarar.

Årets mest framgongsrike vart ungjuten Albert Sjo Hystad. Albert spelte seg inn til fast plass på midtbanen, i tøff konkurranse med Andreas Brakedal Eide, Simen Grov og Erlend Grov.

#### Apparat rundt laget:

Robin Øvrevik – Trenar  
Jon Andre Røyrane – Trenar  
Holger Iversen - Keepertrenar  
Jan Aksnes – Materialforvaltar  
Ivar-Andre Vedå - Materialforvaltar



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

### JUNIOR 1

Sesongen 2023 fekk ein litt humpete start for juniorlaget, der det i januar vart klart at det måtte på plass ny hovudtrenar for laget ettersom trenaren ville satse på vidare spel, og dette ikkje lot seg kombinere med trenarrolla på juniornivå.

Samstundes var det lågt oppmøte i gruppa og det bar tydeleg preg av eit stort generasjonsskifte. Tilbodet vart oppretthaldt for 8-10 spelalar som lojalt stilte på trening.

I mars fekk gruppa ny hovudtrenar, Kjell Petter Neset. Det vart òg klart at me hadde tilstrekkeleg med engasjerte spelalar til å satse inn mot eit opplegg i 1.divisjon i Bergen.

Den litt amputerte sesongoppkjøringa skapte stor spenning til gruppa sitt nivå og evne til å hevde seg på øvste nivå. Vårsesongen viste likevel at det unge juniorlaget hevda seg godt mot dei fleste laga i Bergen, og det enda med 2 sigrar, 3 uavgjorte og 4 tap, og til slutt ein 8.plass.

Den store oppturen i vårsesongen kom via å delta i NM for junior. Etter å ha slått ut Bremnes sitt juniorlag i ein 3-2 siger, vart det klart at me skulle møte Viking. Dette er det same laget som overlegen vann Stord A-lag si 3.divisjonspulje i 2023, og det var stor spenning før kampen. Det var ei fin ramme rundt kampen på Stord Stadion og me holdt unna i 50 minuttar, før det slo sprekker. Kampen enda med eit 0-5 tap til slutt, men her viste me at det er mange gode juniorspelalar i Stord Fotball når me får samla kreftene våre.

I haustsesongen vart laget på nytt utfordra i form av fråflytting til skule og militærteneste. Me opplevde då å måtte mønstre eit «nytt juniorlag» til kamp, samstundes som fleire fekk mykje speletid på A-laget, og dermed vart mindre tilgjengelige for juniorkampar. I denne situasjonen starta me med fellestrenunar for Junior 1 og Junior 2, for å ha ei breiare treningsgruppe. Dette gjekk litt utover det sportslege, men fungerte greitt, og det vart ei betre sosial og samla juniorgruppe totalt sett.

I tillegg vart det gode moglegheiter for spelalarar frå gutelaget (16 år) til å bidra på juniorlaget. Me hadde tidvis tøffe kampar med dette utgangspunktet, og enda med 2 sigrar, 6 tap og ein 9. plass i 1.divisjon.

I utgongen av året hadde Stord sitt A-lag 7 spelalarar med junioralder fast i si treningsgruppe. 4 av desse er permanent i A-lagstroppen. Det er gledeleg å sjå at det til tross for nokre utfordringar framleis evnast å få opp yngre spelalarar i Stord. Noko me ser på som viktig for A-laget og for motivasjonen til dei som legg ned meir innsats og ynskjer å nå opp.

**Trenarar 2023:** Kjell Petter Neset, Frode Gravdal Olsen, Kjetil Skulstad

**Lagleiar 2023:** Hege Våmartveit

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### JUNIOR 2

Året 2023 har vore eit godt blanda år for Junior 2.

Året starta positivt då me fekk inn ein godt motivert gjeng frå samarbeidslaget Solid, som bidrog positivt til gruppa både i kamp, trening og generelt ellers.

Vårsesongen starta heilt ok treningsmessig, me fekk inn nokre gode treningskamper mot Trio (11-0) og Fitjar (3-2). Når sesongen starta så gjekk den egentleg som forventa resultatmessig, og me endte opp på ein 8 plass med 3 seierar og 6 tap. Me måtte òg trekka oss frå ein kamp pga mykje sjukdom etter landstreffet for russen.

I løpet av sesongen så merka me at det var nedgong i både trenings- og kampoppmøte. Detta grunna russetid for store delar av troppen. Då bestemte me oss for å slå oss saman med Junior 1, slik at me kunne få ei større treningsgruppe, og då betre treningstilbod.

Når haustsesongen kom så vart det litt aukande interesse blant gutane igjen. Me trente fortsatt saman med Junior 1, og bygde opp et solid samarbeid der, og det var stadig fleire som valgte å stilla på trening igjen. Haustsesongen endte opp med ein 6 plass, med 2 seierar, 1 uavgjort og 4 tap. Nok ein gong som forventa, og me har igjen vist at me er et stabilt 2 divisjons lag med 3 sesongar på rad der me samler ein del poeng.

Etter året 2023 så er det mange spelarar som er for gamle (2004-kullet), og me var lenge usikre på om me kunne stille lag eller ikkje i 2024. No er det endeleg bestemt at me stiller lag, og det er ny optimisme og nytt blod i gruppa som virkar motiverte og gira på å spela fotball.

Me fortset å trena i lag med Junior 1 i 2024, då me synes det har ein positiv effekt på alle.

**Trenarar 2023:** Sander Stokka

**Lagleiar 2023:** Karin Toft



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### DAMER

#### Damelaget

Sesongen 2023 har for damelaget vore ein sesong med ein del skadar/fråvær på sentrale spelarar og fleire yngre, nye spelarar i troppen. Damegruppa bestod av 20 spelarar når me starta opp i januar, men på grunn av skadar så hadde me òg med oss spelarar frå J17 til treningar og kampar.

Før seriestart spela me 6 treningskampar.

Me hadde òg ei trening-/sosialsamling i Stavanger 24-26 mars.

Damelaget spelte i 3. divisjon denne sesongen etter nedrykket frå 2 div. året før.

Med totalt 4 Hordalandslag ned frå 2 div., så visste me at årets 3 div. ville bli ein tøff arena for jentene, og at det ville bli ein sesong å kjempe på nedre halvdel.

Som forventa så vart det tøft, og det enda med nedrykk til 4 div. etter uavgjort i siste kamp, der me ville ha berga plassen med seier.

Totalt spelte me 23 seriekampar (4 siger, 6 uavgjort, 13 tap).

Me har gjennom heile sesongen vore bevisst på at laget og kvar enkelt spelar heile tida skal få utvikling og bli betre dag for dag. Det føler me å ha oppnådd sjølv om prestasjonane naturleg nok har variert ein del.

Me har hatt følgjande spelarar som har bidratt i vår treningsgruppe:

Martine Mellemstrand, Emma Matre, Tuva Skibenes (kun vårsesong), Victoria S. Bjelland Hennis, Lina Klingsheim (kun forsesong), Kristine Lygre, Mathilde Alfarnes Amundsen, Trisha Abrahamsen, Ruth Maria Myklebust, Leah Pawa, Live Kvammen Haukefær, Anna Fosse, Ailin Heidenreich-Ris (kun forsesong), Denice Bratthammer, Veslemøy Helland (kun delvis), Adele Grov Dahlgren, Marthe Eide (kun forsesong), Ingeborg Sørfonn, Heidi S. Halbmayr, Andrea Hallaråker, Selma Notland Bjørkelund, Pia Østrem, Cindy Abrahamsen, Linnea Jonsson.

**Trenar:** Øyvind Mellemstrand (Hovudtrenar), Atle Ersland (trenar), Børre Pedersen (keeper trenar)

**Lagleiar:** Tonje Aamot Haga (vårsesong), Vibeke Notland (haustsesong) og Anders Ekse

**Kasserer:** Anders Ekse

#### Arrangement

Me har arrangert 11 heimekampar i år, kiosk og vakter har vært organisert av Stord Fotball. Det har vært i gjennomsnitt 50 tilskodarar pr. kamp.

Me vil takka alle friviljuge som har stilt opp som mannskap på arrangementa våre som kampvertar, speaker, kiosk organisering etc.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### BARNE- og UNGDOMSFOTBALLEN

2023 er eit nytt år kor me opplever godt driv og utvikling i barnefotballen. Mange born i våre to skulekrinsar (Leirvik og Langeland) ynskjer å spele fotball, og me opplever eit fint engasjement for arbeidet hjå mange. Å sikre gode rammer for borna med gode og trygge vaksne rundt, er eit prioritert arbeid for oss. Ein god oppstart med presentasjon av rammene for trenar- og lagleiarvervet; sportsplan og klubbsamband, tilbod om kurs og jamn rettleiing, er område me ynskjer å byggja vidare på og styrka. Det veit me er førebyggjande. Det å «kopla» laga frå dei ulike skulekrinsane saman er òg ønskjeleg. Erfaringsmessig er verdien av å få til samkøyring tidleg til det beste.

I årets sesong innførte me òg trenar- og lagleiarkontrakter. Dette for å sette gode rammer og klare forventningar mellom trenar/lagleiar og oss som klubb. Dette er i all hovudsak blitt tatt godt imot.

I ungdomsfotballen opplever me framleis eit fråfall i enkelte årstrinn og klassar. Det gir oss utfordringar, som utvalet i større og større grad ser bør løysast innanfor klubbsamarbeidet med Solid og Trott. Det same ser me når det gjeld det å gi dei ivrigaste spelarane våre eit ekstra tilbod. Dette bør òg løysast på tvers av klubbane.

I 2023 har utvalet og arbeidet vidare med AlleMe-prosjektet. Det er no inne i sitt tredje år med rekordpåmelding rundt fotballdagane ved skulestart i august. Me opplever at prosjektet byrjar å finna ein form som er handterleg. Felles seminar for trenarar- og lagleiarar på hausten er eit viktig tiltak. I år med besøk frå Noregs fotballforbund og krets.

Verdt å merka seg er Stord fotball sitt årlege «Kick-off seminar» før sesongstart. Her samlar me alle trenarar og lagleiarar på alle nivå og tek ein oppdatering på sentrale dokument som sportsplan og klubbsamband med meir. I år hadde me med oss Øyvind Larsen som er fagutviklar for spelar- og tenarutvikling i Noregs Fotballforbund. Han snakka om, trening av barn og unge med vekt på motivasjon og læring – for å halde felst mogleg lengst mogleg i fotballen». Seminaret er viktig for å byggja samhald og kultur på tvers.

Samarbeidet inn mot dei andre utvala på herresida og jente- damesida opplever me er godt. Ved fleire høve har ein hatt fellesmøte kor ulike problemstillingar har vore diskutert og handtert. Nokre gongar har òg medlemmer frå styret vore med i møta. Det har vore gode møter, på det viset at me får ringa inn heilskapen og snakka oss fram til løysingar i lag.

Barne- og ungdomsutvalet har gjennom året hatt nokre møter kvar for seg. Det er òg viktig med tanke på å gi merksemd til ulike saker og tematikkar.

I 2023 har det vore jamlege møter før og etter sesongen. Gjennom sesongen vert saker løyst løpande på ulike nivå.

I år har utvalet hatt nokre krevjande saker som tek mykje tid og gir ein del uro. Å læra av slike saker og ha merksemd på god informasjon, klare retningslinjer, og vera aktive og tydelege i forkant, ser me har verdi i det vidare.

#### I utvalet 2023:

Svein Ove Eikenes  
Trond Eirik Samdal Nielsen  
Gøran Odland  
Torill Eide  
Halvor Jordåen



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JENTER 13

I 2023 hadde J2010 sitt første år i ungdomsfotball. Mesteparten av laget besto av J12 modellar, som er veldig modne for så ung alder, og dei klarte seg veldig godt på dette nivået.

Laget har deltatt på Vinterserien, Sparebank cup, Bauge cup og Vidar cup på sommaren.

Jentene har klart seg veldig fint spelemessig, og har hatt bra utvikling. Det var sjeldent synleg at laget var det yngste blant dei andre laga.

I serien har laget starta i 2. div Rogaland og spelt seg inn til 1.div, der jentene i følge motstandarens trenerea og spelarar, hadde det finaste spelet i avdelinga, tross blanda resultater.

Trenarteamet sin filosofi er at resultat i kampane, skal vera resultat av godt utvikling, og ikkje berre rein tilfeldighet, ved å spela kynisk for å oppnå siger.

Nokre av jentene deltok på dommerkurs og dømte kampar på Puttefestivalen.

Samhald i laget og tryggheit på feltet, som trenerane og lagleiarar la opp til, har nok vore avgjerande for så mange fine augneblinkt i livet til desse unge jentene.

Bra oppøte på kvar trening. På dei aller fleste laga var fråfall i fotballen veldig stor, men på dette laget kom det stadig nye jenter til trening. Alle jentene møtte opp smilande og fokusert for å verta betre frå trening til trening, i all slags værforhold i løpet av året.

Me gledar oss til 2024 og enda fleire fine opplevelsar med J2011&2010 på fotballbanen.

**Trenerar:** Norbert Sendela og Bjarte Kannelønning,

**Lagleiar:** Anette Løklingholm.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### GUTAR 13

Stord G2010 starta samarbeidslag med Solid i 2023, og me var totalt 42 spelarar denne sesongen – den største gruppa på Stord.

Samarbeidet mellom laga har gått smertefritt, og over all forventning, både for spelarane, men òg for foreldra/støtteapparatet som òg måtte ha ei omstilling med tanke på nye namn å læra seg, nye plassar å trene og spele kamp på.

Me har hatt stort treningsoppmøte gjennom året, og me var gjennomsnittleg over 30 stk på kvar trening. Me har hatt to treningar i veka, pluss kamp. Me har tolka det gode oppmøte som at gutane har trivst og hatt det kjekt på trening – det er ein ivrig gjeng me har med å gjera, og det er kjekt. Me planla å ha trening fram til midten av desember, men grunna snøfall så avslutta me i slutten av november.

Me har hatt tre lag påmeldt i serien, eit lag i første divisjon i Haugalandsserien – dei kom på 4 plass i nedereste gruppe. To lag vart påmeldt i Sunnhordlandsserien – desse laga i kom på 7 og 8 plass.

Me har vore på Vidar Cup, med 3 stk 9'ar lag. Der vant to av laga B-finalen. Det var ein kjempe kjekktur, med spente guitar, på ein forholdsvis ny cup i Stavanger. Dei overnatta på ein skule som låg rett ved sidan av banane og matserveringa, så her låg alt til rette for ei god oppleveling i ein litt mindre skala enn andre cupar.

Me har òg delteke på Haugesund Sparebank-cup med 1 divisjon laget, samt Rgy-cup med dei to andre laga.

På tampen av 2023 kom det 5 stk frå Moster til laget, då dei ikkje hadde noko tilbod i egen klubb. Desse vert fullverdige medlemmar av klubben i 2024. Me startar òg samarbeid med Trott sitt 2010-lag i 2024 – då vert me godt over 50 spelarar totalt, noko som me ser på som svært spanande.

**Trenrarar:** Gustav Hamre, Frode Hamn, Magne Klingsheim, Anne Guro Korsvoll, Ole Morten Lie (Solid) og Dagfinn Kolbjørnsen(Solid)

**Lagleiar:** Linda Heidenreich-Riis



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JENTER 14

I 2023-sesongen har J2009 vore ei gruppe med 20 jenter frå Leirvik og Langeland. Dei fleste har vore med i fotballen i mange år og kjenner kvarandre godt.

Laget har hatt tre treningar i veka. Fleire av jentene har hospitert opp til J2008 både på trening, og i kamper.

Før sesongen vart 3stk 2009-jenter flytta opp til 2008. Dette førte til at me blei 20 istedenfor 23 stk, og da forsvant muligheten for å melde på 2 lag, som var den opprinnelige planen. Me utfordrar klubben til å halde jentene i aldersklassen dei holder til eit par år til, og heller ha veldig gode hospiteringsmuligheter.

I serien prøvde me å få eit lag i 1.div Rogaland. Det fekk me ikkje, så me spelte i ein lokal Sunnhordland-serie i vårsesongen med veldig stort nivåforskjell.

Hausten rykka me opp til ei spissa 2.div pulje i Hordaland. Der slo me godt ifra oss, men endte på ein 6.plass til slutt. Ein god opplevelse å møte jamn motstand.

Sommarturnering vart lagt til Dana cup. Resultatene gjekk ikke heilt vår veg, men dette var ei fin opplevelse for heile gruppa.

Ellers i sesongen har me deltatt på Lerøy-cup i Bergen på vårsesongen.

**Trenarar:** Rune Tverborgvik, Asle Skulstad og Espen Lone.

**Lagleiarar:** Torunn Meland Madtsen og Kristine Mikkelsen Sæther.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### GUTAR 14

G14 stilte med to lag i 2023 sesongen, 1 lag i første divisjon og 1 lag i 2 (3)divisjon.

Laget fekk med Leif Didrik «Dikki» Steehnson i trenargruppa i 2023.

Spelargruppa bestod av 32 spelarar ved sesongstart.

Me deltok i Vintercupen, der 1'laget vant A-sluttspelen, 2'laget vant B-sluttspelen i cupen. Ei fin og god oppkjøring til sesongstart.

Første del av sesongen hamna 1 div. laget på 2 plass i tabellen.

2 div. laget hadde ein tung sesong med ein god del tap. Fleire lag med som kanskje burde vore i 1.div gjorde det tøft for oss.

Me har hatt noko rullering mellom laga, der fleire frå 2. div fekk prøvd seg med 1. div laget.

Me deltok i Adidas-cup og vart slått ut i 16-dels finalen etter eit surt tap på Åmot. Men ein lærerik og god erfaring for gutane, og me ser at laget absolutt kan hevde seg mot dei beste 14 års laga i Noreg.

Me reiste òg på Dana Cup med 30 spelarar, der me stilte 2 lag. Ein knall kjekk tur, med mykje god fotball og mestring.

1 div. Laget deltok i Olaussen-Eliteturnering der me vant vår klasse. Dette er andre året på rad, og ein knallsterk prestasjon av gutane. Fokuserte, tolmodige og eit samla lag der alle bidrar til seier.

Siste del av sesongen presterte begge lag veldig godt. Me flytta 2 div. laget ned til 3 div, noko som førte til meir mestring, meir mål og motivasjon, og me hamna til slutt på ein fin 2. plass med dette laget. Veldig kjekt.

1 div. laget vart kretsmeister, og me vant overlegen mot Madla i KM-finalen. Ein skikkelig digg avslutning på ein flott sesong.

**Trenarar:** Leif Didrik «Dikki» Steehnson, Kjetil Lindeflatten, Olav Sævareid, Remy Smolka, Jesper Spissøy

**Lagleiar/støtteapparat:** Linda Laukhamar, Ida Håvardsholm, Andreas Kismul



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JENTER 15

I 2023 har J-15 laget bestått av ei gruppe på 15 treningsivrigje og kjekke jenter som trives godt ilag og likar seg godt på fotballbanen.

Litt utskifting i gruppa dette året, der tre spelarar vart flytta over til damelaget, og tre nye kom til. Laget fekk to nye spelarar frå Moster IL, samt ei som vart flytta over frå J-14 laget.

Ei spelegruppe på 15 spelarar er litt i knappaste laget, og det vart behov for ein del lån av spelarar for å kunne stille til våre oppsette kampar. Ein litt utfordrande sesong sånn sett.

Jentene har hatt fire treningar per veke, og har spelt i Hordalandsserien.

Den store cupen for J-15 vart i 2023 Dana Cup. Der stilte me med eit lag på 18 supermotiverte og positive jenter, som jobba seg igjennom kamp etter kamp, med seier etter seier! Det var utruleg kjekt å følgje jentene i denne cupen og å sjå innsatsen dei la ned, og resultatet det gav. Første tapet i cupen kom i finalen, og jentene vann sølv!

**Trenarar:** Sigve Hellesfjord og Ørjan Økland Stokka.

**Lagleiar:** Tove Oldereide Bjørk.

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### GUTAR 15/16

Stord G2008/G2007 slo seg sammen til en treningsgruppe før sesongen 2023.

Dette er ein alder kor det normalt sett forekommer ein god del svingningar i spelegruppa, med spelarar som sluttar(men òg begynner), og grunna noko fråflytting etter sommaren i forbindelse med skule etc.

Ved inngangen til året besto total spelargruppe på rundt 36-37 spillere, med overvekt frå G15 (ca 63%). Etter endt sesong var total spelargruppe nede i ca 25 spelarar, fordelt stort sett likt mellom 07/08 årgangen.

Vårsesongen 2023 stilte gruppa med tre lag - Stord G15 i Rogaland Div 3, Stord G16-1 i Hordaland Div 2, Stord G16-2 i Hordaland Div 3.

Stord G15 endte på andre plass, mens dei to G16 lagene endte midt på treet i sine divisjonar - alle kampar var stort sett jamnspelte.

I vårsesongen var fokuset å få spelargruppa samla, skapa nye relasjonar og tilrettelegge for mykje spelbasert trening.

Gruppa supplerte òg Junior 1/2 med hospitantar i kampar/trening.

Sommercuperen var me på Dana Cup, med to påmeldte lag. Sportsleg sett gjkk det helt OK, men fekk bryna oss på gode motstandarar, men kampane var jamne. Sosialt vart turen ein innertier og bidrog godt til å samle gruppa meir.

Eit større fråfall av spelarar var signalisert i forkant av sommaren, og i haustsesongen så var guttene redusert til ca 25 spelarar +/-.

G15 laget vart dermed trekt, og haustsesongen vart fullført med to G16 lag i Hordaland divisjonen. Begge lagene med en god blanding av 08/07. G16-1 i 2.divisjon, ei veldig jamn gruppe kor kun målforskjell skilte tre lag på andre plass, deriblant Stord, 4 poeng bak puljevinner. For G16-2 i tredjedivisjon vart det mykje det samme, ein 5 plass, med mange kampar som vippa, og mykje fysisk bataljer.

Alt i alt ein sesong med både gode og tunge opplevelsar, der samhaldet i gruppa steig betrakteleg utover hausten. G2007 tok godt imot G2008 generasjonen, og stiene vil nok kryssast fleire gonger fremover.

For 2008 gutane var det ein sesong med mykje lærings i det å spele mot eit år eldre gutar ein heil sesong.

**Hovedtrenar:** Thomas Steensohn

**Assistenttrenere:** Roger Møgster, Kjell Robert Stokka, Kristian Matre, Nils Olav Svarstad, Frode Havn.

**Lagleiarar:** Maren Lien og Kathrin Klingsheim



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JENTER 17

Annus Mirabilis vs Annus horribilis

I vårsesongen hadde me to lag, og det vart eit logistikk-race, då begge laga stod oppført samtidig.

Litt for høg fråværsprosent gjorde sitt for at utfordringane gjorde seg gjeldande.

Sportsleg hang me bra med både Halsnøy og Avaldsnes, i enkeltkamper, men me avslutta med karakter G/M.

Reiste til Dana-cup som J17 og J19. Vekslande resultat med vekslande vær. Avslutta i solskinn med B-finale og knepent straffetap for J-17-gjengen, dessverre.

I første del av sesongen hadde vi med oss Per Christian Rognlie og Lars Petter Vatna. Dei vart «skifta ut» i haustsesongen med Håvard Framnes og Geir Østrem, på «free transfer» fra Trott.

Bosman-trenere uten kontrakt heile 2023 sesongen var Jonas Jonsson og Trygve Tollaksen.

Unionsoppløsninga var overdrevet! Game. Set. Match.

Jentene leverte så det song, i garderoben. Litt kleint for motstandarane, men ein fabelaktig haustsesong; 9 seire, 0 uavgjort og 0 tap, 37-5 i målforskjell.

På tampen får me eit forsmedeleg tap i semifinalen i Rogalandscupen for Rennesøy. 2-14-målsjansar, 1-0-tap sekunder før full tid.

**Trenrarar:** Jonas Jonsson og Trygve Tollaksen

**Lagleiarar:** Per Christian Rognlie og Lars Petter Vatna (vårsesong) – Håvard Framnes og Geir Østrem (haustsesong)

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette, trenarar, lagleiarar som brukar fritida si på å gje born og unge eit godt tilbod i klubben, og til slutt takk til alle sponsorar og støttespelarar som har vore med å bidratt i 2023.

Me kan snart byrje å sjå fram til ein spanande fotballsесong, for alle laga i løpet av 2024.

**Stord 23.02.2024**

Nina Sleen  
Styreleiar

Aud M. Litlabø  
Styremedlem

Mika Visti  
Styremedlem

Kjetil Skulstad  
Nestleiar

Jarand Helland  
Styremedlem

Linda Heidenreich-Riis  
Styremedlem

William Rafdal  
Varamedlem



# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 10 - ÅRSREKNESKAP

### Årsregnskap 2023

### Stord Idrettslag

**Resultatregnskap**  
**Balanse**  
**Noter**

Penneo Dokumentnøkkel: EYME-QHB24-FEOP5-5L26t-N2QfH-754jZ

Org.nr.: 976 886 429

Idrettsglede heile livet

**123**

# SIL ÅRSRAPPORT 2023

## SAK 10 - ÅRSREKNESKAP



### RESULTATREGNSKAP

#### STORD IDRETTSLAG

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2023	2022
Salgsinntekt		6 697 034	5 119 945
Annen driftsinntekt		9 937 132	8 350 358
